


KVITBOK OM NORSK ORDBOK



ORDBOK OVER DET NORSKE FOLKEMÅLET
OG DET NYNORSKE SKRIFTMÅLET

Skriftstyrar:
Dagfinn Worren (red. i NO)

i samarbeid med NO-redaksjonen elles:

Olaf Almenningen (red.)
Anne Engø (fagkonsulent)
Oddrun Grønvik (red.)
Arnbjørg Hageberg (red.)
Gudmund Harildstad (sekretær)
Laurits Killingbergtrø (red.)
Magne Myhren (red.)
Sigurd Nordlie (red.)
Terje Svardal (vit.ass.)
Lars S. Vikør (hovudred.)

Utgjevar:
Norsk Ordbok
Seksjon for leksikografi og
målføregransking
Institutt for nordistikk og
litteraturvitskap
Boks 1001 Blindern
N-0315 Oslo

Oslo 2000

Innhald

	Side
Innleiing	
Dokumenta om Norsk Ordbok.....	5
Dokumentasjonen i Norsk Ordbok	7
Nykeltal.....	9
Det fyrste faglege opplegget	
Frå Sigmund Skard: <i>Norsk Ordbok. Historie – plan – arbeidsskipnad</i>	11
NO i utgreiingar og offentlege dokument	
Alf Hellevik: <i>Norsk Ordbok (Nynorsk Ordboksverk)</i> [14.1.1963]	25
Alf Hellevik: Notat om norsk leksikografi og anna innsamlings- og granskingsarbeid som gjeld norsk mål (målføre og skriftmål) [14.5.1964]	27
Frå St. meld. nr. 15 1968-69 <i>Om språksaka</i> : Norsk leksikografisk institutt. Skiping og arbeidsoppgåver	31
Frå Innst. S. nr. 189 – 1969-70 <i>Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om språksaken</i> : Norsk leksikografisk institutt	37
Frå <i>Stortingstidende</i> for 19.5.1970: Utdrag frå statsråd Bondeviks innleiing i debatten om språksaka	38
NO slik redaktørane har presentert henne i artiklar	
Mattias Tveitane: <i>Språkbruk, ord og ordbøker*</i>	39
Alf Hellevik: Meir om språkbruk og ordbøker	47
Arnbjørg Hageberg: Norsk Ordbok – i 1950 eit nybrottsverk, i 1991 ein anakronisme?	53
*Artikkelen til Tveitane høyrer eigenleg heime i neste bolken, men han er utgangspunkt for artikkelen til Hellevik.	
NO i nyare meldingar i fagtidsskrift	
Henning Bergenholtz: [Melding av band 3 i Norsk Lingvistisk Tidsskrift]	63
Maj Reinhammar: [Melding av band 3 og <i>Brukarrettleiing</i> i Svenska landsmål].....	75
Jarle Bondevik: [Melding av band 3 i Maal og Minne]	81
Karen Margrethe Pedersen: Norsk Ordbok. En anmeldelse [i Danske Folkemål].....	91
Eit framtidsperspektiv på NO	
Lars S. Vikør: Fleirgenerasjonsordbøker og tida	103
Vedlegg	
Avtale mellom Det Norske Samlaget og Universitetet i Oslo om Norsk Ordbok med samlingar [frå 1981]	115
Frå <i>Innst.S.</i> nr. 132 – 1984-85 om kulturpolitikk for 1980-åra og nye oppgåver i kulturpolitikken: Norsk språk	117
Samarbeidsavtale [frå 1987].....	119
Søknad om ekstraløyving med tanke på snøggare fullføring av Norsk Ordbok [25.6.1999].....	121
Prosjektet for påskunding av Norsk Ordbok. Budsjettframlegg for 2001 [31.1.2000].....	125
Bibliografi over artiklar om Norsk Ordbok [mars 2000]	129
Dokumentliste - Norsk Ordbok [30.3.2000]	133

(ReintonFFH II,105); hertil *grabekarskinn*. -bekre m [A² u *grad*] dss frg (A²; NOdalM,Ndm).

grabl n grus (EikenR); jfr *gravl*. I **grabla** v -a [smh med *grabba* og *gravla*] *grabba* (BrgLa.St.).

II **grabla** v sjå *gravla*.

gra-bokke m [til *gra*] vill person, vette som går ute etter gjentene julenatta (jfr *bokke* 2) (SeljeM). -**bol** m [L *gra-bul* trul. mispr for *bol*; til II *bol*] *grastut* (AvaldsnesL,ShIV). -**bukk** m [Snm1762,W,C,A¹ *gra*-A² *grad*-.] 1) *bukk*: *grabukkadn* *byt slagfast fere Larsøk* (Ød.Va-folk 124) / i sml: (han) *flyg som ein annan grabukk* (Førs.GVÅ 7). 2) *sviv.*, *gra* (2) *mann* (NorrdalM, Ndm,Trl; GulaT 1985; I.LindHT 35): (han) *lagar ein utgarnal grabukk av ein agent* (GulaT 1985). Hertil *grabukk-brund*, -*horn*, -*kjøtt*. -**bul** m sjå -*bol*.

I **grad** m [R3; smh med irsk *grádh* 'kjærleik'? T; MM 1914,93f]. 1) godt tilhøve, semje (SeljordR3): *dei stend ikkje i grad med einannan*. 2) i samb *vera i grader hjå* stå høgt hjå (SkjoldM); jfr *ugrad*.

II **grad** m, f [målf òg *grat* (Sunndal); skr og målf òg ub sg m *grader* (serl i tyd 5) (Ringebu, Leksvik,Salangen); skr og målf ofte ub pl *grader* (òg til ub sg m *grad(er)*); målf òg ub pl *grad* (Øksendal,Sunndal), *grat* (Sunndal); bf pl òg *graderan* (Gbr sumst,Leksvik); sg *grader* opph pl-form, men sg ett ord som *liter*, *meter*; målf òg f (Va,Nissedal,Stav,Meland); frå lat *gradus* 'steg, stode'.] 1) mon, nivå; steg på ein tenkt skala; steg i vokster el minking i ei utvikling o l: *uppstilling av 7 steg eller gradar på ein rett livsveg .. var .. vanleg i fleire mysterielag* (Mort.N 112) / *ein grad av mannevit* (Fedrah 1878) / *det er graden af denne saltstyrke, .. som er den poetiske rangklasse* (Vi.SkrS II,388) / *det er godt, at der er grader eller trappestig frametter med våre målmenn* (Vi.SkrS III, 247) / *alderstilleg fyrste grad, 80 kr* (Fedrah 1878) / *avhøyr av tredje grad* (politi) *avhøyr* under tortur // i meir el mindre faste samb etter i og til (oftast med adj), såleis i *den grad, i auka el aukande grad, i høg, høg(a)re el høg(a)ste, i nemnande grad, i same grad, i sterk el sterkare grad, i stor el større grad, i liten el mindre grad* o l: *det er i den grad under all kritik* det er så avgjort, så utan vilkår (Dølen 1869,1,3,1) / *marknadstilhøva har i aukande grad vorte trekt fram i lysen* (GulaT 1981) / *Amerika er ikkje i same grad som den vestlege opinionen .. viljug til å .. fordøma bollen* (GulaT 1981) / *allmenn-språket vårt tek i stor grad opp nye ord frå fagspråka* (GulaT 1980) / i el til *ein viss grad* *han det seiest til dels / til dei grader svært*, overlæg, overlæg: *framgangsmåten er så til dei grader sett på spissen*. 2) rang, steg i embete el status: *akademisk el militær grad / det var usemja um kor mange grader embetet skulde ha* (SS 1928,4) // *doktorgrad: mannen er «doktor», tok si grad ifjor* (Dølen 1869, 27,4,2) // i vend *gå gradane* *avansera* steg for steg (i eit yrke o l) // i vend *stiga i gradane* *verta framflytt til ei høgare stilling, ein høgare grad; avansera: so vil han stiga upiggenom dei militære grader* (Dølen 1869, 16,4,1). 3) gramm, kvar av adj- el adv-formene

positiv, komparativ og superlativ (Hæ.Gr1879 § 50-51; He.NG § 301): *graden av eit adjektiv; jfr grad-bøyging*. 4) mat., (om likning) plass, nivå i systemet fastsett etter den høgste eksponenten til dei ukjende: *ei likning av fyrste (andre, tredje osfr) grad*. 5) eining nytta ved mæling el inndeling (symbol). a) mat., geom, 1/90 av ein rett vinkel el 1/360 del av ein sirkel: *kvar sirkel (ring) vert avdeilt i 360 like store luter, som dei kallar grader* (Hæ.L 5); jfr *nygrad*. b) astron., geogr, eining som ein deler inn meridianar og parallellsirklar med, og som utgjør 1/360 el 1/400 del av jordomkrinsen: *geografisk breidd blir målt i gradar* (A.Gjelsv.MG 16; jfr A. II,241) / *knappt ein grad frå staden fann han ei stjerna* (EinbuSt 57) / *kor mange grader og minuttar er soli over horisonten?* (StavangPMG 94) / òg i sms som *breidde*, *lengdegrad*. c) fys., eining for temperatur (avmerkt på termometer): *vann kokar ved 100 grader Celsius (100° C), som svarar til 80 grader Reaumur (80° R) og 212 grader Fahrenheit (212° F) / eg veit ikkje kor mange «grade» ðæ æ* (Snm A.BD I,269) / *da kan ein tene ein par graders varme* (ENØK 1981); òg i sms som *kulde*, *varme*, *minus*, *plussgrad*. Hertil *grad-setjing*, -*skala*.

III **grad** m sjå *grat*.

grad-i sms til II *grad*; jfr *grade*-og *grads*.

I **grada** v -a [R; målf *gråd*(d)å; kanskje til gno *hroða* 'skunda på' med pref *ge*,T] (om born som leikar o l) *rota, kasta om einannan; tumla, kravla, ståka, rulla* (Trl sumst): *ligg ikkje å grada med det rota* med det (R) / *grada ned i senga* (R) / *grada opp i fanget* (SnåsaM) / *no kjenner du som dei graddå*' i *æg* (Up.G 107 merkn 'gramsar').

II **grada** v -a [avl. av II *grad*] mæla i gradar; *gradera* (S.N).

III **grada** v sjå *grata*.

gradasjon m [frå lat *gradatio*; jfr *gradera*] litt., fag. 1) det å *gradera* (1a). 2) stigning el fall i ei stegrekke; stigande el fallande skala; auke el minking i styrke og kraft. 3) kjem., det å finna styrken på ein oppløysning.

grad-avdelingskart n gradteigskart (NoSold 207; J.LidMG 75; D.Dan.SJ 136). -**boge** m fag., bogeforma mæleinstrument med gradinndeling; transportør (Holms.StrømNF 84; HavigLF I,18). -**bøya** v gramm, målv, (om adj og adv) *bøya* i grad (II,3), komparera: *gradbøya adjektivet «stor» i «stor, større, størst»*. -**bøy**(gn)ing f det å *gradbøya: dette formskifte med eigenskapsordet kalla me gradbøyging (komparation)* (Hæ.Gr1879 § 46).

I **gradd** m [til *gra*; jfr isl *graddi* 'graokse'] *grahest*; usedeleg mannfolk (OppdalM).

II **gradd** n fjellrype (JostedalM sj).

III **gradd** n (i stadn, men trul. òg appellativ med tyd) fjord el sund med sterk straum (SkjerstadM).

gradde f [jfr sv målf *grädda* v 'baka, steikja']. 1) potetkake (tjukkare og mindre utkjevla enn lumpe) (RollagM,TinnOrdb), i sml: *tjukt som ei gradde*. 2) a) stor vid steinhelle (TinnOrdb). b) flate i lendet (TinnOrdb). 3) skjemt., (nytta som skjellsord om) kvinne (TinnOrdb).

Eg siter her innmurad i ei Mukka
paa 50 000 Ord, og endaa er eg
alltid uppraadd fyre Ord.
naar det nøyder paa.

Ivar Aasen. Brev og Dagbøker II,73

Innleiing

Dokumenta om Norsk Ordbok

Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet* dreg i kapittel 8.3.6. fram *Norsk Ordbok* som eitt av fire nasjonale oppslagsverk, der målet er at dei skal vera avslutta til tohundreårsmarkeringa av Grunnlová i 2014. Då Kulturdepartementet sette seg dette målet, kjende departementet til at det kravdest ein dramatisk auke i ressursane til prosjektet. Dette var det greidd ut om i ein eigen søknad frå Norsk Ordbok (heretter òg NO) om ekstraløyving for å førebu ei opptrapping av arbeidet i ordboka (dagsett 25.6.99). Redaksjonen er glad for at departementet på denne måten syner at det har tru på tiltaket og vil stø det vidare.

Sidan 1972 har NO vore del av institutt på Universitetet i Oslo. NO er organisert under Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved Det historisk-filosofiske fakultetet. Ei opptrapping av verksemda må difor skje i samarbeid med dei ordinære styringsorgana ved Universitetet. I denne stoda ser redaksjonen det som eit særleg ansvar å leggja fram alle relevante opplysningar, slik at fullføringa av NO under nye vilkår skal verta minst like vellukka og halda minst same faglege nivå som utgjevingane dei siste tiåra.

Den 31. mai 1996 skipa redaksjonen til eit seminar som kasta lys over NO i høve til europeisk språkkultur og leksikografisk praksis, vår eigen språkkultur og i høve til brukarane. Dessutan var innpassinga av språkteknologien i arbeidet eit viktig emne. *Norsk Ordbok – nynorskens leksikografiske kanon?* (1997) er den kritiske tittelen på seminarrapporten.

Redaksjonen held no fram dette formidlingsarbeidet i *Kvitbok om Norsk Ordbok* (*Nynorskordboka* definerer *kvitbok* slik: «etter fargen på omslaget: samling av dokument (som ei regjering gjev ut) med opplysningar om ei aktuell sak»). Dei viktigaste dokumenta om NO er samla her og skipa i seks bolkar attåt denne innleiinga (1):

- (2) Det fyrste faglege opplegget
- (3) NO i utgreiingar og offentlege dokument
- (4) NO slik redaktørane har presentert henne i artiklar
- (5) NO i nyare meldingar i fagtidsskrift
- (6) Eit framtidsperspektiv på NO
- (7) Vedlegg

Her nemner vi særskilt at andre bolken inneheld den fyrste heilskaplege planen for NO attgjeven etter siste delen av skriftet *Norsk Ordbok. Historie – plan – arbeidsskipnad* av Sigmund Skard frå 1932. Tekstutsnittet tek til rett etter opplysninga om at Det norske Samlaget i 1929 søkte Stortinget om ei årsløyving i åtte år til å setja i gang med arbeidet med «ei Norsk Ordbok med tydingar på norsk». Stortinget gav løyvinga, og arbeidet vart sett i gang i 1930, styrt av Det norske Samlaget.

Tredje bolken har utdrag frå dei dokumenta som viser den offentlege interessa for ordboksarbeid i 1960- og 70-åra. Her er det understreka at ordboksarbeid som i NO er grunnforskning som må byggja på permanent ordsamling og den forskinga og undervisninga som knyter seg til slik verksemd. Den offentlege støtta til vitskapleg ordboksarbeid vart igjen stadfest då Kyrkje- og undervisningskomiteen i Innst. S. nr 13 – 1984-85 minte om «at dersom store ordboksverk, som vil stille Norge på høyde med nabolandene og som skal være de viktigste bærerne av den norske språkarven, skal kunne komme ut i overskuelig framtid, trengs det økte resurser også til Leksikografisk institutt.» Kulturdepartementet har sidan 1987 fylgt opp denne oppmodinga med å gje ei årleg ekstraløyving til NO, ei løyving som i år 2000 er på 1 667 000 kr.

Føremålet med å samla denne informasjonen om NO, er å visa at den språkvitskaplege og den kulturelle heilskapsforståinga som har bore fram tiltaket så langt, er viktig. Redaksjonen vonar at den sjølvforståinga av NO som fjerde bolken syner, vekkjer tillit hjå dei som kjem til NO frå andre innfallsvinklar. I femte bolken lèt vi andre fagfolk med til dels same faglege ståstad setja søkjelyset på den faglege kvaliteten og nivået i NO. Fleirgenerasjonstiltak som NO vil sjølvsgagt i ein viss mon endra, utvikla og tilpassa seg si eiga tid. På den måten greier ordboka å vera historisk, tidlaus og aktuell på éin gong. Dette er problemstillinga i sjette bolken. I sjuande bolken er det m.a. samla dei avtalane som finst om NO.

Redaksjonen for NO ber om at Seminarrapporten frå 1996 og denne kvitboka blir rekna som sentrale grunnlagsdokument for dei avgjerdene som skal takast om fullføringa av NO. Om fullføringa kan halda fram på dette grunnlaget, kjem Norsk Ordbok til å verta det største vitskaplege verket over norsk språk som er laga i Noreg nokon gong. NO merkjer seg ut både i skandinavisk og europeisk samanheng ved å vera mest åleine om å handsama skriftmål og talemål under eitt, som to sider av same sak. Sett i eit internasjonalt perspektiv er det dette som gjer NO til eit førebilete for leksikografisk grunnforskning og målreising i unge skriftkulturar. Redaksjonen vil gjera sitt til å fullføra dette særmerkte verket i 2014 om det elles finst menneskelege og økonomiske ressursar til det. Det må likevel seiast at det er eit vågsamt prosjekt, for tidsramma er uvanleg stutt, jamført med tilsvarande ordboksprosjekt.

Dokumentasjonen i Norsk Ordbok

I ei tid med aukande internasjonisering og stadig sterkare utanlandsk påverknad på norsk språk og kultur trengst det meir enn nokon gong ein omfattande dokumentasjon over norsk mål i alle sine variantar og bruksmåtar. Vår særmerkte språksituasjon med to offisielle målformer og ei sterk stilling for dialektane krev også det.

Norsk Ordbok fyller ein mykje vidare funksjon enn berre å vera ei vitskapleg ordbok over den nynorske skriftkulturen åleine: Verket er vel så mykje ein omfattande presentasjon av norsk måltilfang frå heile landet både i fortid og notid. Sidan mykje av det norske ordtilfanget er sams for nynorsk og bokmål og ettersom *Norsk riksmålsordbok* i hovudsaka berre dekkjer den litterære bokmålsdelen, treng heile den norske språkkulturen ei grundig vitskapleg framstilling av ordrikdommen i dialektane våre. *Norsk Ordbok* tek sikte på å dekkja dette språklege og kulturelle behovet og byggjer difor arbeidet sitt på gode kjelder frå bygd og by over heile landet. Mykje av tilfanget er sendt inn av ulønte og frivillige medarbeidarar (ca. 1030 stk.). I dag har mykje godt dei lokale ordsamlingane erstatta det gamle medarbeidarnettet. Dei største ordsamlingane kjem såleis frå Lista i Vest-Agder (1995) og Nøtterøy i Vestfold (1981). Den sistnemnde inneheld åleine så mykje som 20 000 ord.

Eit skjematisk oversyn over innhaldet i *Norsk Ordbok* kan delast inn i ei rekkje hovudpunkt. NO har grundige opplysningar om norsk språk når det gjeld:

- norske dialektord og -uttrykk frå heile landet, frå Halden til Kirkenes, med nøyaktige og geografiske heimfestingar, tydingsnyansar og ein fyldig omtale av uttale og bøyning
- nynorsk skjønnlitteratur - prosa, poesi, drama, essay, sakprosa - frå Ivar Aasen til Frode Grytten
- svært mange litteraturreserpt på dialekt frå heile landet, m.a. frå verk av Alf Prøysen, Ivar Kleiven (Gudbrandsdalen) og Johannes Skar (Setesdal)
- nynorske tekster både frå eldre og yngre aviser, blad og tidsskrift (m.a. Dølen, Fedraheimen, Den 17de Mai, Syn og Segn og Dag og Tid)
- utanlandske klassikartekster i nynorsk omsetjing, m.a. Homer, Shakespeare, Dante, Goethe og Tolstoj, attåt norrøne tekster, t.d. islandske ættesoger, kongesogene og Kongsspegelen
- dei religiøse grunnskriftene på nynorsk, m.a. Bibelen (i eldre og nyare omsetjingar), salmedikting (m.a. Blix, Hovden og Støylen) og truslære
- norske ordsamlingar og tekster frå dansketida
- dei store nasjonale ordbøkene til Ivar Aasen (1850 og 1873), Hans Ross (1895) og Steinar Schjøtt (1909 og 1914)
- lokalhistoriske skrifter, folkloristisk litteratur og tradisjonsstoff frå heile landet (NFL-serien); årbøker frå mange bygder og landsdelar; den norske folkeviseskatten (i ymse originaloppskrifter), gåter, segner og ordtøke
- folkelege namn og landsomfattande nemningsbruk for fuglar, dyr og planter, sjukdommar, måltid og matretter, høgtider og minnedagar, ymse seder og skikkar og tru og overtru
- allment fagspråk innanfor jordbruk, skogbruk, fiske (NLO) og ymse handverk; teknisk fagmål (NTO), nemningar for hus, båtar osv., (ny)norsk vitskapleg terminologi innanfor mange fagfelt, t.d. jus, psykologi, filosofi, botanikk, zoologi ofl.

3. april 2000

Redaksjonen i Norsk Ordbok

grad-deling f [til *II grad*] fag., oppdeling i gradar. **-delt** adj fag., (opp)delt i gradar: *ein graddeilt sirkel* (HavigLF II,10).

grade- i sms [til *II grad*] sjå *grad-* og *grads-*.

grade-ball m [målf *gråddå-*, til *I grada*] (trul.) ein som har det med å grada (I), bråkmakar (SkatvalM). **-bjørn** m dss frg (SkatvalM). **-meis** f [målf *gråddå-*; til *I grada*] unge som gradar (SnåsaM).

grader n gradestokk (Hans Berg: Prøv å nikk 105).

gradera v -te [mlat, til *II grad*]. 1) a) dela inn i gradar el med gradstrek; ofte adj fp: *graderte flasker og litermål / tavler .. syner .. vindstyrken gradert frå stiv kuling til orkan* (GulaT 1984). b) setja inn i ei viss rekkjefylgje; rangera: *alle krava .. (er) så viktige at dei knapt let seg gradere* (Trøndermål 74). c) i judo, refl *gradera seg til* (eit høgare belte) få, oppnå: *to frå klubben graderte seg til grønt belte* (Møre 1983). 2) avmåta i grad(ar), etter ein viss grad; tilpassa; ofte adj fp: *gradert pensum* (UlateigDKM 103) / *graderie lønstillegg* tillegg som aukar i samsvar med løna / *drifts-tillegget er gradert* (GulaT 1981). 3) kjem. a) konsentrera ein saltløysning med å lata væske eima bort. b) finna styrkegraden i ein løysning (NLO). 4) halda (serl polit el mil. dokument, opplysning o l) utanfor ålment innsyn og fastsetja vernegrad (jfr *konfidensiell, hemmeleg*): *avtaleteksten vart gradert som hemmeleg dokument* (O. RisteL I,69).

grader-hus n [*grade'r-*; til *gradera*] hus der ein vinn ut salt med borteiming under høg varme (NTO).

gradering f det å gradera (i y tyd); inndeling, gradasjon: *det er gradering på begge sidene av fjøla* (ArbSkog V,172) / *karakter-nemningar .. må gjeva uttrykk for ei finare gradering* (NoSkul 1937).

grader-stokk m sjå *gradestokk*.

grader-verk n [*grade'r-*] graderhus.

grade-staur m [*gråddå-*] gradeball? (SkatvalM).

grad(e)-stokk m [S.N; målf òg *grada-*, *grader-*]. 1) stavforma gradert mæleinstrument (NoAllk X, 604), såleis a) termometer: *gradastokken .. syntte 24° i skuggen* (KrohnFerd 29). b) sj, instrument til å mæla alkoholinnhald med: *me måtte liksom med gradestokken prøva brennevins-styrken* (Vi. SkrU V,89). 2) bil., mælestav, norm, rettesnor (Vi.SkrU V,89): *på den poetiske gradestokken er der fleire grader frå Bjørnson up til dei største poeter* (Dølen 1866,30,4,3).

grad-form f gramm, gradbøyd form av adj el adv; grad (II,3) (Hæ.Gr 1879 § 46-49).

gradient m [-ent'; frå lat *gradiens*, np av *gradi* 'gå']. 1) fag. a) (grad (II,1) av) skråning, halling el stigning (t d på veg). b) bogen el skrå overflate (NLO). 2) fys., meteor. a) endring i variabel storleik, t d i temperatur el trykk, for ei viss avstandseining (SS 1931,166). b) kurve som framstiller slik endring grafisk (NLO).

grading f [til *II grada*] gradinndeling (S.N).

grad-inndeling f. 1) det å dela inn (t d sirkelboge, vinkel o l) i gradar (NTO; NordangerJM

I, 47). 2) skala (t d på termometer) med merke for dei einskilde gradane (NTO). **-minutt** m, n bogeminutt (Ra.F u *minute*). **-mælar** el **-målar** m reiskap til å mæla noko i gradar med; (øg:) gradskive; jfr *-visar*. **-mæling** el **-måling** f fys., geogr, det å mæla i gradar (jfr *II grad 5*); (serl:) det å mæla breidde- og lengdesirklar i meter og gradmål (NTO; J.LidMG 59; Fedrah 1878); hertil *gradmælings-ekspedisjon*. **-mål** n. 1) mål, utrekning i gradar (HaffnerLM 2; J.LidMG 29). 2) temperaturmål (SeljeM). **-nett** n linenett som har skala med gradar som eining, t d nett av breidde- og lengdesirklar på eit kart (HånesNav 69 og 156; A.Gjelsv.MG 60): *gradnettet på karta — meridianar og parallelar — syner det geografiske lægjet* (NynVek 1936).

gradom m graskap (SparbuM): *folk vert berre gradomen*.

grads- i sms til *II grad*, jfr òg *grad(e)-*.

grads-adverb n gramm, adverb som står til adjektiv el anna adverb og ordlegg grad (t d *fers, nokså*); jfr *II grad 1* (He.NG 161; MindeNEG 33).

grad-setja v gradskilja (S.N). **-sirkel** m fag., (på teodolitt) fast, horisontal sirkel med gradinndeling til å mæla horisontale vinklar med (J.LidMG 60). **-skilja** v gradera (1a) (Jans.Esk.LFU 62; Jans. Esk.LF 97): *gradskilja termometret*. **-skive** f fag., graddelt halv-sirkelforma gjennomsynleg skive til å mæla el merkja av vinklar med; vinkelmælar, transportør (NoAllk IX,318). **grad(s)-merke** n merke som syner grad (II,2) (GulaT 1937). **grads-mon** m gradsskilnad (S.N). **-skilnad** m [skr òg *grad-* (Ra.MH 8; GulaT 1985)] skilnad i grad (II,1), avbrigde (Ra.RR 211; Ra.MH 8; Gj.LF 15; GulaT 1985). **grad-steg** n intervall på ein grad (II,5c) på termometer (SeljeM). **-stige** m mælestav, skala (Vo.Ty u *grad-leiter, -messer*). **-strek** n. 1) (på kart) strek som syner lengde- el breiddegrad (NoSold 210): *det gradstrekret som gjeng yver Oslo* (BrekkePR 69). 2) strek som syner grad på termometer (AasvejRL II,69). **-tal** n. 1) fag., tal som merkjer ut grad (II,5): *fyre gradtali under O skriv ein -* (Jans.Esk.LFU 62). 2) mat., potenssekspontent (D.Dan.LPG 84): *mengdtalet .. kann me kalla for potens-eksponent eller gradalet til potensen* (ØieTT 48; jfr 67). **-teig** m geogr. 1) (på kart) område som er avgrensa av breidde- og lengde-sirklar, og som femner om 1/3 breiddegrad og 1 lengdegrad (NTO 302; Den 17Mai 1932): *i Sør-Noreg er gradteigane så breie at karta ofte blir delte i to blad* (NTO 302). 2) gradteigskart (Den17Mai 1932). **-teigs/kart** n geogr, topografisk kart i målestokk 1/100000, etter 1954 i målestokk 1/50000 over ein gradteig (1): *rektangelkart .. blir etterkvart utskifte med gradteigskart* (Sig.Esk.Geo 23).

gradual adj [-al'; til lat *gradus*; jfr *II grad*] stegvis, graduell (NOB). **graduale** n [-al'e; mlat *graduale* av *gradus* 'steg'; i tyd 2 mlat *liber gradualis*]. 1) (i romersk-katolsk messe) vekselsong sungen etter første epistelen, opph medan presten enno stod i kortrappa, *gradus*. 2) messebok, ritualbok med notar for dei songane

NYKELTAL

om nokre europeiske ordbokstiltak attåt Norsk Ordbok

I. Oversyn over nokre nasjonale europeiske ordboksverk:

Namn	Påbyrja	1. bd. utg.	Avslutta	Talet på band*	Tidsrom dekt
Deutsches Wörterbuch (DWB)	1838	1852	1961	32	1500-1961
Woordenboek der Nederlandsche Taal (WNT)	1852	1882	1998	40	1500-1921
Oxford English Dictionary (OED)	1879	1888	1928 (fleire suppl., samla utg. 1989)	20 (1989-utg.)	1150-1989
(Svenska Akademiens) Ordbok över svenska språket (SAOB)	1884	1898	2017 (planlagt)	39 (planlagt), 31 utkomne	1521-no
Ordbog over det danske Sprog (ODS)	1907	1919	1954	27	1700-1954
Supplement til ODS	1960	1992	2004 (planlagt)	5 (planlagt), 3 utkomne	1700-1955
Norsk riksmålsordbok (NRO)	1922	1937	1957	4	1830-1957
Supplement til NRO	1957	1995	1995	2	1830-1995
Norsk Ordbok (NO)	1930	1966	2014/2025**	12 (planlagt)*	(1600) 1850-no

* Storleiken på banda ymsar mykje frå verk til verk. 12 band for NO er fastsett som ein styringsreiskap, slik at redigeringa må tilpassast det. Arkivmaterialet kan gje både to og tre gonger så mange band.

** 2014: framlegg i Stm. 22 1999-2000. 2025: framlegg i NO-søknaden til KD for 2000.
Med dagens ressursar: 2060

II. Norsk Ordbok 2000

- Full tittel: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*
- Fagleg særmerke: Byggrer på både målføretilfang frå heile landet og litterært materiale
- Talet på planlagde band: 12 (kvart band på 5 hefte; heftevis utgjeving)
- Utgjeving i kjømda: Hefte 3 av band IV (*grabekre-grøntanlegg*) i april 2000
- Utgjevingsfart: 1 hefte kvart tredje semester med dei ressursane som no er til rådvelde
- Arbeidsstokk:

Arbeidskategori	Årsverk finansierte frå UiO-budsjettet	Årsverk finansierte av KD-løyving*	Årsverk i alt
Redaktørar	6 (5,5)**	3***	9 (8,5)****
IKT-medarbeidarar	(2)*****	0	0 (2)
Adm (= fagl. støtte)	0,5+0,5	1	2
Sum:	7 (6,5) (+2)	4	11 (10,5) (+2)

* Løyving frå Kulturdepartementet for 2000 (irekna renter): 1 667 000 kr

** Ein redaktør gjekk over i fast halv stilling frå 1.1.2000

*** Eitt av desse årsverka er ei vit.ass.-stilling

**** Seinaste avskil for redaktørane: 2005, 2006, 2007, 2010, 2014, 2016, 2017 (2)

***** Etterorganisasjonen til Dokumentasjonsprosjektet brukar no to årsverk på databaseutvikling for NO.

III. Årleg ressursinnsats for prosjektet *Norsk Ordbok 2014* (jf. NO-søknaden til KD for 2001):

Arbeidskategori	Årsverk	Frå UiO	Frå KD no	Turvande nye
Redaktørar	23	4*	3	16
IKT-medarbeidarar	3	1	0	2**
Adm. irekna fagl. støtte	4	0,5+0,5	1	2
Sum:	30	6	4	20

* For universitetsårsverka er retten til eiga forskning frårekna (45 % plikt+10 % adm.+45 % forsk.)

** 1 årsv. for IT-ansvarleg. 1 årsv. til database- og IKT-metodeutvikling i samarb. med Etterorg. for Dokpro.

- Årleg løyvingsbehov irekna drift, husleige og utstyr 2002/2003-2014: **20 mill. kr**

ein nytta under messa (brukt i Den norske kyrkja før det kom ny liturgi) (Kl.LS 249; Egg.NM 21).

graduell adj [-ell'; fr *graduel*; jfr *gradual*] som skjer steg for steg, gradvis.

graduera v -te [mlat *graduare*] mest fag. 1) gradera (1 og 2). 2) tilpassa ei jamn kurve til eit sett observerte verde (NTO). 3) (serl om utanl tilh) ta eksamen ved skule el universitet (ReintonFFH II,774 ett eng. *graduate*).

gradung m sjå *graung* og *greding*.

gradvis adj, adv [til II *grad*]. 1) adv, litt etter litt, steg for steg (Fedrah 1879; SS 1964, 448): *tarmveggen vert gradvis tjukkare* (GulaT 1981). 2) adj, som hender, som endrar seg jamt og samanhangande; stegvis, vedhaldande (GulaT 1985; S.SkardDD 375): *det går mot gradvis forsuring* (Telem 1982).

grad-visar m visar på sekstant o l (Ra.E u *alidade*).

gra-dyr n grafe (SparbuM).

grae m [R *grade*; til *gra*, jfr *grede*] brunst (LomR,VågåR, FjotlandM,SunndalM): *der er ikkje slik grae i folk no som før* (FjotlandM).

graf m [eng. *graph*, av gr *graphein* 'skriva']. 1) (figur utleidd frå) grafisk framstilling; jfr *diagram*. 2) målv, einskilt skrifteikn som skil seg frå andre skrifteikn; svar. til *fon*; jfr *grafem*.

-graf m [sjå *graf*] sistelekk i sms. 1) i nemne for reiskap el maskin som skriv, tek opp, registrerer o l, t d *fono-*, *kardio-*, *seismo-*, *telegraf*. 2) i yrkesnemne, t d *etno-*, *foto-*, *steno-graf*; jfr sms med *-grafi*. 3) i nemne for noko som er skrivi el oppteikna, t d *auto-*, *homo-graf*.

gra-fant m grabukk (2) (Ndm). -fe n [A¹ *gra(d)*-, A² *grad-* u *grad*] samnemne for avleføre handyr; jfr *-bukkk*, *-okse*, *-vêr*.

grafem n [-fe'm; smh med *graf*] målv, skrifteikn som har tydingskiljande funksjon; jfr *fonem* og *graf*.

graffar m telegrafarbeidar (LærdalM); hertil *graffar-liv*, *-vise*.

grafi subst [*graf'fi*; kanskje av *geografi*] kunnskap, greie (II,2); skikk (Rissa,Leksvik): *få, ha grafi på noko / det er ikkje noko grafi (å få) på han* (Rissa).

-grafi m [-i'; gr-lat *grafia*, jfr *graf*] sistelekk i sms. 1) oppteikning, bilete, skriftleg framstilling, t d *bio-*, *foto-*, *mono-grafi*. 2) vitskapsgrein, t d *etno-*, *geo-grafi*.

grafikar m kunstnar som arbeider med grafikk (NoAllk V,90). **grafikk** [-ikk'; lat *graphicus*, eigl frå gr *grafice techne* 'skrive-kunst'] samnemning for reproduksjonsmåtar og reproduksjonar av skrift og teikning; grafisk kunst: *grafikk er trykk* (Driva 1984); jfr *koparstikk*, *litografi*, *stålstikk*, *tresnitt*; hertil *grafikk-utstilling*. **grafisk** adj [*gra'*; lat *graphicus*, jfr *graf*] som har med skiving og teikning å gjera; som framstiller noko med skriftbilete, teikning el trykk: *lj i alja er ein reint grafisk variant for ein vanleg palatal ljød* (SS 1928, 394) / *grafisk industri* samnemning for fotografering, prenting, bokbinding / *grafiske fag*, *blad* / *grafisk kunst* grafikk (serl om tresnitt, stålstikk, koparstikk,

litografi) / *grafisk statikk* grafostatikk / *grafisk teiknar* (Nordlys 1981) / *grafisk framstilling* det å framstella talstorleikar med liner og flater / *grafisk kurve* / *fordelingskurver* er det *grafiske* biletet av *fordelingsfunksjonar* (NoAllk IV,640) / *grafisk løysing* reknemåte til å løysa mat. oppgaver med (NoAllk) / *grafisk rekning* måte til snøgg løysing på rekneoppgaver geometrisk (der ein berre treng tilnærma verde) (jfr HolenM 82).

-grafisk adj suff i avl. av ord på *-grafi*, t d *bio-*, *etno-*, *foto-grafisk*.

graffiti m [-i'ti; it., eigl fl av *graffito*, smh med *graf*] ord el teikning som er rissa på vegg; veggskiving.

grafitt m [-itt'; nyl. av gr *graphein*; jfr *graf*] min., usmelteleg, svart mineral, krystallisert av karbon som òg vert laga kunstig (nytta m a i blyantar): (hagla er) *polerte med grafitt i ei roterande tunne* (NoAllk V,695); hertil *grafitt-pulver*, *-hinne*.

gra-fitte f sviv., gra (2) kvinne (StangvikM).

grafitt-elektrode m fys., jfr *elektrode* (NoAllk III, 111). **grafittera** v -te fag., setja (t d krutkorn) inn med grafittpulver (Ljungb.LI 36). **grafittgitter** n kjem., krystallgitter der atoma er ordna i sekstantflater (NTO). **-gløding** f fag., det at karbon i støypejern el stål løyser seg frå jarnbindinga og går over i grafitt; grafittisering (NTO). **grafittisering** f grafittgløding (NTO). **grafittisk** adj i samb *grafittisk korrosjon* det at grått støypejern korroderer der grafittstrukturen står att (NTO). **grafitt-papir** n fag., kopipapir overstroke med grafitt (NTO). **-skifer** m geol. skifer el helleberg med grafitt i (D.Dan.SJ 10). **-smurning** m findelt grafitt som er blanda i olje el vatn (NTO). **-syre** f kjem., syre laga av grafitt som er oksydert t d med kaliumklorat blanda med salpetersyre og svovelsyre (NoAllk).

gra-fjøre f sjå *grauvfjøre*.

gra-føle m gra (1) unghest (UllensakerM; Sivle II,126).

grafolog m [jfr *-log*] person som kan grafologi.

grafologi m [av gr *grafein* 'skriva' og *logos* 'lære'; jfr *-logi*] lære om korleis ein ved å studera handskrift kan finna opphavet til eit skriftstykke eller karaktereigenskapar hjå den som har skrivi (NoAllk V,787).

grafostatikk m bygn, framgangsmåte som grafisk (ved hjelp av teikning) kan rekna ut spenningar og formbrigde i byggverk av ymse slag; grafisk statikk (NoAllk V,408).

gra-fros n grakatt (R.Mag.G 140).

I **grafs** m. 1) person som fer uvyrde fram; graps (I,1). 2) grams (I,1) (Vanl).

II **grafs** n. 1) det å grafsa (1); (òg:) mengd som vert grafsa i ein gong (jfr *jafs*): *han tok alt i eit (ein) graf* (Vanl). 2) graps (II,1b); i samb i *grafs*: **havaristar ligg her alt i graf* (NoDikt 272).

grafsa v -a [R; skr òg *grausa* (BygdV 170); sm o s *grapsa*]. 1) gripa grådig (i); riva ofseleg og grådig (til seg); grava (til seg) (gjerne meir enn rett er); rota (med hendene); skrapa, raka saman; grapsa (1) (Austl,Froland,SoFj,MøRo; OTM): *grafs og tak alt du vil* (LieSS 27) / *grafsa etter noko(n)*

Det fyrste faglege opplegget


Frå:

NORSK
ORDBOK

HISTORIE - PLAN
ARBEIDSSKIPNAD

AV

SIGMUND SKARD



OSLO 1932
DET NORSKE SAMLAGET

IV.

Etter planen skal Norsk Ordbok fylla tri oppgaaavor. Ho skal arbeida saman til eitt alt som fyrr er bokført av norske ord, og tyda deim paa norsk; ho skal taka upp mest mogeleg av nytt tilfang fraa folkemaalet; og ho skal fylla det ut med ord fraa den nynorske bokheimen. Ordbokarbeidet fell etter dette i tri greiner, som vi her nedanfor skal greida ut um kvar for seg.

1. Grunnmanuskriptet.

Den fyrste oppgava for arbeidet med Norsk Ordbok er aa støypa saman og tyda paa nytt alle ord i eldre samlingar. Det maa gjerast fyrst, ikkje berre av di dette praktiske kravet sterkast har drive planane fram, men av di samanstøypinga er naudsynt til grunnlag for dei andre arbeidsgreinene, — ein kann ikkje nytta det nye tilfanget som kjem inn, fyrr ein har full oversyn over det eldre. Arbeidet maa sjølvsagt gjerast av fagfolk, og under sten-

dig kontroll, so manuskriptet vert einslaga all igjenom; fraa 1930 har tvo vitskapleg utdana sekretærar vore i arbeid med dette, under tilsyn av ein serleg sakkunnig.

I fyrste arbeidsbolken støyper sekretærane saman alle norske ord i Aasens Norsk Ordbog, Ross' Ordbog med tillegg, Schjøtt's Norsk Ordbok, Torps Nynorsk etymologisk ordbok, Vidsteens Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland, og nokre mindre ordbøker. Dei einskilte ord-artiklane vert skipa; orda vert tydde paa norsk; dei tydingane som ordbøkene har, vert utfyllte slik maalvokstren gjer det naudsynt; det vert sett til stutte opplysningar um opphav og framvokster, og jamføringar fraa gamalnorsk, islendsk og færøysk; endeleg vert det ved eit system av avstytingar gjort greide for kvar i landet kvart einskilt ord vert nytta, med bygdemaalsformer, so langt ordbøkene no veit. Dinæst skal dei eldre prenta ordsamlingane

gjenomarbeidast. Det er ikkje faa einstaka ordlistor som er framkomne gjennom aara, spreidt i blad og tidsskrifter, som serbolkar i bygdebøker, som tekniske ordlistor i mange greiner av arbeidsliv og styringsverk, som merknader til bygdemaalslitteratur, og det kjem jamt nye; alle desse orda skal etter kvart utskrivast paa setlar, og skipast alfabetisk. Til slutt er det meininga aa gaa gjennom likeins dei store handskrivne samlingane som enno ikkje er utnytta til fullnads (Christies, o. fl.). Naar alle desse utskriftene er ferdige og samanstøypete, vert orda innarbeidde i grunnmanuskriptet, alt paa sin stad. (Sjaa dømet sist i denne utgreidinga, med prøvør paa tilfanget som ligg fyre.)

Um nokre aar vil det soleis etter planen liggja ferdigt eit manuskript som inneheld alt av norske ord som til dess er framlagt i prent, og med norsk tyding. Det vil i seg sjølv vera eit overlag verdfullt verk, som vilde verta helsa med fagning baade innan- og utanlands um det vart prenta slik det er. Sitt største verde vil det likevel faa ved det nye tilfanget, som er ventande fraa dei tvo andre arbeidsgreinene aat ordbokverket.

2. Innsamling fraa folkemaalet.

Grunnmanuskriptet maa arbeidast ut paa ein stad og av fag-

folk. Jamsides har ordboknemnda sett i gang eit innsamlingsarbeid som gaar fyre seg over heile landet, med arbeidsmenn fraa alle stand og livsyrke. Ross klaga over at Noreg aldri har vore uppdelte millom ein stor samlarflokk; det er nettupp ei slik organisert innsamling det no er gjort upptak til, og ho grip vidare enn noko liknande tiltak fyrr hjaa oss.

Maalet for Norsk Ordbok maa — sjølvsagt — vera aa faa samlarar i arbeid i kvar einaste norsk bygd og by, og helst fleire paa kvar stad. Norsk Ordbok er ikkje soleis stelt at ho kann senda ut betalte samlarar; nemnda har i staden rekna med vaare serlege spraaklege høve: den kjærleik til bygdekulturen i alle former som er sterk hjaa oss no, og heller synest auka enn minka, og den maalinteressa som finst alle stader paa bygdene. Det har alt synt seg at ordboknemnda her rekna med noko faktisk. Fyrste oppropet til aalmenta vart utsendt i juni 1931; til og med april 1932 hadde det meldt seg halvfemte hundrad friviljuge hjelpesmenn. I fleire landsluter har maallaga teke seg av saka og fest medarbeidarar i kvart einaste bygdelag i distriktet; andre stader er det sett ned serlege nemnder til aa staa fyre samlinga; folk som ikkje sjølve har høve til aa vera med, har sendt inn namn paa kvin-

nor og menn som dei veit er serleg maalkunnige, berre av slike adressor har nemnda faatt over 800. Det har vore merkeleg aa sjaa kor mange samfundslag som er representerte i samlarflokken; der er fiskarar, smaa-brukarar og bønder, gardsdrenger og studentar, husmøder og ung-gjentor. Det har vore imponerande aa sjaa kor sterk maallinteresse det finst ute millom «vanlege folk», — og kva for filologiske lærdomsverk det kann finnast jamvel i fiskarstovor lengst uti havgarden. Og det har framfor alt vore underleg, — og stundom gripande, — aa merka den arbeids- og offervilje ein kann rekna med, jamvel i tider som desse, naar ein bed um hjelp til eit verkeleg nasjonalt storverk. Det er mang ei vel fortent kvilestund etter ein slitsam dag som vil verta ofra paa Norsk Ordbok i aara som kjem.

Ordboka treng medarbeidarar i kvar einaste bygd. Det er sjølv-sagt eit stykke fram, jamvel um det stendigt kjem nye hjelparar; men nemnda vonar at dei hol som er, kann fyllast etter kvart som tiltaket vert meir kjent. Dei medarbeidarar som hittil har meldt seg, fordeler seg retteleg jamt over landet; fylkesvis fell tala soleis (samla medarbeidar-tal i fylket; herad med medarbeidarar;

herad i alt; medarbeidarar i byar) :

Nordland	54	29 (63)	4
Hordaland	52	32 (55)	4
Sogn og Fjordane	49	27 (38)	5
Telemark	48	18 (25)	2
Møre	37	25 (65)	7
Troms	32	15 (33)	5
Heidmark	31	19 (30)	2
Uppland	27	14 (35)	1
Aust-Agder	26	10 (31)	0
Nord-Trøndelag	24	17 (45)	2
Sør-Trøndelag	20	15 (55)	0
Vest-Agder	19	15 (37)	1
Buskerud	14	10 (24)	3
Rogaland	12	11 (48)	2
Vestfold	11	5 (19)	2
Austfold	10	8 (29)	2
Akershus	7	7 (29)	0
Finnmark	1	1 (20)	1

Ordboka har soleis til dessa medarbeidarar i burtimot 300 av dei 689 herad i landet. Ei fullstendig liste over medarbeidarar og herad vil heretter verta utsend aarvisst i arbeidsmeldinga fraa ordbokverket; der vil det og etter kvart verta kvitta for alle samlingar som kjem inn.

Det arbeidet ordboka ventar seg av denne hjelparflokken, er skissert i den rettleidinga som er utsend.

Som vi nemnde lenger framme, treng ordboka utfylling or folke-maalet paa tvo maatar. Paa eine sida vonar nemnda at denne nye innsamlinga maa føra i dagen ei

rekke ord som aldri fyrr er oppskrivne. Det er ikkje tvil um at det enno finst ein slump ord som ikkje er komne med i nokor ordbok, serleg i dei bygder som er daarleg representerte i dei eldre samlingane; dei vil no vonleg verta framdregne. Men ordboka ventar seg like mykje av oppskrifter av kjende ord; rettleidinga strekar sterkt under at ein ikkje skal avgrensa samlinga til «rare» og uvanlege ord og vendingar; dels vil ein soleis faa nye heimfestingar, dels vil ein faa ei rekke nye tydingsavbrigde, baae like viktige for ei ordbok som skal femna um heile landet.

Av samlemaatar har nemnda etter dette serleg peika paa tvo. Den greidaste er aa skriva upp kvart ord for seg, naar det kjem fyre ein eller naar ein høyrer det i bruk; alle medarbeidarane fær tilsendt normalsetlar til slik oppskrivning, og skal ein døma etter dei samlingane som er innkomne, fell denne maaten laglegast for dei fleste; han krev heller ikkje sterk samanheng i arbeidet. Det er retteleg store setelmengder som vert innsende av dette slaget. Summe har reinskrive aat nemnda heile smaa ordbøker, som dei har arbeidt med i aarevis, — ein sender ei liste paa 1500 ord som han har notert kringum i landet der han har fare, ein annan 800 ord fraa den landsluten der

han hadde si embetsgjerning. Ein einskild samlar har teke denne oppskrivninga av einstaka ord paa ein framifraa maate som vonleg vil verta eit fyredøme for fleire; han gaar gjenom Aasens ordbok og skriv ut paa setlar kvart einaste ord som han kjenner fraa sitt eige bygde-maal (og sjølvsagt deim han ikkje finn hjaa Aasen au), alt med ypparlege døme og ordtak som syner korleis orda vert nytta i levande tale; den bygda som har ein slik samlar i arbeid, er vel faren. Men dei mindre samlingane og lovar godt for heile denne arbeidsgreina; i kvar einaste er det nye tydingar eller nye heimfestingar; og alle samlingar er kjærkomne, um det so berre er eitt einaste ord; verde har det alt ihop. Enno er samlinga berre so vidt paabyrja, men held det fram slik det no ser ut, vil Norsk Ordbok paa denne maaten kunna faa eit vitskapleg ny-verde som set alle dei eldre ordbøkene i skuggen.

Den andre samlemaaten nemnda peika paa, har til dessa vorte mindre brukt; men ein fær vona at det etter kvart maa verta fleire som nyttar han, — dei prøvor som er komne, lovar stort. Det gjeld den viktige greina av bygdemaalet som er nemnd lenger framme: fagterminologien innanfor dei ein-skilde yrke. Desse orda høver det mindre vel aa samla spreiddt etter

som ein kjem deim ihug; fyrst naar ein tenkjer heile arbeidet igjenom i samanheng, vil ein kunna faa alt med; fyrst daa vil ein vera viss paa aa faa tydinga heilt ut raakande og. Nemnda har bede um, at samlarane maa taka fyre seg eit serleg emne eller ei serleg arbeidsgrein (gardsarbeid av alle slag, baking, bryggjing, spinning, veving, smiing, snikring, skogsarbeid, kol- og tjørebrenning, bergverksarbeid, skomakararbeid, fiske, sigling, jakt, namn paa folk fraa ymse grender eller bygder, utnemne, skjellsord og kjælenamn, helsingar, leikar, idrott, himmel og verlag, o. s. b., o. s. b.), skriva ei samanhengande skildring paa bygdemaal, der ein syter for aa faa med alle ord og nemningar som vert nytta, og so setja upp orda paa setlar etterpaa, med tydingar, og gjerne med teikning. Dei samlingane som er innkomne av dette slaget, syner best kor verdfullt eit tilfang ein her kann venta seg, baade til maal- og kultur-soga. Ein samlar har soleis sendt inn ei fullstendig skildring av heile laggar (bøkkar-) handverket i ein Vestlands-by, med alle fagord som der vert nytta og med bilete til; det segjer seg sjølv at han dreg fram tilfang som ingen fyrr har visst av. Ein annan har sendt inn ei skildring av det gamle kvernbruket i Lærdal, med ei ypparleg

teikning der alle ord er innsette paa sin stad; samlinga har alt kome til nytte ved eit vitskapleg arbeid. Nemnda vonar paa at fleire og fleire etter kvart vil taka fyre seg slike ser-emne, so ordboka paa den maaten kann koma til aa gjeva eit heilsleg bilete av arbeidslivet paa bygdene, baade i gamle dagar og i notida. Det tilfanget som kjem inn, vil seinare verta utfyllt ved spyrjelistor, som vert sende medarbeidarane til utfylling; i utlandet har dei faatt inn mykje verdfullt tilfang paa den maaten, og nemnda vonar at det ikkje vil gaa daarlegare her.

Det som til dessa har vorte gjort av innsamling, er fyrst og fremst einskildmanns arbeid. Men ein vil sjaa alt av lista over medarbeidarar, at det i mange bygder er fleire samlarar i gang, — sumstad upptil sju. Alle medarbeidarar i ei bygd fær vita um kvarandre; det er fyresetnaden at dette skal føra til samarbeid um samlinga. Det er viktig av mange grunnar at so kann skje. For det fyrste er bygdemaalet manggreina; ingen einskild samlar er fullfør paa alle umkverve, um han kann maalføret sitt aldri so vel, — ein treng berre tenkja paa dei ymse slag kvinnearbeid, og mangt anna, som krev serleg sakkunne av samlaren. For det andre vil samlarane daa kunna hjelpa kvarandre; mange ord

som ein ikkje kjem paa naar ein sit eismal, vil dukka fram or minnet naar fleire kjem saman og dryfter ting for ting. Reint serleg set nemnda voner til denne arbeidsmaaten naar det gjeld utgreidingane um einskilde emne. Eit maallag uppi dalane har sett ned ei serleg kvinne-nemnd, som skal halda sammøte med eldre og minnuge gardkjerringar og dryfta for ende detaljane i ordbruket innanfor dei ymse slag handarbeid o. l.; ein slik arbeidsmaate vil det koma noko utav, her skulde mange fylgja fyredømet. — Samarbeidet er viktugt for kontrollen skuld au. Nemnda maa tru samlarane paa ordet og kann ikkje vita kva kvar einskild duger til; det vilde vera ei stor trygd um samlarane dryfte tilfanget sitt igjenom med ein — eller helst fleire — kunnige bygdemenn fyrr dei sende det inn, — det skal vera ei god samling som ikkje daa fær verdfulle tillegg og rettingar; sume medarbeidarar har alt no varsla at dei saumfer samlingane sine soleis fyrr dei vert innsende, og det gjev deim dobbelt verde. — Serleg viktig er det sjølvsagt at ein vel desse medarbeidarane sine millom deim som har rikaste maallet og stødaste maalkjensla: dei gamle. Den ættleden som no er millom 70 og 80 aar, sit inne med eit veldigt maaltilfang fraa tida fyre det store umbrøytet i

næringslivet; det staa til samlarane paa kvar stad at minst mogeleg av dette tilfanget fær døy burt i det tiaaret som kjem.

Naar tilfanget kjem inn fraa samlarane, vert det fyrst etterset at tydingane er utførlege nok, og at alle opplysningar um stad og heimel er med; tvilsame setlar vert sende attende til retting eller utfylling. So vert det tilskrive ordnings-ord, og setlane vert samanstøypte til bruk. Sume samlarar har skrive orda paa ark eller i bøker, og desse samlingane maa fyrst skrivast ut paa setlar; dette umskrivings-arbeidet har elles medhjelparane tidast vore viljuge til aa taka paa seg sjølve.

3. Ordsamling fraa bokheimen.

Fyremaalet med ordsamlinga or folkemaalet er, at ein — so langt det er raad — skal kunna fylla ut grunnmanuskriptet med opplysningar um kvar og korleis kvart einskilt ord vert nytta i talen. Ordsamlinga or litteraturen skal freista faa til vegar so stort eit tilfang av utskrifter or bøker, at ein for kvart ord har oversyn over korleis det vert og har vorte nytta i nynorsk skrift.

Det segjer seg sjølv at dei uppskriftene nemnda vonar aa faa fraa bygdene, ikkje alle kann gaa beinast inn i ordboka; det er ikkje turvande, og det vilde beint fram gjera verket ulagleg aa bru-

ka. Hovudsaka er, at ordbokredaktøren for kvart ord har fyre seg so stort eit tilfang, at den heimfesting og tyding han gjev, vert fullstendig, i dei finaste skifte og avskyggjingar. Det same gjeld endaa mykje meir utskriftene or bøker. Nemnda vonar paa at ho, naar fem-seks aar er lidne, maa ha liggjande samanstøypte og ferdige til bruk minst ein halv million ordutskrifter or litteraturen. Det kann sjølv sagt ingen falla inn paa aa prenta av alle desse hermingane; berre einskilte raakande døme vil verta medteke for kvart ord. Men det er dei samlingane som ligg fyre for redaktøren, som skal gjera Norsk Ordbok til ei verkeleg ordbok for heile det nynorske maalet, baade i tale og skrift. Vi viser i so maate til det dømet paa utskrifter (ordet «age») som er prenta sist i utgreidinga. Kvar for seg gjev desse hermingane berre ei avskyggjing av ordtydinga; saman vil dei gjeva eit heilsleg bilete av korleis dette eine ordet har vorte teke upp i skriftmaalet, og faatt fine avbrigde etter innhald, stemning, stil og litteraturslag; den ferdige ordartikkelen skal syna att heile denne voksteren i samandrag. Dei eldre nynorske ordbøkene var hovudsakleg folkemaals- eller talemaals-samlingar; dette nye tilfanget vil gjeva oss fyrste samla ut-

synet over norsk kulturmaal i heilo.

Nynorsken har isiste mannsaldrane vorte utforma paa nær sagt alle umkverve av kulturlivet; skal denne voksteren syna att i ordboka, maa arbeidet leggjast ovleg vidt. Nemnda har sett upp ein fyrebils plan, som grip um desse greinene:

- A. Vitskapleg litteratur og faglitteratur. (Handverk, industri og teknikk av alle slag; natur- og aandsvitenskapar; kyrkje-, styrings- og rettsmaal; folkeminne.)
- B. Dikting, alle greiner og stilslag, og mest mogeleg fraa alle landsluter.
- C. Periodisk litteratur (tidskrifter og blad).

I alle desse greinene gjeld det fyrst og fremst aa faa utskrive dei orda som har arbeidt seg inn som faste termini, har faatt serlege tydingar eller avbrigde etter emne og stil, eller paa onnor vis syner den indre framvokstren i maalet. Det segjer seg sjølv at nemnda med sine snaue løyvingar ikkje kann kosta dette veldige skrivearbeidet; men den vansken har løyst seg. Nemnda har vendt seg til medarbeidarane sine, og alt no har so mange sagt seg viljuge til aa vera med og skriva, at det fyrebils ikkje er turvande aa spyrja fleire, — nemnda vilde elles

ikkje kunna skaffa arbeid aat alle med same. Av dei 300 medarbeidarane som er spurde, har 150 svara ja, attaat 20 som mindre har høve til aa samla or folkemaalet og difor berre vil hjelpa med utskriving; som naturleg kann vera, er det serleg folk med bokleg yrke som har bode seg til her, — det fortener aa nemnast at det millom deim er 100 folkeskulelærarar; men der er folk av andre stand au, baade prestar og sakførarar, bladstyrarar og bønder.

Til grunn for utskrivinga vert det lagt eit utval av verk innanfor bolk A og B ovanfor, dessutan eit par tidskrifter som er so viktuge at dei maa skrivast ut systematisk. Det vert lagt vekt paa at utvalet vert mest mogeleg mangsidugt; av den religiøse litteraturen t. d. vert soleis heile bibelen utskriven (baade kyrkjebibelen og Seippels originalumskrifter), Nynorsk Salmebok, messeboka, og eit utval av oppbyggjeleg litteratur; innanfor styringsmaalet vert det teke med lover og juridiske fagverk, handbøker for tenestmenn, fyresegner og fyrerit; av diktara ne vert det serleg teke umsyn til deim som syner trygg sans for ordtydinga, og som er representative for landsluten sin. Dei skrifterne som soleis vert utvalde, vert fyrst gjennomlesne av ein einskild maalkunnig som staaer fyre heile denne arbeidsgreina og har full

oversyn over tilfanget; han strekar under i bøkene alle ord som skal med, — bokreidarane har velviljigt gjeve frieksemplar til dette; kor mykje det vert i kvar bok, ymsar sjølvsagt mykje, det kann verta 10 ord paa sida og det kann verta berre eit par. Fyremaalet med utskrivinga er fyrst og fremst aa syna ordet i s a m a n h e n g e n, — berre soleis kjem tydinga klaart fram i kvart einskilt tilfelle; naar boka er ferdigstreka og vert send til ein «skrivar», fær han rettleiding um kor mykje av teksta han skal taka med. Han skriv setningane av paa normalsetlar, etter visse reglar, og med ordningsord uppe til vinstre; setlane vert so ettersedde av nemnda, og samanstøypte alfabetisk.

Grunnmanuskriptet maa utarbeidast av fagfolk; innsamlinga fraa folkemaalet kviler paa dei einskilde hjelparane, nemnda kann berre rettleida; utskrivinga or bøker derimot byggjer paa eit nært s a m a r b e i d, millom den vitenskaplege ordbokredaksjonen og hjelparane ute i bygdene. Sjelve utskrivinga er eit arbeid som krev skyn og stor grannsemd; men det er ikkje meininga at hjelparane berre skal driva mekanisk avskriving. Etter rettleidinga kann medarbeidarane fylla ut setlane med opplysningar um vedkomande ord fraa sitte eige bygdemaal,

og soleis gjeva eit personleg tilskot til verket jamsides med at dei legg den litterære grunnvol- len for Norsk Ordbok. Paa denne maaten kann utskrivninga or bøker koma til aa gjeva verdfull kunnskap um folkemaalet au; for alle som i framtida skal granska ein nynorsk bokmann, vil slike dobbeltuppskrifter av ord fraa hans eige eller andre maalføre verta ei sann gullgruve, og gjeva maalet i det einskilde verket ein verdfull bakgrunn.

Ved sida av denne utskrivninga, som staa under stendigt tilsyn, har ordboka tenkt aa nytta medarbeidarane sine paa ein maate som svarar til arbeidsskipnaden ved den store engelske ordboka vi nemnde lenger framme. Det finst ei mengd nynorske bokmenn fraa alle tidbolkar som ikkje staa so langt framme at ordbokverket ser seg syn med aa streka og skriva deim ut systematisk, men som har mykje godt tilfang og ikkje bør verta unytta. Her har nemnda tenkt at einskilde serleg interessererte medarbeidarar kunde taka paa seg aa streka og skriva ut paa eiga hand, so langt som dei finn det rimeleg. Det er slik sjølvstendig utskrivning som har gjort New English Dictionary til den mest fullstendige ordbok i sitt slag; nemnda vonar at eit liknande arbeid hjaa oss — i mindre maal — vil kunna verta til stor

hjelp likeins; det er mange i medarbeidarflokket som ein trygt kann tru eit sovore arbeid til. For bolk C paa utskrivningsplanen, den periodiske litteraturen, er det tanken aa byggja umlag heilt paa denne arbeidsmaaten. I maapressa gaar det for seg ei dagleg maaldyrking som ein vanskeleg kann leggja stor nok vekt paa; pressa maa skriva um alt millom himmel og jord, og formar ut maalet meir enn ein varest, — reint burtset fraa alle dei gode innsende stykka, baade paa bygdemaal og landsmaal. Nemnda har tenkt seg at einskilde kunnige medarbeidarar kunde taka paa seg aa gjera daglege notat naar dei les desse blada, — av alle slag ord og vendingar som dei tykkjer bør koma med i Norsk Ordbok; ein kann venta seg eit baade stort og verdfullt tilfang fraa eit slikt arbeid.

Ved sida av alt dette fær endeleg ordboknemnda studnad fraa eit liknande tiltak, som arbeider med anna fyremaal men kjem inn paa same umkvervet, «Det litterære ordboksverk over det norske bokrike». Dette ordboksverket (som vert drive for fondsmidlar) skriv ut ord fraa norskfødde bokmenn i dansketida og seinare, og har teke med nokre nynorske bokmenn og; til hjelp for Norsk Ordbok vert no Vinje utskreven i heilo; vonleg vil andre bokmenn

au kunna gjerast ferdige fyrr tilfanget maa støypast ihop til bruk.

*

Naar grunnmanuskriptet um nokre aar ligg ferdigt, vonar ordboknemnda at det paa desse maatane maa vera kome inn so store samlingar av ord fraa folkemaal og litteratur at arbeidet med aa setja upp prentmanuskript kann byrja um lag med same.

Um so kann skje, staar — som ein vil sjaa — fyrst og fremst paa den medarbeidarflokken som har meldt seg til tenest. Meir enn noko liknande tiltak i samtida vil Norsk Ordbok verta boren fram av sjølve det folk som talar maalet. Staten har ikkje stelt seg soleis med Norsk Ordbok at ein fyreaat kann vita korleis verket vil verta; det er den einskilde

medarbeidaren, kvar paa sin stad, som kjem til aa gjeva det den fullending det kann faa, nemnda kann berre styra arbeidet.

Naar tiltaket likevel er reist med store maal for augo, er det i trygg tillit til den kjærleik baade til det bygdenorske og landsnorske som har børe fram heile den norske reisinga i siste mannsaldrane. Er denne grunnen so traust som det no ser ut, og kann arbeidsmennene syna same trott i lengda som dei no gjer i upptaket, vil Norsk Ordbok vera røynd um faa aar; det skal snart syna seg at det dermed er lagt ein hynestein under norsksdomsarbeidet i all framtid. I djupaste meining vil ho verta ei folke-bok, og sjølv det sterkaste vitnemaal um aandsmakta i den folkerørsla som ber henne fram.

Prøve paa ordbokarbeidet.

Artiklen „Age“.

Prøva er tenkt til aa syna, ved eit einskilt ord, kva tilfang Norsk Ordbok skal byggjast upp av og korleis det innkomne tilfanget ser ut. Under I er avprenta det som fyrr finst i ordbøker. Under II vert det gjeve nokre døme paa andre og nye uppskrifter or folkemalet; under III er det samla nokre utskrifter som syner korleis

ordet er nytta og har vakse i nynorsk bokheim.

I. Ordbøker samanarbeidde i Grunnmanuskriptet.

Hallager, Norsk Ordsamling (1802) :

Age, Agje, Ave, Tugt; Frygt og Ærbødighed.

Aasen, Norsk Ordbog (1873; jfr. fyrsteutg. 1850) :

Age, m. 1) Frygt, Rædsel. «Eit Aga Veer», o: et frygteligt Veir. Nhl. — 2) Ærefrygt, Undseelse, Respekt. Dei hava ingen Age fyre honom. (Jfr. Oge, Vægje). — 3) Ave, Tugt, Orden. Der som er ingen Agen, er helder ingi Æra. (Ordspr.) — Lyder ogsaa: Agje, Aje (vestenfjelds og fl.), Aga (Østl.), A g a a (Gbr.). G. N. a g i. Sv. a g a, f.

Oge (oo), m. Frygt, Ave, Respekt for en Person. Sdm. (Ogje, Ooje), meget brugl. og adskilt fra Age (Agje), som nærmest betegner Tugt eller Lydighed....

Ross, Norsk Ordbog (1895) med Tillæg II.—VI.

«Age, m. 1) Frygt.» A. Vald. «Eit Aga Beist, ein Aga Fant.» Jf. sjølvaga. 4) Myndighed; Kommando. Sæt. «Ho fører ingjen Agji; Geutn heve Agji yv'æ»; Sæt. B. A a g h w a a, Østerdalen. A a g a a, A a w g h a a S. Trond. A u w g h a a S. Østerd. Ogsaa A g f.? n? Østerd.

Agje, m. kvalme. Ryf. Nfj. Sogn.

Vidsteen, Ordbog over Bygde-
maalene i Søndhordland (1901) :

Age, m. 1) Ærefrygt, Respekt; dei har ingjen Age aav'ann. 2) Ave, Tugt, se Aa.; Agen æ bære so Mat'n.

Schjøtt, Norsk Ordbok (1914) :

Age, m. 1. age (d. ave), ærefrygt, respekt; «det stod — av han»; «dei hadde liten — for han»; «ho fører — med seg», hun forstaar at sætte sig i respekt; «ho fører ingen — yver guten»; «ho hev ingen — med seg»; 2. tugt, disiplin; «der som er ingen — erheller ingi æra»; halda — paa holde i ave; eit aga ver et frygtelig veir.

Torp, Nynorsk etymologisk ordbok (1919) :

age m. (frygt, ærefrygt, tugt), agesam (frygtvækkende, bekymret), gammelnorsk aga (-g. ðe), upers. være fare, agi m. uro, ufred, skræk, tugt, agasamr, ufredelig, ny-islandsk aga tugte, shetlandsk agi som skræmmende; svensk dialekt aga, agas, frygte, age frygt, adj. agasam (rikssvensk aga subst. vb. tugt, tugte); dansk ave subst. vb. Gotisk agis n. skræk, aganst. vb. frygte. Svarer til gresk akjos n. græmmelse.

Skard, Nynorsk ordbok (1920) :

Age, m. respekt.

Heggstad, Gamalnorsk ordbok (1930) :

Agim. 1. ufred, uro; sjøgang (jfr. nn. ag n., T). 2. otte. 3. age, tukt....

II. Uppskrifter or folkemalet.

a) fraa maal-utgreidingar.

age, ein. aje, m. Ryfylke. Thorson, Maalet i Nordaust-Ryfylke (1929) s. 77.

age, ein. aga. Hemne. Sivertsen, Maalet i Hemna (1906) s. 6.

age, ein. ågå. Selbu. Larsen, Selbygmaalets lydlære (Norvegia II) s. 182.

age, ein. ogo. Vemdalen (Herjedalen). Reitan, Vemdalsmaalet s. 41.

b) fraa medarbeidarar.

age, ein. 1. Ave, tukt. Dei greider ikkje halda agje paa ungane: halda styr paa. — 2. Respekt. Dei har kje agje for han. Manger. Vanleg tale. Nils Halland.

age, ein. 1. Respekt. Det sto aoa taa'n: det stod respekt av han. Onga har inte aoa for nå'ån ting mer. — 2. Ank, venting. Je låg på aoa inatt: låg på ank, t. d. når ein skal vakna på eit fast klokkeslett. Elverum. Vanleg tale.

Jens Lindberg.

age, ein. age; agalous. N. Aurdal. K. Kolsrud.

age, ein. agga, og(g)o. Trysil P. Gardaasen. S. Kolsrud.

age, ein. 1. Respekt. Eg har agje for den mannen. 2. Tukt, orden. Halda agje paa ungane. Bremsnes. Vanleg tale. Olav Sundet.

III. Utskrifter or litteraturen.

age, ein. «Ajen æ go Maadelig Møgien o: Affve er god, maadelig megen; Alt formegen er

unyttig.» (V. Agder ca. 1625.) Hannaas, Ældre norske Sprogmin-der I s. 30. Jfr. «Ajen æ go'e, men maadelig møgje», Heskjestad, Fjotland. (Samest. s. 62.)

age, ein. Det var jamt so i andre Bygder, at Lærarane var til Laatt, og eit Augsyn for alle. Men so var det aldri i Valle; dei førde Age, og alle maatte lyda dei. Johs. Skar, Gamalt I, 31.

age, ein. Dei hadde so utifraa ein Age fyre Tora, dei gamle. Skar, Gamalt II, 92.

age, ein. Der var slik Age for Maten. Dei vanvyrde inkje den minste Braudmole. Skar, Gamalt IV, 108.

age, ein. Dei (Byglandskara- ne) vart so harde. Ingen kunde halda Age yver dei; dei totte aldri verdt lyfta Munnen upp, Of'serane. Skar, Gamalt II, 136.

age, ein. Eg veit eg tykte det stod Age av den Mannen. I. Kleiven, I Heimegrendi 13.

age, ein. Da eg ber Age for han Sjugur Tøvar, byd eg aldri til aa gjera paa Trass. Kleiven, I Heimegrendi 27.

age, ein. Stuten og Ungkrøturi sleppte all Age, dei baula og bura og lagde avstad i villt Firsprang. Kleiven, I Heimegrendi 130.

age, ein. Ho Marit Rusten hadde stor Age for Trollskap og alle vonde Maktir. Kleiven, I Heimegrendi 158.

age, ein. Gjev han noko av den agen du hev med deg, so kjem heile Israelslyden til aa høyra paa han. 4. Mos. 27, 20 (Seippel). I Umbøter retta til «myndi (eller vyrdnaden)».

age, ein. Men de og skal elska kvar si kona som seg sjølv, og kona hava age for mannen. Efe-sarbbrevet 5, 33.

age, ein. De tenarar, ver dyk- kar herrar undergjevne i all age. 1. Peters brev 2, 18.

age, ein. Ver alltid ferdige til aa forsvara dykk for kvar ein som krev rekneskap av dykk for den voni som bur i dykk, men med spaklynde og age! 1. Peters brev 3, 15.

age, ein. De maa ikkje bera age for andre gudar. 2. Kong. 17, 25.

age, ein. I ein by, sa han, var det ein gong ein domar som inkje ottast Gud, og inkje hadde age fyr noko menneskje. Luk. 18, 1. (Seippel).

age, ein. Ho (syndi) traar etter deg, men du lyt halda henne i age. 1. Mos. 4, 7.

age, ein. Det stend age av kongens umbodsmenner. Vinje, Storegut 47.

age, ein. So høyr Guds ord med age / aa land høyr Herrens

ord. Nynorsk Salmebok 184, v. 2 (Blix).

age, ein. Min tanke stilnar av i kvelddæmd age / fyr dette løyndoms liv paa denne jord. Ny- gard, Ved vebande 49.

age, ein. Der stend ein age av honom utan maate og maal. Einhard ums. Skard 25.

age, ein. Alt dette hev daa ogso sett ein age i dei som hev gjeve seg av med aa granska tru- domsspursmaal fraa denne sida. Syn og Segn 1896, 45 (R. Flo).

age, ein. At agen for øver- heita i heilom er urikka, ser ein kanskje best av den ringe trong til reform av straffelovene. Dokk, Religiøs etisk uppseding 29.

age, ein. Med nokre faae mann heldt han heile bygdelag i age. Gjelsvik, Lærebok i folkerett 142.

age, ein. Vilkaarlaus, sam- vitsfull og viljug lydnad mot fyre- sette i alle høve kallast age (disiplin). Handbok for soldaten.

age, ein. Age (engelsk awe, fransk crainte vénératrice) er ei endaa meir samansett kjensle enn audmykti. Det er den me kjen- ner framfor det store og høge og gjæve, som samstundes tek pusten fraa oss med sitt velde og gjer oss redde utan aa jaga oss burt. Rak- nes, Møtet med det heilage 70.

NO i utgreiingar og offentlege dokument

14.1.1963

Utdrag (s. 13 - 17) frå notat om ordboksverka
til NAVF

[Alf Hellevik]

NORSK ORDBOK
Arkiv og redaksjon
Niels Henrik Abels v. 12
Blindern
Blindern i januar 1963.

Norsk Ordbok (Nynorsk Ordboksverk).

1. For Norsk Ordbok kan vi òg vise til utførleg utgreiing og motivering i fellessøknaden til KUD og NAVF i januar 1962. Vi skal her kort gi dei viktigaste data og den aktuelle målsetjinga.

Arbeidet med Norsk Ordbok tok til ikring 1930, etter at det i 1929 var gjevi ei statsløyving på kr. 75000 fordelt på 7 ½ år.

Planen for ordboksverket var og er

- 1) å skape eit ordarkiv som omfattar
 - a) alle tidlegare ordbokførte ord,
 - b) eit mest mogleg utførleg materiale frå målføra i bygd og by,
 - c) eit rikeleg ekserptmateriale frå nynorsk litteratur (skjønnlitteratur, folkeminne, faglitteratur etc.)
- 2) med grunnlag i dette ordarkivet (pluss det nynorske tilfanget i Det norske litterære ordboksverk) å utarbeide ei større vitskapleg ordbok, før planlagt til 4 – 5 store band, no kalkulert til 8-9 bd. (ca. 7000 sider).

2. *Det Norske Samlaget* har gjort opptaket til og styrer arbeidet med Norsk Ordbok. Styret i Samlaget peiker ut medlemmene i ei særskild *tilsynsnemnd*; professor Olav Midttun er formann, og dei andre medlemmene er professor dr. Olav T. Beito og dr. Asgaut Steinnes.

Hovudredaktør (ordbokssjef) er sidan 1. juli 1947 cand. philol. Alf Hellevik. Medredaktørar er no (1970) cand. philol. Gunnar Pedersen, cand. mag. Reidar Bø og cand. philol. Arnbjørg Hageberg, cand. philol. Sigurd Nordlie, cand. philol. Laurits Killingbergtrø. Som kontorfullmektig er tilsett Ruth Hellevik, timelønt kontorhjelp Marit Beito.

3. *Finansieringa* av arbeidet har heile tida skjedd ved statsløyving til Det Norske Samlaget. NAVF har sidan 1949/50 gjevi tilskott til noko ekserperingsarbeid og kosta prenting av dei hefta som er utkomne. Sidan 1953 har NAVF også løna ein redaktør (dei første åra dr. Beito, som v.s.a. ordboksarbeidet også gjorde anna vitskapleg arbeid). Etter den nemnde fellessøknaden til KUD og NAVF med plan for auka fart i utgjevinga av Norsk Ordbok, vart statstilskottet for 1963 sett monaleg opp, til kr. 115 000.-. NAVF har for 1963 løyvd kr. 43 250.- som årsløn til Reidar Bø og løn til Andreas Bjørkum fram til 1/8-63. Til saman er det såleis for 1963 løyvd kr. 158 250.-.

4. *Norsk Ordboks arkiv* er i dag på ca. 2 1/2 mill. setlar. Hertil kjem eit særskilt register over 2 samansetningsled, som er til stor nytte. Av Aasens skrifter har vi ei fullstendig thesaurus-ordsamling (ein setel på kvart ord), som også har verdi som utgangspunkt for anna gransking. Ordarkivet har i stor monn kommi i stand ved gratishjelp frå frivillige medarbeidarar utover landet. Einskilde medarbeidarar har ytt ein arbeidsinnsats som representerer eit årsverk eller meir. Men på den andre sida har dette ført til at tilfanget er av noko skiftande kvalitet og set store krav til revisjon og kontroll. For det utfyllingsarbeid som må gjerast vidare framover, vil det stort sett vere best – også økonomisk – å bruke eiga lønt kontorhjelp, slik vi også no blir i stand til når vi får fast kontordame. Men innsamlinga frå målføra må framleis i stor monn byggje på hjelp frå interesserte medarbeidarar utover bygdene.

Arkivet er i dag så stort og representativt at det er eit brukande grunnlag for redigering av Norsk Ordbok. Men det er i høg grad ønskeleg med utfylling og ajourføring. Det gjeld både nyare ordtilfang

Utdrag (s. 13 - 17) frå notat om ordboksverka
til NAVF

i bøker, aviser og tidsskrift, særleg for tida etter 1945, og det gjeld eldre viktig litteratur som anten ikkje er ekserpert eller som er ufullstendig ekserpert. Og det gjeld ikkje minst viktig målføretilfang som ligg unytta i andre samlingar og som stendig aukar. Vi nemner særskilt det viktige ordtilfanget som er komme inn til Norsk Etnologisk Gransking i svara på dei omfattande spørjelistene som denne institusjonen har sendt ut. Det ville vere eit stort tap om dette ordtilfanget ikkje kan komme med i Norsk Ordbok. Noko liknande gjeld for det tilfanget som Instituttet for sammenlignende kulturforskning har samla inn om gard og grannesamfunn.

5. Når det gjeld sjølve *Norsk Ordbok* var det dei første åra noko skiftande planar og som følgje av det også noko spilt arbeid. Etter at Hellevik vart hovudredaktør i 1947 utarbeidde han ein ny redaksjonsplan som sidan har vorti følgd. Første heftet av ordboka kom i 1950 til 100-årsdagen for Ivar Aasens Ordbog over det norske Folkesprog. Det har seinare etter lengre pausar, som til dels er gått til ekserpering og utfylling, komme ytterlegare 3 hefte på til saman 472 sider. Femte heftet (på 128 sider) er på korrekturstadiet. Første bandet kom i 1966.

6. *Planen for vidareføring* og intensivering av arbeidet er det før gjort greie for i den førnemnde fellessøknaden til KUD og NAVF. Der vart det teki sikte på å kunne fullføre ordboka på ca. 20 år. Det vart da rekna med 6 redaktørar og fast kontordame attåt noko timelønt hjelp til særlege arbeidsoppgåver, bl. a. fagkonsulentar og ein korrekturlesar utanom redaksjonsstaben. Etter lønnsnivået i dag og med yngre filologar i dei nye stillingane vil dette krevje ei samla årsløyving på om lag kr. 200 000 (mot i inneverande budsjett-år som nemnt kr. 158 250 fordelt på KUD og NAVF).

7. Arbeidet med ordarkivet og med ordboka er to særskilde oppgåver. Arkivet har sitt sjølvstendige verd både før og etter ordboka er ferdig. Det er alt no til stor nytte for alle som granskar norsk eller andre nordiske mål. Såleis har mange danske og svenske målgranskarar utnytta samlingane på kortare eller lengre besøk i ordboka, eller vi har svara på førespurnader. Også for folk i andre yrke har arkivet praktisk verd, og redaksjonen blir stadig rådspurt av offentlege kontor og institusjonar og av privatpersonar.

For alt normativt arbeid innanfor nynorsk skriftmål eller norsk mål i det heile er arkivet ein naudsynt føresetnad. Norsk Språknemnds normerings- og rådgjevingsarbeid ville vanskeleg kunne utførast på ein tilfredsstillande måte utan hjelp frå Norsk Ordboks arkiv og frå tenestemennene der. Særleg bør nemnast at hovudredaktøren har utført mykje av det granskingsarbeid som normeringa byggjer på. Også etter at ordboka er ferdig vil arkivet ha sin store verdi som ein viktig del av dei ordsamlingar som no er samla i ein særskild avdeling knytt til Nordisk institutt på Blindern.

Men både for forskarane og kanskje enda meir for den store ålmenta er det først gjennom *ordboka* at arbeidet kjem til full nytte. Og i vår særlege språksituasjon med dei store krav den stiller til objektiv og grundig kunnskap om norsk mål, hastar det mykje med utarbeidinga av denne ordboka. For bokmål har vi fått ei førebels dekning i Norsk riksmålsordbok, og alle som har bruk for kunnskap om bokmål eller norsk i det heile har fått røyne for ei hjelp det var etter kvart som denne ordboka vart ferdig. For nynorsk saknar vi enno ei ordbok som også omfattar nynorsk *skriftmål* og framvoksteren av det. Dette er eit arbeid som ikkje kan vente utan varige skadeverknader for norsk målvokster og kultur.

Notat - norsk leksikografi
Hellevik til Vogt

Alf Hellevik:

Notat om norsk leksikografi og anna innsamlings- og granskingsarbeid som gjeld norsk mål (målføre og skriftmål).

Etter oppmoding av univ.rektor Hans Vogt har eg laga eit kort oversyn over granskingsarbeid som er i gang eller er planlagde i norsk mål, med hovudvekt på innsamlinga av språklege data og det ordboksarbeid som skal utnytte dette tilfanget. Som vedlegg følgjer noko materiale med tilknytning til det planlagde Norsk leksikografisk institutt, som har særskild interesse i den aktuelle samanhengen.

I. Ordtilfang. Norsk leksikografisk institutt.

Dette instituttet er planlagt til å omfatte dei tre store vitskapelege ordboksverka som no er samla i Wergelands Hus i universitetet på Blindern: Det norske litterære ordboksverk, Gammelnorsk ordboksverk og Nynorsk ordboksverk (Norsk Ordbok). Konkrete planar for instituttet med utkast til vedtekter er utarbeidde av ordboksverka og Norges almenvitenskapelige forskningsråd i fellesskap, og oversende til sjefen for Kyrkje- og undervisningsdepartementet, statsråd Helge Sivertsen. Eg viser til det notat eg som fungerande ordførar i gruppe A i Forskningsrådet utarbeidde for statsråd Helge Sivertsen. Eg viser til det notat eg som fungerande ordførar i gruppe A i Forskningsrådet utarbeidde for statsråd Sivertsen (vedlegg 1), utkast til vedtekter (vedlegg 2) og brev til KUD og Forskningsrådet frå representantar for ordboksverka og for norskseksjonen ved universitetet i Oslo (vedlegg 3). I dette brevet er det gjevi eit oversyn over status og nærmaste arbeidsoppgåver for kvart av dei tre ordboksverka. Endeleg legg eg ved ein rapport eg gav til KUD 18/10-1961 om språkleg innsamlings- og ordboksarbeid ved Helsinki universitet (vedlegg 4). Den kan tene til jamføringsmateriale sidan Finland er eit land med om lag dei same økonomiske ressursar som vårt land, i alle fall ikkje betre.

I tillegg til desse opplysningane om forholda i Finland, skal eg her berre kort leggje til at det i Sverige er i gang arbeid med ei større ordbok over svenske dialektar. Eit prøvehefte vart utsendt i 1961, og ordboka er planlagt til eit verk på ca. 8 band (årsbudsjett 1962 ca. 140-150.000.- no.kr.). Ei Nuvensk ordbok (Östergrens ordbok) er snart ferdig (7-8 bd). Svenska akademiens ordbok, som er ein heil institusjon for seg, og som har vori i arbeid sidan 1870-åra, er no kommen til S. Store målføresamlingar finst i "landsmåls"arkiva i Uppsala og Lund og i Institut för nord. språk ved Universitetet i Gøteborg.

I Danmark vart den store "Ordbog over det danske sprog" fullført i 1956. Den er på 28 band. Arbeidet med vidare registrering og supplering er lagt til Dansk sprognævn. Ei ordbok over dei danske "ø-mål" er i arbeid. Den er planlagt til 10-12 bd., og hadde i 1961 eit årsbudsjett på 140.000.- kr. (plass gratis kontorhjelp, materiale, bøker etc.). Ei stor jysk dialektordbok er i arbeid ved Århus universitet. Eit større ordboksarbeid over eldre vestnordisk (gammal-islandsk) blir drivi i tilknytning til den Arnagnæanske handskriftsamlinga i København.

På Island er det òg i gang store ordboksarbeid, både for eldre islandsk og nyislandsk. Der har til denne tid også det normative og rådgivande arbeidet vori lagt til Ordbókarnefnd Háskóla Íslands. Etter framlegg fra ordboksnemnda er det no tanken å leggje denne delen av arbeidet til ei særskild islandsk språknemnd (jfr. prof. Halldór Halldórsons utgreiing i Skriftspråk i utvikling s. 142-143).

Etter dagens løns- og prisnivå vil Norsk leksikografisk institutt trenge ei årleg løyving på ca. ½ mill. for å realisere dei nøkterne planane som det er gjort greie for i brevet frå ordboksverka (vedlegg 3). Og skal instituttet ta opp nye arbeidsoppgåver, trengst det tilsvarande større personale og større løyving, sidan det i nærmaste framtid ikkje er utsikt til å frigjere arbeidskraft frå dei tiltaka som er i gang.

Når det gjeld organiseringa av det vitskapelege ordsamlings- og ordboksarbeidet, er både ordboksverka og Forskningsrådet samstelte om å tilrå eit frittstående institutt under KUD etter dei liner som utkastet til vedtekter dreg opp. Eit slikt institutt bør stå i nær kontakt med eit normerande og rådgivande organ som Norsk språknemnd (event. Norsk språkakademi). Dette har alt det førebuande plan-

**Notat - norsk leksikografi
Hellevik til Vogt**

utvalet for Norsk språknemnd streka under, og Norsk språknemnd sende straks ho var komen i arbeid, ei sterk føreteljing til KUD om å auke løyvingane til ordboksverka og målførearkivet. Men ikkje minst i vår situasjon vil det vere best for alle partar at innsamlinga av og det vidare arbeidet med reine vitenskaplege data (t.d. i Norsk leksikografisk institutt og Norsk målførearkiv) skjer mest mogleg åtskilt frå og uavhengig av det organet som har bruk for desse data i sitt normeringsarbeid.

II. Lyd- og bøyingsformer i målføra. Målførearkiva.

Medan ordboksverka konsentrerer arbeidet om ordtilfanget, arbeider målførearkiva (Norsk målførearkiv ved universitetet i Oslo og målføresamlinga i Nordisk institutt ved universitetet i Bergen) i første rekkje med lyd- og bøyingsformer i målføra. Ein del overlapping må det naturleg nok bli; målførearkivet inneheld også store ordsamlingar, og ordboksverka inneheld mykje tilfang til opplysning om lydformer og bøyingsformer. Vi arbeider med ein plan om Xerox-kopiering av ordtilfang i Norsk målførearkiv for Nynorsk ordboksverk (og til dels også for Nordisk institutt i Bergen (som i første rekke har konsentrert seg om vestlandsmålføra, medan Norsk målførearkiv er landsomfattande). Slik utveksling av tilfang vil kunne rasjonalisere og effektivisere forskningsarbeidet, og bør kunne skje begge vegar. (Mellom universiteta i Helsinki og Turku har slik utveksling lenge vori praktisert.)

Eit norsk dialektatlas er under utarbeiding i Norsk målførearkiv for løyvingar frå Forskningsrådet (for 1963 kr.30.000). Det vil gi grei og oversynleg kunnskap om utbreiinga av dei viktigaste målmerke. Arbeidet vil enda ta mange år.

Både i Oslo og Bergen er dei så smått komne i gang med lydbandopptak av målføre, men her må det langt større løyvingar til både når det gjeld apparatur og arbeidskraft. Som det går fram av rapporten frå Finland, har finnane sidan 1959 hatt gåande eit storstilla prosjekt med eit årleg budsjett på ca. 100.000.- no. kroner. Svenskane kom òg tidleg i gang med innspelningar, først på plater og seinare på lydband (med eigen opptakarbil). Også i Danmark (København og Århus) er det ytt langt større summar til dette arbeidet enn hos oss. Dette er det arbeidet det kanskje hastar mest med for målførearkivet å få utstyr og driftsmidlar til. (For nærmare orientering viser eg til styraren av Norsk målførearkiv, prof. Olav T. Beito.)

III. Skrift- og bøyingsformer i skriftmåla.

Her finst det ein del tilfang i ordboksverka, og noko i Norsk språknemnd. For vår kunnskap om norsk skriftspråkutvikling og for vårt framtidige normeringsarbeid er det viktig å få systematisert og intensivert granskingsarbeidet i denne sektoren. Her er ei naturleg samarbeidsoppgåve for ordboksverka og språknemnda, men det er mogleg at innsamling og arkivering av tilfang i første rekkje bør leggjast til Norsk leksikografisk institutt p.g.a. den nære samanhengen med det leksikografiske arbeidet.

IV. Lyd- og bøyingsformer i normaltalemåla.

Her er det gjort svært lite granskingsarbeid, og det er derfor heller ikkje brukande grunnlag for den normering som måtte vere ønskjeleg. Alnæs' uttaleordbok er utseld og treng også revisjon og ajourføring. Eit slikt arbeid er teki opp. Med nynorsk er det gjort lite og inkje på dette området. I Sverige har Nämnden för svensk språkvård aktivisert gransking av bymål og provinsmål, og har gitt ut fleire utgreiingar i skriftserien sin. I dei monografiar over norske bymål som Bymålslaget har gitt ut, finst også noko opplysning om normaliserte variantar av vedkommende bymål. Men her trengst det i høg grad innsamling av tilfang om den faktiske språktilstanden. Eit slikt materiale ville òg kunne kaste lys over brytingar og overgangar mellom dialekt og normalisert talemål, og er nødvendig for å kune ta stilling til og event. praktisere ønskjelege former for rettleiing om normaltalemål, rikstalemål. Her kjem dei nye massemedia radio og fjernsyn sterkt inn i biletet både som granskingsmateriale og som eit normerande organ saman med skolen.

V. Syntaks og stil.

Notat - norsk leksikografi
Hellevik til Vogt

Også på dette området trengst det både innsamling, systematisering og arkivering av tilfang som kan tene som grunnlag for forskning og for praktisk rettleiing. Det innsamlingsarbeid som hittil er gjort, er hovudsakleg utført av einskilde forskarar og handbokforfattarar, og det materialet dei har samla, er derfor også spreidd på ulike hender. Det bør difor takast sikte på å få i stand offentlege samlingar og systematisk arbeid med å auke og utnytte slike samlingar. Med den rolle som t.d. stilspørsmål spelar i språknormering og språkdebatt, skulle det vere rimeleg å skaffe til vegar eit fylldigare og meir eksakt materiale enn vi no rår over.

VI. Ordbøker og andre handbøker til praktisk bruk.

Her er det eit enormt udekt behov, som delvis har samanheng med at nødvendig primærforskning ikkje er kommen langt nok. For vår framtidige språkrøkt er det nødvendig både å skaffe midlar til å utarbeide slike handbøker og finansiere utgivinga så prisen blir overkommeleg – og dertil prøve å lære folk til å bruke dei. Dette gjeld ikkje minst ordbøker, som mange (dei fleste?) nordmenn ikkje trur dei har bruk for. Dei synest meine at det dei ikkje veit om ord og ordtydingar, er ikkje verdt å vite – i alle fall ikkje når det gjeld norske ord.

Som døme på ordbøker av handbokskategorien nemner eg større ordbøker frå og til framande mål, ordbøker for einskilde yrke eller fag, teknikk, handel, jordbruk osv., og ikkje minst handordbøker over kvart av våre to riksspråk, event. også ei felles ordbok. For bokmål er det ei enklare oppgåve å få utarbeidd ei slik handordbok enn det er for nynorsk i og med at Norsk riksmålsordbok er ferdig, medan det enn o vil gå mange år før den store nynorske ordboka nærmar seg fullføring.

Ein særskild grunn til at staten bør interessere seg særskilt for utarbeiding og utgiving av større handbøker, er at dei ligg i utkanten av eller heilt utanfor det området som Forskningsrådet er sett til å dekkje. Forskningsrådet har likevel i ein viss mon stødd slike tiltak, men med den tilstramming av budsjettet som følgjer av at tippemidlane har stabilisert seg samstundes som utgiftene og behovet for stønad aukar, må ein rekne med at det etter kvart vil bli vanskelegare for Forskningsrådet å avsjå midlar til slike meir praktiske formål.

Ei anna sak er at Forskningsrådet kan vere til hjelp ved organisering og oppbygging av nødvendige tiltak på dette området. Også Norsk leksikografisk institutt vil kunne gi sakkunnige råd og rettleiing, men det vil neppe vere klokt eller praktisk å leggje denne typen ordbøker administrativt inn under instituttet. Det er mogleg at det beste resultat kan oppnåast ved eit samarbeid mellom staten (t.d. ved språknemnda) og forlaga, ikkje minst dei halvoffentlege forlaga som frå før har stor røynsle nettopp på dette området.

14/5-1964

Alf Hellevik

/ *grafsa i noko* rota, røra i noko; òg bil., overf: *grafsa i privatlivet* / **ha litt nød å grafse i* (A.Egg. KB 15) / *grafsa ifrå seg* / *grafsa med seg, til el åt seg*: *arvingane grafsa til seg pengane* / *grafsa i seg* eta fort og uvyrdi, sluka i seg // i samb med adv: *grafsa i hop noko*. 2) med nauda halda seg oppe (SoR, StrynR): *vi grafsa 'te foss' el 'mæ helsenne'* (StrynR). **grafsast** v grafsa (SparbuM).

grafsar m ein som grafsar (i noko) (jfr *grafsa* 1); grafs (I,2) (Vanl).

grafse-kjerring f nærkone (LeirfjordJens. 111); jfr *krafskjerring*.

grafse-kum (me) m gragsekum? (FløgstadPML 90).

grafseleg adj adv, grafsande, grapseleg: *ho tok grafseleg fyr seg* (Be.VR III,524).

grafsens adj (om vær, vind) ofseleg, strid, sterk (Eide-m 1983,45).

grafs-hendt adj grapsen (SeljeM).

grafsing f det å grafsa (OTM).

gra-førkje f gra (2) gjente (FoldereidM). **-gadd** m grahest (NTrl BandleSWS 213). **-galen** adj. 1) brundgalen (EikenM, KinnM). 2) storsint, vill, styrlaus (SeljeM). **-galt** el **-galte** m [Vstrål1698, L 256, Val1743, H, A² *grad*] avlefør hangris, râne (ØSlidreM, VossM, Nfj sumst, VigmaM, Ndm, STrl) // utnemne (Møll.Kall); hertil *gragaltegryl* (Up.D 204). **-galte/gris** m i regle, dss frg: *tre (to, sju) små (grå) gragaltegriser stod og gnog (på) eit deigtrog* (Tingvoll, Øksendal, Stangvik, Oppdal). **-gamp** m [A *grad*] grahest (UllensakerM, Ød, NGbr, Tot, NeBu, Nøtterøy, Tel, AAgd, GeitastrandM, Gauld; Be.NBSS 14; Krok.ID 132): *gragampane kneggja og skreik* (HalseT 141).

gragat m kragg, krøkle; og sms *bjørke-gragat* (RøraM).

gragg m [V,R3]. 1) grabb (III) (ShIV). 2) person som et opp for andre (SaudaM). **gragga** v -a [V,R3] eta fort og grådig (Suldal, Røldal, Shl): *desse «herrens tenarar» (vil) gragga i seg alt det, dei berre vinn svelgja* (Sigmundst.JS 103). **graggen** adj grådig (SaudaM). **gragge-tarm** m person som ikkje gjer seg godt av maten; storetar (Ulvik HardOp. *gragga*).

gra-gris m ragalt (Tel BandleSWS 432).

I **grags** el **gragse** m [G 28 *grakse* og 42 *grags*, A² *gragse*; skr mest *grakse*; målf òg *graks* (Nøtterøy, Innh, Leksvik); målf òg n (Oppdal); smh med *grugg* og påv. frå *I dragse*, Tj. 1) a) rest som er att når tran er utvunnen av fiskelever, stundom nytta til krøterfôr (GulenM, SeljeM, NorddalM, Trl sumst, No, Trs; NoAllk V,409; Saar.HL 93): *kyrne får visst for mykje gragse, det smakar av mjølka* (MalangenM) / (òg nytta til) smørje på hjulåsar, på båtlunnar o l (SeljeM): *så vølte dei lunnane eller .. smurde grakse på dei* (Håløyg 1937,19); òg i sms *levergragse*. b) (i e tid) gamal, roten fiskelever som feittet er sløytt av som rå lyse (HillesøyM). c) turka, pressa lever (KarlsøyM; Håløyg 1967, 189). d) blanding av lever og tran (FroanBye). e) botnfall etter feittsteiking (Sa). f) (under krigen) dårleg motorolje og botnfall av slik olje (TingvollM). g) botnfall i drykk; bæravkok; grugg

(1a); grums som legg seg oppå når ein kokar kjøfteitt o l; berme; skum som legg seg oppå når ein støyper (Øksendal, Trl sumst): *sila av safta og slå ut gragset* (OppdalDon.) // botnfall i heimelaga vin (Overhallam). 2) issørpe som held på og brånar (Driva 1985). 3) gjødsel (SkognM, SandvollanM). Hertil *gragse-bidne*, -butt, -bytte, -klakk, -klukk, -smurd, -stamp, -tunne.

I **grags** n [trul. sm o s frg] mest koll. 1) småting, småplukk, rusk og rask (SeljeM, Astafjord HålHved.). 2) (om folk, òg einskild-person) pakk, ramp (LeirfjordJens.41, Astafjord HålHved): *jag ut dette gragset* desse ugagnsungane / *stod han ikkje der å neisa meg ut, det gragset*.

gragsa v -a smørja med grags (I,1a) (SeljeM): *du får gragsa trillebåra di*.

gragse-brenna v koka tran til grags (I,1a) skil seg ut; lata grags brenna seg fast i botnen (RoanM). **-kall** m sviv., skarv, trave (LeksvikM). **-kost** m boste til å smørja på grags med (SeljeM). **gragsen** adj (om vær) gruggen, uklår (SeljeM).

gragse-sprekka v koka lever til grags (I,1a) skil seg ut (RoanM). **gragsut** el **gragset** (e) adj gjørmut (Ra.E u *footy*).

graham m [gra'; ett den amer lækjaren S. Graham] eit slags ukrydra brød av sammale mjøl; hertil *graham-brød*, -skonrok.

gra-hest m [L 256, F 120, Follo1743, Val1743, Slidre1743, P, Snm1762, Ws, W, Land1806, C, A² *grad*]. 1) gra (1) hest: *han .. skar grahest'en* (NFL88Hard 20) / **i gloande tan innpå vollen flaug ein skumblaut og liv-rædd gra-hest* (Aukr. 248) / *i brureferdi var det gildt hava grahestar som var modige og kneggja og bar seg* (Flat.S 365) / i sml: *lang og mjuk i sjørne kom den andre etter med stammen lyftat som ein vill grahest* (Litl. F 18). 2) gra (2) mann (SeljeM; Møll.Kall): *hunden skulde taka slik grahest som du Sjugur* (Up.DS 26). Hertil *graheststerk* (Up.DS 129). **-hest/rin** n sj, sterk knegging: *han snorkar til, som i eit grahest-rin, mot dei gamle minna* (Up. Fj 17). **-hest/ver** n ofseleg hardt og stygt vær (ØreM). **-hingst** m grahest (TrysilM, ModumM, NøtterøyP. 101, SeljeM, SkognM; NFL44Helg 51; SS 1938,375). **-hund** m. 1) gra (1) hannhund (Osen, Frosta, Otterøy). 2) lauparbikkje (Øre, Beitstad). 3) sj, grahest (2) (Up.K 41). **-hyse** f. 1) stor hyse som det luktar stygt av (Eide, Edøy). 2) utnamn (LeirfjordJens. 38; Møll.Kall). **-kall** m gra (2) mann (SeljeM). **-katt** m. 1) gra (1) hannkatt; i sml: *storting og statsråd og høgre og vinstre .. slost og revist som gradkattar* (Sivle II,180). 2) gra (2) mann (Sunndal, Skatval) // skjellsord (Møll.Kall). **-katte** f. 1) gra (2) kjetta (Melhus, Haltdalen, Meråker). 2) grakatt (1) (SelbuM). **-krøt** (t)er n [A² u *grad*] grafe (A; TrysilM, SparbuM).

graks el **grakse** m, **graksa** v, **graksut** adj sjå *I grags, gragsa, gragsut*.

gra-kuk (k) m sviv., grabukk (2) (Sunndal).

-kvann f el **-kvanne** m, f kvann som dei gav krøtera til å framkalla brunst med (uvisst) (RøldalM; jfr HøegPITrad 215). **-kweise** f skjemt., stor raud

St. meld. nr. 15.
Om språksaka. (s. 6-13)

KAPITTEL II.

Norsk leksikografisk institutt. – Skiping og arbeidsoppgåver.

I si innstilling, kapittel XI, Sammenfatning og konklusjon, seier komitéen m.a.:

«Uten å gå nærmere inn på den historiske forutsetning for språkstriden, konstaterer komitéen at den i de siste hundre år har spilt en stor rolle i vårt lands kulturelle og politiske liv. Striden har ført med seg tildels opprivende og bitre kamper mellom språkgruppene; men komitéen er samtidig oppmerksom på at den sterke grad av språkbevissthet som store deler av folket har tilegnet seg under denne kampen, har gitt impulser til ny kulturell vekst.»

«I innstillingen har komitéen sterkt villet fremheve betydningen av forsknings- og opplysningsvirksomhet, idet den mener denne virksomheten vil kunne berike og være til nytte for de mange som nå er opptatt av spørsmålet om den fremtidige utvikling av våre språklige og kulturelle tradisjoner. Komitéen har i denne forbindelse drøftet de muligheter et leksikografisk institutt vil kunne ha for å lede og fremme et slikt forsknings- og opplysningsarbeide, og støtter forslaget om at dette institutt nå opprettes.»

I den samanfatninga av forslaga sine som Vogt-komitéen gir i innstillinga, kapittel XI, lyder punkt 1:

«Stimulering av forskning av norsk språk i dag, både skriftlige og muntlige former av språket.

Stimulering av utgivelse av gode ordbøker og utredning av prinsippene for utgivelse av fremmedspråklige ordbøker.

Opprettelse av et Norsk leksikografisk institutt til utredning, koordinering og gjennomføring av slike tiltak som nevnt (kapittel II og III).»

I kapittel III, Utforskningen av norsk språk i dag. Oversikt over ordbøker, har komitéen m.a. sagt (s. 10 f):

«Språket er ikke bare et uttrykk for et folks samlede forestillingsverden, men også bæreren av kontinuiteten i dets historie. I språket er nedfelt generasjoners erfaringer, gjennom språkets historie kan vi følge kulturutviklingen fra de eldste tider – i vårt land fra de eldste runeinnskrifter. Alle språk har sitt særpreg, og alle folk har i språket en arv som de ønsker å verne om. For alle folk som er i stand til å ofre noe for sin egen kulturelle utfoldelse, er språkvernet en sentral oppgave. I

ethvert språksamfunn er det en viktig oppgave å gi alle brukerne av språket de beste muligheter for å øse av språkets kilder og sikre grunnlaget for en sunn og naturlig utvikling uten å sette bom for impulser utenfra.

På grunn av den langvarige språkstrid i landet, har debatten om språklige spørsmål spilt en stor rolle, men språkstriden har kanskje også vært til hinder for en samlet innsats for en systematisk utforskning av våre skriftspråk, slik de virkelig er, og av våre dialekter, de gamle og de nye. Den støtte som myndighetene har gitt til slike tiltak, har ikke stått i noe forhold til omfanget av og intensiteten i språkdiskusjonene. På mange felter av forskningen ligger vi etter våre naboland og andre land som det er naturlig å sammenligne oss med.

Utforskningen av norsk språk, dets historie, dets skriftspråkstradisjoner, talespråkene og de levende målfører i by og bygd, bør stå sentralt i norsk språkforskning og bør støttes planmessig ved alle høyere læreanstalter hvor der drives vitenskapelig forskning, i første rekke ved våre universiteter og vitenskapelige institutter. Dette er en forutsetning for at den allmenne diskusjon om språklige spørsmål kan bygge på sikker og objektiv informasjon og for at allmennheten kan nyttiggjøre seg forskningens resultater.

Komitéen har derfor funnet det riktig å gjøre kort rede for stillingen på ett viktig felt som har den største verdi både for den vitenskapelige forskning og for det alminnelige språkvern, nemlig ordboksarbeidet, leksikografien, registreringen og den systematiske fremstilling av ordforrådet i norsk fra de eldste tider til våre dager.

En rekke enkeltpersoner har gjort en monumental innsats som oftest med en meget beskjedent offentlig støtte. Ikke alle deres verker er i dag i handelen. Vi kan nevne Fritznors *Ordbog over det gamle norske Sprog* (i tre bind, fullført i 1867 – i virkeligheten en ordbok over gammalnorsk og islandsk). Boken var lenge utsolgt fra forlaget, men foreligger fra 1954 i fotostatisk faksimileutgave. Et tilleggsbind, i alt vesentlig utarbeidet av cand. philol. Finn Hødnebo etter plan lagt av Didrik Arup Seip, foreligger i manuskript. Spørsmålet om finansiering av dette helt nødvendige tillegg er ikke klarlagt.

For våre dialekter er våre hovedkilder fremdeles Ivar Aasens *Ordbog over det norske Folkesprog* (første utgave 1850, 2. utgave i 1873 med titelen

St. meld. nr. 15.
Om språksaka. (s. 6-13)

Norsk Ordbog, opptrykt i 1918), supplert av Hans Ross, *Norsk Ordbog* (1895, utsolgt).

Siden Aasens og Ross's dager er meget nytt materiale kommet til. Det er dels offentliggjort i enkeltavhandlinger i tidsskrifter og årbøker, dels arkivert i offentlige samlinger. Noen samlet fremstilling av alt dette rike materiale har vi ikke, og heller ikke av alt det som hører den nynorske litterære tradisjon til i de siste hundre år.

For bokmålet er vi bedre stilt, idet vi har et verk som må sies å tilfredsstillende nåtidens krav, nemlig *Norsk riksmålsordbok* (1937-1957), utgitt av Riksmålsvernet (H. Aschehoug & Co.) ca. 3700 to-spaltede sider). Tilleggsbind er under utarbeidelse.»

Etter eit stutt oversyn over arbeidet til dei tre ordboksverka, Det norske litterære ordboksverk, Gammalnorsk ordboksverk og Nynorsk Ordboksverk (sjå nedanfor s. 8 f.), seier komitéen vidare (s. 13):

«Det som i dag trenges kanskje mere enn noe annet, er gode, praktiske ettbinds ordbøker til overkommelig pris for bokmål og nynorsk, eventuelt for begge språkformer under ett.

Årsakene til at vi her står så svakt, kan være mange. Sikkert er det at utgivelsen av en ordbok, selv om den ikke er større enn en 3-500 sider, er et tiltak som krever store kapitalutlegg. Den må trykkes i stort opplag skal prisen bli overkommelig, og det går lang tid før kapitalutlegget kan dekkes. I et lite språksamfunn vil det være vanskelig å makte disse oppgaver uten støtte fra det offentlige. En annen årsak er vel det usikkerhetsmoment som ligger i den offentlige språkpolitikk, som har gitt seg utslag i stadige rettskrivningsreformer. Frykten for at et stort lager av slike ordbøker skal få redusert verdi ved nye reformer, legger sikkert demper på forlagernes initiativ. Det er karakteristisk for vår språksituasjon at om vi har få brukelige ordbøker, har vi et utall av ordlister, skrevet av norsklærere ut fra hensynet til læreboknormalen og dens varianter eller ut fra bestemte språkpolitiske synsmåter. Med andre ord: for en billig penge kan enhver nordmann få vite hvordan et ord skal staves og hvordan det kan eller skal bøyes, men ikke hva ordet betyr og hvordan det brukes!

På bakgrunn av denne situasjon viser komitéen til det forslag om opprettelse av et Norsk leksikografisk institutt som har vært fremsatt av lederne for de tre nevnte ordboksverk. Disse institusjoner er nå samlet i Wergelands hus, Universitetet i Oslo. De er alle finansiert ved offentlige midler, over statsbudsjettet eller gjennom Forskningsrådet.

Det faglige samarbeidet mellom disse institusjoner er effektivt, og en administrativ sammenslåing er neppe nødvendig av hensyn til det arbeid som nå pågår. Men, som nevnt, oppgaven er ikke bare å påskynde arbeidet med de planlagte, omfattende ordbøker. Der er mange andre oppgaver som trenger sakkyndig vurdering og planlegging, som f.eks. utgivelse av billige, hendige ordbøker til skolebruk og til bruk for det lesende og skrivende publikum, og populære fremstillinger av spørsmål som berører både skriftspråkene og dialektene, innbefattet stilistikk.

Komitéen vil ikke selv fremme forslag om formene for et slikt institutt eller for dets arbeidsoppgaver, men vil støtte tanken om opprettelse av et leksikografisk institutt. Komitéen tror det ligger store uløste oppgaver foran oss. Komitéen kan i denne forbindelse også peke på den plan om en registrering av ord og ordformer til bearbeidelse med datamaskiner som, på grunnlag av et nordisk samarbeid, har vært drøftet i Norsk språknemnd. Alle disse oppgaver vil kreve en betydelig innsats av arbeidskraft og penger, men den er overbevist om at løsningen av dem er en av forutsetningene for en heldig utvikling av språksituasjonen i vårt land.

Ordbøker er kanskje det som det alminnelige skrivende og lesende publikum særlig trenger, og det er derfor komitéen har villet gi en oversikt over stillingen på dette felt. Men det bør også nevnes at andre forskningstiltak er i gang som på sin måte er like viktige. Siden 1950 har det vært arbeidet med en revidert og sterkt utvidet utgave av Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne* (1897-1924). Arbeidet utføres ved Norsk Stadnamarkiv, og har for en vesentlig del vært finansiert av Norges almenvitenskapelige forskningsråd. Ved Norsk Målførearkiv, Universitetet i Oslo, arbeides det med et dialektgeografisk atlas over Norge; også dette har vært finansiert av Forskningsrådet. Det bør også nevnes at i 1965 utkom Olav Næs: *Norsk grammatikk*, (både nynorsk og bokmål). En større nynorsk grammatikk er også under utarbeidelse.»

Komitéen har (særleg i kapittel II, Språksituasjonen i dag) omtalt den utjamningsprosessen som går føre seg i landet vårt i sammenheng med folkeflyttinga, særleg frå land til by, og har gitt uttrykk for at ein veit altfor lite om kva dette har hatt å seie for språkutviklinga.

Fra språkvitenskapelig hold», seier komitéen, «har det ikke vært gitt vesentlige bidrag til vår innsikt i den. En av grunnene til dette er at de forskere som har beskjeftiget seg med norsk språk, i alt vesentlig har vært språkhistorisk interessert og derfor har viet de gamle «rene» dialekter større oppmerksomhet enn blandingsspråkene i nye

St. meld. nr. 15.
Om språksaka. (s. 6-13)

bysamfunn. Denne innstilling hos filologene har mange årsaker som ikke her skal berøres. Men en annen grunn er at undersøkelser av slike språklige prosesser som foregår for våre øyne, undersøkelser som tar hensyn til alle relevante faktorer som opprinnelse, alder, kjønn, utdanning, stilling i samfunnet m.m. meget vanskelig lar seg gjennomføre av en enkelt forsker i løpet av en begrenset tid – de ville kreve års gruppearbeid i den rene materialinnsamling, hvor både språkforskere og sosiologer måtte delta, og bearbeidelsen av det innsamlede materiale måtte skje ved anvendelse av moderne statistiske metoder. Slike forskningsprosjekter, hvis resultater også ville ha betydelig teoretisk interesse, ville kunne gi oss ganske annerledes sikre holdepunkter for en vurdering av den faktiske språksituasjon og av den faktiske – og ikke bare antatte eller ønskede – språkutvikling.

Under disse forhold er det meget vanskelig – for ikke å si umulig – å gi noen sikker vurdering av i hvilken utstrekning rettskrivningen av 1938 med den revisjon og de justeringer som ble foretatt i Læreboknormalen av 1959, svarer til faktisk språkbruk, skriftlig og muntlig, eller i hvilken grad den har hatt noen innflytelse på vanlig skrift- og talespråk. Der foreligger noen spredte forsøk på å undersøke forekomsten av hunkjønnformer på –a, fortidsformer av svake verber på –a o.l. i bokmåls litteraturen, men det dreier seg her mest om partsinnlegg i en debatt for eller imot Læreboknormalen. Det er grunn til å tro at omfattende og systematiske undersøkelser, foretatt på vitenskapelig sett helt betryggende måte, ville gi et sikrere grunnlag for alle forsøk på normeringer av språkene. Da komitéen ikke er noen rettskrivningskomité, er disse spørsmål ikke direkte behandlet i innstillingen, men den vil gjerne peke på at her er et rikt felt for vitenskapelig forskning hvor resultatene ville kunne få betydning for norsk språkpolitikk.

Tanken om å skipe eit norsk leksikografisk institutt har møtt ein samla positiv reaksjon hos alle dei som nemner denne saka i sine fråsegner til departementet.

Norsk språknemnd seier i merknaden til Innstillinga m.a. (s. 16 f.):

«Det hastar med å få organisasjon og løyvingar inn i fastare former, og med den semje det er om denne saka, skulle det vere mogleg å ta den ut av sakskomplekset komitéen har behandla, og fremje den som særskild sak, slik både forskningsrådet og ordboksverka gjer framlegg om. Nemnda vil derfor sterkt rå til at departementet snarast mogleg tek stilling til framlegget om skiping av Norsk leksikografisk institutt.»

Universitetet i Oslo, ved Det historisk-filosofisk fakultet, seier:

«Komitéen viser til forslag om opprettelsen av et norsk leksikografisk institutt og peker på det nyttige i å ha en sentral institusjon som kan ta seg av og samordne de oppgaver som nå utføres av de forskjellige ordboksverkene. Fakultetet vil sterkt støtte tanken om opprettelse av et slikt institutt.»

Samanslåing av ordboksverka og skiping av institutt.

Første gongen tanken om å koordinere dei tre ordboksverka som eit felles tiltak vart konkret uttrykt, var da professor Hans Vogt i 1957, som formann i Norges almenvitenskapelige forskningsråd, skreiv eit memorandum til forskningsrådet om dette. Han nemnde den gongen eit samla årsbudsjett på ca. kr. 500 000, eit tal ordboksverka sitt samla budsjett ikkje hadde nådd enno ti år etter. Styra for ordboksverka tok opp att tanken i 1963; da hadde særleg Det norske litterære ordboksverk hatt ei vanskeleg tid etter at forskningsrådet hadde sagt frå at det ikkje kunne gi stønad til dette ordboksverket lenger, og før det var avgjort at det skulle over på statsbudsjettet. Ordboksstyra laga da eit førebels utkast til vedtekter for eit «Institutt for Norske Ordboksverk», som vart sendt Norges almenvitenskapelige forskningsråd i september 1963. Norges almenvitenskapelige forskningsråd svara med merknader frå gruppe A «om vedtekter for et Institutt for norske ordverk», som dei kalla det, den 13. september s.å., og ordboksverka laga den 5. mars 1964 nytt utkast til vedtekter, denne gongen for eit «Norsk leksikografisk institutt», som det sidan har vore kalla. Når det var tvil om namnet, kom det av at det i grunnen ikkje høvde å nytte ordet «ordbokverk», sidan det å laga ordbøker berre er ein del av verksemda – ho går og ut på å lage eit permanent arkiv over norsk ordmateriale, og denne delen av arbeidet skal vare ved også etter at dei store ordbøkene, og andre moglege ordbokstiltak, ein gong er ferdige.

Departementet vart halde à jour om instituttplanane og drøftingane i ordboksverka og mellom dei og Norges almenvitenskapelige forskningsråd; m.a. laga ordboksredaktør Alf Hellevik i Nynorsk Ordboksverk eit notat til departementet i november 1963. På det møtet ordboksstyra da hadde hatt, drøfta dei og spørs-

St. meld. nr. 15.
Om språksaka. (s. 6-13)

målet om instituttet skulle vere eit universitetsinstitutt med midlar løyvde på universitetsbudsjettet, eller «eit frittstående vitskapleg institutt under Kyrkje- og undervisningsdepartementet».

Norsk leksikografisk institutt skal etter planen omfatte tre ordboksinstitusjonar som alt lenge har vore i arbeid, og som i dag er plasserte i Wergelands Hus på Universitetet i Oslo på Blindern, men som ikkje administrativt høyrer til Universitetet. Det er

**Gammalnorsk Ordboksverk,
Det norske litterære ordboksverk og
Nynorsk Ordboksverk.**

Gammalnorsk Ordboksverk (GnO) begynte arbeidet sitt i 1939 etter initiativ av Det norske Samlaget. Føremålet er å samle, registrere, handsame og kartotekføre heile det gammalnorske ordtilfanget, og når dette er gjort, å gi ut ei vitskapleg gammalnorsk ordbok. GnO har og arbeidd med særtiltak som å førebu utgiing av norske diplom (mellomalderbrev), utarbeide tilleggsband til Johan Fritzner, *Ordbog over det gamle norske Sprog* (I-II-III 1886-1896) og gi ut *Ordforrådet i de eldste norske håndskrifter til ca. 1250* (1955).

Den språkhistoriske perioden som blir kalla mellomnorsk tid (ca. 1370 til ca. 1570) er hittil lite utforska. Også frå denne tida er det eit rikt og sær s viktig språkleg materiale. Anten denne perioden blir skilt ut for seg, eller han blir delt mellom to ordboksverk, vil eldste bolken – fram til ca. 1520 – helst måtte takast med mellom arbeidsoppgåvene til GnO, som i så fall aukar mykje.

Det norske litterære ordboksverk (DNLO) vart skipa i 1911 på privat initiativ, av ei gruppe framstående filologar. Arbeidet kom ikkje i gang før i 1923. DNLO har til føremål å samle eit ordarkiv over norsk litteraturspråk fra ca. 1520 fram til vår tid – den språkhistoriske perioden som ofte blir kalla nynorsk tid, til skilnad frå gammalnorsk – og lage ei vitskapleg fullstendig ordbok over norsk litteraturspråk i same tidsrommet.

Nynorsk Ordboksverk (NO) tok til med arbeidet omkring 1930. NO samlar nynorsk ordtilfang frå bygdemål, bymål og nynorsk litteratur. Med grunnlag i dette materialet gir ordboksverket ut *Norsk Ordbok*, ei nynorsk ord-

bok som truleg blir på 7-8000 sider. Første bandet vart ferdig i 1966.

Til saman har dei tre ordboksverka hand om det meste som blir gjort for offentlege midlar når det gjeld innsamling av norsk *ordtilfang* frå gammalnorsk tid til i dag. Innsamlingsarbeid som blir gjort av andre, veit ordboksverka om, og kan få nytte det som kjem inn av materiale: Nynorsk ordboksverk har kontakt med Norsk Målførearkiv ved Universitetet i Oslo, og Det norske litterære ordboksverk har samarbeid med Norsk språknemnd om å registrere nytt stoff frå aviser og tidsskrift, og med Riksmålsvernet om innsamling av tilfang til eit tilleggsband til Norsk riksmålsordbok. Dette samarbeidet er slik at ordboksverka både gir frå seg ordmateriale i kopi, og sjølve får att nytt materiale. Nynorsk ordboksverk har i dei siste åra auka samlingane sine mykje på denne måten; for dei to andre ordboksverka har det betydd mindre til no, men det kan – og vil truleg – auke mykje i omfang for DNLO.

Økonomi.

Ordboksverka har fått løyvingane sine frå fleire kjelder:

Gammalnorsk Ordboksverk var lenge finansiert av Det norske Videnskaps-Akademi i Oslo, og fekk og tilskott frå Nansen-fondet. Frå 1950 har det heilt vore finansiert av Norges almenvitenskapelige forskningsråd (NAVF).

Det norske litterære ordboksverk fekk midlar frå Statens videnskapelige forskningsfond av 1919. Frå først av var det rekna med at sjølve ordboka som skulle kome, kunne bli ferdig på 10 år, og ordboksverket fekk i desse første 10 åra eit årleg tilskott på kr. 3 000 frå forlaget H. Aschehoug & Co. I 1934 og 1935 vart det gitt særskilt tilskott frå Nansen-fondet. Frå 1935 fekk DNLO årlege løyvingar av Kyrkje- og undervisningsdepartementet (av overskott frå Pengelotteriet). Frå budsjettåret 1950/51 gav NAVF årlege løyvingar fram til 1963/64. Sidan har dei ordinære løyvingane kome over statsbudsjettet, med mindre tilskott frå NAVF til ymse utstyr og særtiltak.

Nynorsk Ordboksverk har heile tida vore finansiert over statsbudsjettet, men frå 1949 har NAVF gitt tilskott til arbeidet dei fleste år, og finansiert trykkinga av Norsk Ordbok. For 1965 og 1966 var løyvingane:

St. meld. nr. 15.
Om språksaka. (s. 6-13)

	Nynorsk Ordb.	Gammal-norsk Ordb.	Det norske litt. ordb.	I alt
1965	218 000	84 900	88 000	391 000
1966	259 370	91 801,60	106 000	457 471,60

Desse tala gjeld både ordinære løyvingar og ekstra tilskott. For 1966 var løyvingane frå departementet og frå NAVF fordelte slik:

	Nynorsk Ordb.	Gammal-norsk Ordb.	Det norske litt. ordb.	I alt
KUD	175 000	--	96 000	271 000
NAVF	84 370	91 801,60	10 300	186 471,60

Ordboksverka si finansierings-søge frå opphavet til no viser at det lenge gjekk tungt å finne midlar til å halde arbeidet i gang. Ordboksverka har og sjølve peikt på at det arbeidet dei gjer, har mindre løyvingar, og derfor seinare, enn tilsvarande arbeid i Danmark, Finland og særleg Sverige. Jamfører ein Det norske litterære ordboksverk med Svenska Akademiens ordbok (SAOB), som har om lag same arbeidsområdet, finn ein at SAOB i seinare år har hatt budsjett og medarbeidarstab på om lag 8 gonger det DNLO har hatt. Med same tempoet som no reknar DNLO med å måtte samle tilfang i minst 50 år enno før dei tek til å redigere den store ordboka. Til samanlikning kan ein nemne at første bandet av SAOB kom i 1898, og det 24. til no (fram til *segmentera*) kom i 1965. Å lage ei verkeleg utførleg ordbok over nasjonal-språket er altså ei etter måten stor oppgåve.

Medarbeidarar og plasstilhøve.

Ordboksverka har i dag eit personale på 10 fulltidstilsette og 5 på deltid. Kartoteka med ordmaterialet er på ca. 5 millionar setlar og tek opp ca. 30 løpemeter golv plass, rekna i normal høgd. Til saman disponerer ordboksverka ca. 180 m² omfram magasinrom.

I ei vurdering av rombehov for den neste 20-års perioden, som ordboksverka laga hausten 1966 etter oppmoding frå Universitetet, reknar dei med godt og vel ei dobling av personalet og rombehovet jamført med i dag: Personalet dobla til om lag 30, kartoteka til ca. 60 m, og

rombehovet til ca. 400 m². Da er det teke omsyn både til det arbeidet som er i gang og nye oppgåver som truleg vil kome. Det heiter elles i vurderinga:

«Samtidig har vi tatt med i vurderinga at planane for eit framtidig samla Norsk leksikografisk institutt etter alt å dømme står framfor realisering og at det både frå vitskapleg og språkpolitisk hald synest rå semje om at innsamling og utforskning av norsk ordforråd og utarbeiding av ordbøker til ulike behov må intensiverast. I kalkulasjonane må ein derfor ikkje berre rekne med utviding av dei noverande meir eller mindre permanente tiltaka, men også med nye prosjekt som vil vare kortare eller lengre tid og så bli avløyste av andre. Det må òg vere noko plass til forskarar og studentar som skal bruke samlingane som grunnlag for avhandlingar, hovudoppgåver o.l.»

Alle tre ordboksverka er no fullt opptekne med eit stort og langvarig samlearbeid, og til dels redigering, som fullt ut bind den staben dei har. Til særtiltak treng ein både ekstra folk og ekstra løyvingar. Det å samle eit brukbart materiale til studiar over vår språksituasjon, og å utarbeide ei rad mindre ordbøker og spesialordbøker, er krevjande tiltak om det skal syne resultat innan nokolunde rimeleg tid. Dertil kjem behovet for ein rådgivande instans for liknande arbeid utanfor instituttet. Om dette skreiv ordboksverka til NAVF 14. januar 1963 m.a.:

«Når det gjeld andre ordbokstiltak, av allmenn art eller til bruk for visse fag, vil ordboksverka kunne fungere som sentral sakkunnig instans både for dei som arbeider med tiltaka og for dei som skal løyve midlar til arbeidet.»

Det er lettare å lage mindre ordbøker dersom ein kan byggje på ei stor, uttømmende ordbok over nasjonalspråket. Eit slikt verk har vi ikkje enno, jamvel om Norsk riksmålsordbok er ei god hjelp for den eine målforma.

Departementet meiner at arbeidet med den store ordboka for kvart mål bør styrkjast, og framfor alt ikkje bli seinka ved at den noverande ordboksstaben blir teken bort frå dette arbeidet og sett på meir kortvarige, «mellombels» tiltak. Kva ein da skal satse på særtiltak, må bli å vurdere i samband med budsjetta for dei einskilde år.

St. meld. nr. 15.
Om språksaka. (s. 6-13)

Norsk leksikografisk institutt – eit universitetsinstitutt.

Styra for ordboksverka har i drøftingar kome fram til at instituttet bør vere direkte underlagt departementet. Seinast har styra gjort framlegg om dette i eit skriv til departementet dagsett 28. februar 1967.

På den andre sida er det og vektige grunnar for å gi det den same administrative og økonomiske status som dei andre vitskaplege institutta ved Universitetet i Oslo. Det har ikkje synt seg berre heldig for ordboksverka at dei til no har vore frittstående institusjonar. Såleis har knapt samarbeidet med Universitetet i Oslo vore så nært og så omfattande som det kunne ha vore, trass i at ordboksverka er plasserte på Blindern. Som universitetsinstitutt vil Norsk leksikografisk institutt kunne ta del i undervisningsverksemda ved Nordisk institutt; medarbeidarane kan førelese når det trengst – det gjer dei alt no, men på meir privat basis. Dette vil kunne styrkje Universitetet i Oslo når det gjeld å ta opp leksikografi som vitskapleg emne. Ved å hjelpe interesserte studentar i gang med hovudoppgåver frå leksikografien – noko dei svært sjeldan vel no – kan instituttet både vere til nytte for Nordisk institutt og samstundes lette rekrutteringa av nye medarbeidarar i ordboksarbeidet.

Ordboksverka imellom er det og mykje som talar for å slå dei saman i eit leksikografisk institutt. Materialsamlingane til ordboksverka dekkjer norsk språk frå gammalnorsk til vår tid. Saman utgjer samlingane ein heilskap og bør derfor ikkje vere skilde. Såleis har DNLO eit stort og verdfullt nynorsk materiale som NO nyttar i utgiinga av Norsk Ordbok. Ordboksverka har alt no eit nært samarbeid, med tanke på å utfylle kvarandre og unngå dobbeltarbeid.

Da Universitetet i Oslo hausten 1966 oppmoda ordboksverka til å gjere greie for rombehovet deira i dei neste 20 år, var det med tanke på å få dei plasserte i eit nytt HF-bygg på Blindern. Det vil da vere ei mykje meir praktisk ordning enn den noverande å slå alle samlin-

gane saman i eit stort sentralrom som og inneheld referansebibliotek og ein del opne «arbeidsceller» for forskarar og andre som bruker samlingane, og med lukka arbeidsrom for personalet omkring eller ut frå sentralrommet. Det vil og vere praktisk å kunne ha felles kontorhjelpe og –maskinar.

Departementet meiner det vil vere tenleg at dei tre ordboksverka går saman i eit Norsk leksikografisk institutt. Av naturlege grunnar har ordboksverka hatt sitt sete i Oslo, i nær kontakt med Universitetet her. I dei seinare år har og ordboksverka halde til på sjølve universitetsområdet, i bygget til Det historisk-filosofiske fakultet.

Departementet meiner at ordboksverka framleis lyt vere i Oslo, og rår til at dei går saman i eit Norsk leksikografisk institutt under Det historisk-filosofiske fakultet. Ein ser det derfor som naturleg at Universitetet i Oslo under arbeid med planar om utviding av lokala for Det historisk-filosofiske fakultet tar med i romprogrammet plass for eit leksikografisk institutt.

Departementet vil peike på den interesse som våre andre vitskaplege lærestader og institusjonar har når det gjeld eit sentralinstitutt for leksikografi. I tillegg til dette kjem at eit slikt institutt og vil måtte ta seg av oppgåver som ligg noko utanom det eit universitetsinstitutt til vanleg steller med. Det blir derfor viktig å finne ei organisasjonsform som både er tilfredsstillande ut frå dei funksjonar instituttet skal ha og som høver inn i universitetsorganisasjonen. Departementet meiner det i samband med Norsk leksikografisk institutt kan vere tenleg å ha ein rådsinstitusjon der dei som har reell interesse i instituttet, er representert.

Elles reknar ein med at dei tre ordboksverka blir samla under ei felles øvste leiing og med felles samleingar av materiale, litteratur og utstyr og felles budsjett. Men alle meir faglege og praktiske spørsmål som reiser seg i samband med skiping av eit Norsk leksikografisk institutt, må drøftast og vurderast nærare av styra for ordboksverka og Universitetet.

Innst. S. nr. 189 -- 1969 -- 70

Innstilling fra kirke- og undervisningskomitéen om språksaken

(St. meld nr. 15 for 1968/69)

Utdrag frå Stortingstidende (s. 275 - 277)

II. Norsk leksikografisk institutt.

I sin innstilling fremmer Vogt-komitéen bl. a. forslag om:

"Stimulering av forskning av norsk språk i dag, både skriftlige og muntlige former av språket.

Stimulering av utgivelse av gode ordbøker og utredning av prinsippene for utgivelse av fremmedspråklige ordbøker. Opprettelse av et Norsk leksikografisk institutt til utredning, koordinering og gjennomføring av slike tiltak som nevnt (kap. II og III)."

Som bakgrunn for forslaget er bl. a. pekt på at den språkvitenskapelige forskning ikke på langt nær er tilstrekkelig, og på visse urasjonelle forhold ved utgivelse av ordbøker og ordlister.

Om utforskningen av norsk språk sier Vogt-komitéen bl. a.:

"Språket er ikke bare uttrykk for et folks samlede forestillingsverden, men også bæreren av kontinuiteten i dets historie. I språket er nedfelt generasjoners erfaringer, gjennom språkets historie kan vi følge kulturutviklingen fra de eldste tider – i vårt land fra de eldste runeinnskrifter. Alle språk har sitt særpreg, og alle folk har i språket en arv som de ønsker å verne om. For alle folk som er i stand til å ofre noe for sin egen kulturelle utfoldelse, er språket sentral oppgave. I ethvert språksamfunn er det en viktig oppgave å gi alle brukere av språket de beste muligheter for å øse av språkets kilder og sikre grunnlaget for en sunn og naturlig utvikling uten å sette bom for impulser utenfra.

På grunn av den langvarige språkstrid i landet, har debatten om språklige spørsmål spilt en store rolle, men språkstriden har kanskje også vært til hinder for en samlet innsats for en systematisk utforskning av våre skriftspråk, slik de virkelig er, og av våre dialekter, de gamle og de nye. Den støtte som myndighetene har gitt til slike tiltak, har ikke stått i noe forhold til omfanget av og intensiteten i språkdiskusjonene. På mange felter av forskningen ligger vi etter våre naboland og andre land som det er naturlig å sammenligne oss med.

Utforskningen av norsk språk, dets historie, dets skriftspråkstradisjoner, talespråkene og de levende målfører i by og bygd, bør stå sentralt i norsk språkforskning og bør støttes planmessig ved alle høyere læreanstalter hvor der drives vitenskapelig forskning, i første rekke ved våre universiteter og vitenskapelige institutter. Dette er en forutsetning for at den allmenne diskusjon om språklige spørsmål kan bygge på sikker og objektiv informasjon og for at allmennheten kan nyttiggjøre seg forskningens resultater."

Vogt-komitéen peker videre på at vi i dag har få brukelige ordbøker, men derimot et stort antall ordlister skrevet ut fra hensynet til læreboknormalen og dens varianter eller ut fra bestemte språkpolitiske synsmåter. Ved siden av å påskynde det arbeid som for tiden pågår i ordboksverkene, Det litterære ordboksverk, Gammelnorsk ordboksverk og Norsk Ordbok (Nynorsk ordboksverk), understrekes det at en rekke nye oppgaver venter på å bli løst. Det heter videre i innstillingen

"Alle disse oppgaver vil kreve en betydelig innsats av arbeidskraft og penger, men den (komitéen) er overbevist om at løsningen av dem er en av forutsetningene for en heldig utvikling av språksituasjonen i vårt land."

Også departementet tar opp tanken, som for så vidt ikke er ny, om et Norsk leksikografisk institutt. Departementet mener dette bør knyttes til Det historisk-filosofiske fakultet ved Universitetet i Oslo, men peker også på at styrene for ordboksverkene har foreslått at instituttet legges direkte under departementet. Departementet sier til slutt:

"Det blir derfor viktig å finne ei organisasjonsform som både er tilfredsstillende ut fra dei funksjonar instituttet skal ha og som høver inn i universitetsorganisasjonen. Departementet meiner det i samband med Norsk leksikografisk institutt kan vere tenleg å ha ein rådsinstitusjon der dei som har reell interesse i instituttet, er representert.

Ellers reknar ein med at dei tre ordboksverka blir samla under ei felles øvste leiing og med felles samlingar av materiale, litteratur, utstyr og felles budsjett. Men alle desse meir faglege og praktiske spørsmål som reiser seg i samband med skiping av eit Norsk leksikografisk institutt, må drøftast og vurderast nærare av styra for ordboksverka og Universitetet."

Komitéen slutter seg helt til det prinsipielle syn som her kommer til uttrykk. Av hensyn til det daglige samarbeid mellom våre tre ordboksverk og det arbeid de for tiden er beskjeftiget med, er en administrativ sammenslåing ikke nødvendig. Skal en imidlertid effektivt kunne løse også de andre aktuelle oppgaver som er nevnt, tror **komitéen** det er nødvendig å etablere en fellesinstitusjon som kan planlegge og koordinere hele arbeidet. Dette arbeid må nødvendigvis skje på vitenskapelig basis og i nært samarbeid med Universitetet og vil også ha stor betydning for Universitetets øvrige virksomhet. **Komitéen** slutter seg derfor til departementets forslag om å etablere et Norsk

leksikografisk institutt under Det historisk-filosofiske fakultet ved Universitetet i Oslo. **Komitéen** er imidlertid enig i at det er en rekke spørsmål av faglig, praktisk og organisatorisk art som må drøftes og vurderes av styrene for ordboksverkene og Universitetet før instituttet kan opprettes. I denne sammenheng vil **komitéen** også understreke betydningen av at tilstrekkelige midler blir stilt til rådighet for ajourføringen av Norsk Riksmålsordbok. **Komitéen** vil be om at disse spørsmål søkes avklart så snart som mulig og at departementet påskynder arbeidet med opprettelsen av et Norsk leksikografisk institutt.

Komitéen er kjent med at ved Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen er det bygd opp en avdeling for å benytte datamaskiner i språkforskningen. **Komitéen** går ut fra at det arbeidet som drives i Bergen, blir sett i sammenheng med et Norsk leksikografisk institutt.

Utdrag frå Statsråd Bondeviks innleiingsføredrag i debatten om Språksaka, 19.5.1970. (sitert etter Stortingstidende 1970 s 2732-2733)

.....

I innstillinga til Stortinget har så kyrkje- og undervisningskomiteen vurdert framlegga frå Vogt-komiteen og synsmåtane i meldinga frå departementet.

Når eg skal gå noko nærare inn på ein skilde tilrådingar som komiteen legg fram, er det rimeleg å leggje hovudvekta på dei punkta der komiteen bed departementet syte for at arbeid kjem i gang.

Det første gjeld skiping av eit norsk leksikografisk institutt. Det har heile tida vore brei semje om å samle dei tre ordboksverka - det gammalnorske, det litterære og det nynorske - i eit eige institutt ved Universitetet i Oslo, der dei no er plasserte. I tillegg til dei ordbokstiltaka som instituttet alt vil vere i gang med når det vert skipa, vil instituttet truleg verte eit viktig organ for rådgjeving og utgreiing. Kyrkje- og undervisningskomiteen meiner òg at eit norsk leksikografisk institutt bør ha ein representant i kvar seksjon av Språkrådet, men kan hende utan røysterett.

Når det leksikografiske instituttet skal skipast, vil det vere viktig at det får arbeidstilhøve som svarar til dei oppgåvene det skal ha. Vogt-

komiteen legg vekt på gransking av norsk språk. Dette vil auka interessa for ordboksverka, slik at instituttet må ta på seg mange oppgaver i tillegg til det arbeidet ordboksverka gjer no. Det vert viktig at instituttet får dei ressursar som må til.

.....

NO slik redaktørane har presentert henne i artiklar

Syn og Segn 1964 s. 162–168

SPRÅKBRUK, ORD OG ORDBØKER

Redaksjonen for Norsk Ordbok synest nå — etter «tjuvstarten» i 1950-åra — vera komen så langt at han kan senda nye hefte ut med rimeleg fart. Dermed tar vi til å få ein bra stor del av denne nye nynorske ordboka, som blir mange gonger større enn dei vi nå har, og som for første gong skal registrera språkbruken i den nynorske litteraturen. Samanlikna med andre nasjonalordbøker har Norsk Ordbok eit noko uvanleg dobbelformål: å vera både ei folkemålsordbok og ei litteraturordbok på same tid. Dei fleste verk av denne typen er i praksis berre litteraturordbøker — og enda om det er vel og bra at Norsk Ordbok supplerer det folkemålstilfanget vi kan finna i ordbøkene til Aasen og Ross, så er likevel det litterære språkstoffet i den nye ordboka mykje viktigare. Men til somme av dei trykte kjeldene for verket, og den måten dei er brukt på, kan det vera ymse merknader å gjera:

I føreordet til første hefte skriv redaksjonen — det gjeld spørsmålet om å ta framandord opp i Norsk Ordbok — at «ei ordbok over eit kulturmål vil vera uheil» dersom ikkje slike ord kjem med. Truleg kan denne setninga gjelda i ein mykje meir allmenn samanheng: dersom ordboka berre skal ta opp dei orda som alt finst på prent i nynorsk, må tilfanget bli ujamt. I eit ungt litteraturmål som nynorsk er, kan det på ymse måtar vera tilfeldig om eit gjengs ord finst i skriftspråket. Men om *bispinne* eller *bokreol* eller *bustehovud* ikkje finst på prent i dag, så kan dei finnast i morgon (det første av dei er nemnt som døme i innleiinga, men er ikkje med i sjølve ordboka).

På somme område er nynorsken eit uferdig skriftmål. Det reiser særskilde problem for den store Norsk Ordbok som no er under utgjeving. Universitetsbibliotekar MATIAS TVEITANE tek her opp nokre slike problem til kritisk saumfaring, og ordboksredaktør ALF HELLEVIK svarar.

Det er greitt at dette er eit problem for den som skal laga ei ordbok over eit slikt ungt mål. Skal han berre ta med dei orda han har litterære belegg på, kan det sjå ut til at ord som vantar, i det heile ikkje er brukande. For filologar ville eit slikt «tilfeldig» ordtilfang vera interessant nok: det ville for-

telja kor langt nynorske skribentar (som det her er tale om) var komne med si måldyrking, med å ta nynorsken i bruk på ulike område, omkring 1950. Men ei ordbok har sjølv sagt eit praktisk føremål og, som gjer at ein ikkje kan gå fram slik. Ordbokskrivaren kan da bli nøydd til å ta ord frå andre ordbøker — t.d. seia til seg sjølv at *blodappelsin* eller *brannmann* må ein kunna seia (og skriva) i nynorsk og; derfor fører eg dei orda opp. (Dei er ikkje kjeldefeste i Norsk Ordbok; vi kan ikkje vita kvar redaksjonen har dei frå.) Men skal ein såleis nytta andre ordbøker til kjelde, må ein vera viss på at dette ordbokstilfanget byggjer på verkeleg *språkbruk*.

I gamle litteraturspråk er det meir vanleg enn her hos oss at skrivande folk nyttar ordbøkene til å korrigera det dei skriv, kontrollera at ord og ordlag verkeleg «høyrer heime» i deira skriftmål. Den som skal skriva nynorsk, har i det heile ikkje denne utvegen førebels. Og dette er særleg eit aktuelt problem for den som har nynorsk til sidemål, på skulen eller i embetsteneste, og skal prøva å setja om frå bokmål til nynorsk. Ein kan da ikkje unngå å koma borti eit problematisk «ordtilfang» i det nynorske språket. Vi har nokre større og mindre fornorskingsordbøker som skal vera til hjelp i slike høve. Men fordi nynorsken ofte har vanta ord for vanlege omgrep i «det almindelige bokmål», kom desse bøkene til å ta opp — som *forslag* til omsetjing — mange ord som aldri hadde funnest på prent (eller i språkbruk) før. Ordbøker frå framande mål (tysk, engelsk) til nynorsk har i nokon mon gjort like eins. Somme av desse forslaga har så slått igjennom og høyrer nå til gjengs språkbruk, andre er aldri komne utafør ordbøkene. Og kva status kan da desse siste få i ei litteraturordbok?

Svaret på eit slikt spørsmål er eigentleg ikkje tvilsamt. Det er ein grunnregel i all språkvitskap at det ein kallar «metaspråk»: ord og vendingar som ein grammatikar nyttar når han skriv om språket, ikkje samstundes kan vera kjeldetilfang for grammatikken hans. Det burde vera like sjølv sagt at ei ordbok ikkje kan vera primær kjelde for ei anna — like eins som ordboka ikkje kan vera kjelde for seg sjølv. (I dei 1100 spaltene av Norsk Ordbok finst det nå mange uttrykk som *kunne* vera gode døme på moderne nynorsk språkbruk. Når t.d. ordet *brevordnar* er definert som ei «greie til å ordna og gøyma brev i», kunne definisjonen vore eit bra belegg på denne bruken og tydinga av «*greie*» — men det er slikt ein ordbokskrivar ikkje må gjera!)

Men nå finn ein i Norsk Ordbok altfor mange døme på at ord er

sitert berre etter andre ordbøker, og slik at ein iallfall ikkje kan vita om dei finst andre stader. I siste hefte er t.d. ordet *brattleik* sitert etter Raknes: Engelsk-norsk ordbok; like framfor er ordet *bratte* ført opp med ei tyding «det å vera bratt, brattleik» (utan kjelde). Den engelskkunnige ser straks at dette *brattleik* ikkje kan vera noko anna enn ei prøveomsetjing av engelsk *steepness*; under dette engelske ordet finn ein så (hos Raknes) både *bratte* og *brattleik* som «omsetjing». Men slike adjektivabstrakt finst det mykje færre av i norsk enn i engelsk og andre gamle litteraturspråk. Det er brukeleg, om enn ikkje særleg god moderne engelsk å seia t.d. «the steepness of this hill was so great that...», men det er om lag umogeleg å setja dette ordrett om til norsk, det må helst heita «bakken var så bratt at...» — for *brattleik* eller *bratte* som adjektivabstrakt finst knapt i norsk språk (det vil eg iallfall sjå verkelege døme — *sitat* — for, før eg trur det). Og heilt på villspor er vel ordbokredaksjonen når han fører tydinga som adjektivabstrakt opp som «den eldste og mest opphavlege» til *bratte*: eit slikt språktilstand har vi ved ymse andre adjektiv-avleiingar, t.d. *høgd* eller *lengd*, men ikkje her.

Engelsk, som er eit skriftspråk med lange tradisjonar, har ein god slump høglitterære ord av denne typen: *steepness*, *highness*, *density*, *profundity* osv. Skal dei setjast ordrett om, må vi gripa til det vi kallar omsetjingslån — ein ordtype som *brattleik* er eit tydeleg døme på. Slike omsetjingslån er da nylagingar, ord som ikkje finst i språket (med den tydinga) frå før. Men dersom ordlaginga er grei, og ordet trengst, kan det lett bli akseptert og koma i allmenn bruk — jfr. *kringkasting* etter engelsk *broadcasting*, eller eit nylaga fagord som Gjelsviks *oreigning* etter latinsk *expropriatio*. Andre nylagingar — mellom dei mange adjektivabstrakt av typen «brattleik» — er derimot berre heimløyser; ofte av eit slag nynorske måldyrkarar strir med å halda ute: eg trur t.d. mange norsklærarar har streva med å forklara motviljuge gymnasiastar at det er «ein umogelegskap» å nytta eit ord som «mogelegskap» i nynorsk — når det faktisk står i ordboka deira at det svarar til «mulighet»....

Kriteriet på om slike ord: *bjartleik*, *blautleik*, *blidleik*, *brattleik* osv. skal inn i ei litteraturordbok, må da vera at dei verkeleg er tekne i bruk, at dei finst i litteraturen. Men det går ikkje an at ordbøkene berre skriv av etter kvarandre. Noko liknande gjeld ymse prøveomsetjingar av ord for konkrete ting. I si tid lanserte Ola Raknes ordet «bilskjol» for det franske *autogare*. Finst dette ordet andre stader enn i hans Fransk-norsk ordbok, og på nytt i Norsk Ordbok?

Norsk folkemål har valt ei anna samansetjing her, kan vi sjå: *bilstall*.

Litegrann komisk verkar det når Norsk Ordbok ved ordet *brok* siterer «kjerring som ber både stakken og broka» frå den same ordboka til Raknes (= fr. porte-culotte). Dette ville vore eit framifrå døme dersom det hadde funnest på prent, t.d. nett i ei omsetjing frå fransk — men kvifor skal ei ordbok vera kjelde for eit kvardagsord som *brok*? Finst ikkje det siterte uttrykket andre stader, høyrer det ikkje heime i ei nynorsk litteraturordbok. Av same heftet ser vi at slike kvinnfolk nok finst i vårt land og; men om dei heiter det (i norsk folkemål) at dei «ber både stakken og *buksa*».

Nå vil eg gjerne tru at redaksjonen har sitat og kjeldefesting til somme av dei orda eg her nemner, der det berre er vist til andre ordbøker. Men eg har vondt for å tru at det gjeld alle — og i alle høve er denne siteringsmåten etter mitt syn gagnlaus: finst det litterære belegg for orda, så skal dei først opp — finst eit ord berre i ordbøker, så høyrer det ikkje heime i språket, førebels. Skal ord som *bjartleik*, *brunleik* osv. vera liv lage i nynorsk, må det vel koma ein diktar som skriv i den presiose stilen der slike ord høyrer heime. Så lenge nynorsken har vore eit skriftspråk, har storparten av dei vore framande: dei høyrer ei anna tid og ein annan stil til, — og sist denne stiltypen var på moten (i 1890-åra) nytta Garborg han på dansk, i «Trætte Mænd». Ordet *brunleik* er etter Norsk Ordbok «mest» litterært — det er sitatfest, med eitt døme. Vil dette seia noko anna enn at *brunleik* finst i litteraturen, medan *bjartleik* truleg ikkje finst? (jfr. Raknes: *brightness*).

Eg vil ikkje med dette ha sagt at ordforrådet i Raknes' Engelsk-norsk ordbok er utan interesse. Eg skulle gjerne sjå at det vart emne for ei doktoravhandling: kor mykje av dette tilfanget var skriftfest eller i *allmenn bruk* på førehand — kor mange av R.'s nylagingar eller sjeldsynte målføreord er komne i bruk seinare — kor mange finst *berre* i ordboka? (etter siteringsmåten i Norsk Ordbok har eg mistanke om at det er ein slump).

Noko anna er det så at det sjølv sagt har interesse å få vita om eit folkemålsord at det finst i ordbøkene til Aasen og Ross; slike ord er ikkje desse forfattarane primære kjelder for. Derimot er Schjötts Norsk Ordbok ikkje noka brukeleg kjelde — m.a. fordi han nettopp gjer det ein ordbokskrivar ikkje må: skriv av etter seg sjølv. (Underskrivne skal gjerne vedgå at eg er ein *bokorm*; til nød kan eg også akseptera namnet *bokmakk*, som det finst litterære belegg for, men eg vil ikkje kallast ein «bokkrok» — ei glose som har vandra frå

Schjötts Dansk-norsk Ordbog 1909 (bogorm) til hans Norsk Ordbok 1914 og vidare til Norsk Ordbok 1962, men vonleg aldri kjem ut av ordbøkene.)

Fornorskaren Ivar Aasen har heller ikkje større rett enn andre til å få sine nylagingar med: dersom ordet «brevlakk» aldri har kome utafør det manuskriptet hans som er kjelde for det, høyrer det ikkje heime i ordboka. Er det vidare nokon grunn til at den framande planten *kikerert* skal kallast «bukkert» på norsk, og er det rimeleg å føra dette opp som eit «ord» i norsk språk, dersom glosa berre finst i Schjötts Dansk-norsk Ordbog? At ein ordbokskrivar lagar plantenamn, er ikkje det same som at ein botanikar gjer det.

Den som med ordbøker helst meiner ordbøker over framande språk, vil vel synast det er rimeleg at slike bøker skal fortelja kva ord «tyder». Men i ei nasjonalordbok er dette knapt det viktigaste lenger. Den som bruker eit slikt verk, er truleg oftare interessert i å få vita kva rett skriveform for eit ord er, kva det «kjem av», når og korleis det har vore brukt i litteraturen. Derimot vil han sjeldan ha større nytte av «definisjonen». Kor gagnlause slike ordboksdefinisjonar kan vera, veit den som t.d. har prøvd å finna ut — etter *definisjonen* i ei engelsk ordbok — kva eit noko sjeldsynt plante- eller fuglenamn eigentleg «tyder».

Verdien av definisjonane i Norsk Ordbok kan og vera så ymis. Den vi finn under ordet *brille* er korkje verre eller betre enn den tilsvarende i Norsk Riksmålsordbok (som igjen er om lag ordrett den same som i Ordbog over det danske Sprog). Definisjonen av *brus* er knapt nyttigare. Eit sjeldsynt ord som *brøggeritt* har sikkert fått ei korrekt forklaring — men ville det ikkje vore meir relevant i ei ordbok å skriva «mineral oppkalla etter geologen W. C. Brøgger» — det fortel noko om opphav og tidfesting for *ordet*; dei saklege opplysningane om korleis *mineralet* er oppbygd, kunne ein så finna i eit leksikon (Norsk Allkunnebok er primær kjelde her). Det er inga skarp grense mellom ordboks- og leksikondefinisjonar av slike ting; men eg synest likevel Norsk Ordbok har svært mykje leksikonopplysningar; den plassen dei tar kunne vore nytta betre. T. d. har Norsk Riksmålsordbok til ordet *apatitt* ein etymologi som eg synest høyrer meir heime i ei ordbok enn dei realopplysningane Norsk Ordbok gir til same ordet. Også ved ordet *appelsin* har redaksjonen brukt mykje verdfull plass til reine leksikonopplysningar: finst det ingen *appelsinar* i den nynorske litteraturen enda? (Jfr. karakteristikken av ein mann hos den svenske lyrikaren Nils Ferlin:

«Det är en disponent. Hans kinder skiner: Hans kinder skiner som två blodapelsiner....»)

Ut frå det vanlege synet, at ei ordbok skal fortelja kva ord «tyder», opplyser redaksjonen i føreordet at mange vanlege samansetjingar, der «tydinga er heilt grei», er sløyfa. Nå er det greitt at her er eit plassproblem: ordboka må ikkje bli for stor. Men var det berre tydinga om å gjera, kunne ein vel ha sløyfa mange fleire samansetjingar, og på den plassen ein vann, gi fleire døme på grunnorda — ein kunne koma så langt at alle ord var sitatfeste. Er det eigentleg nokon som treng å få vita kva *bringeberbrus* er — og på den andre sida: finst det ikkje annan brus og, som like gjerne kunne vore med? (Norsk Riksmålsordbok kjenner heller ikkje til annan brus enn *bringeberbrus*, etter det eg kan sjå. Samsvaret er knapt tilfeldig: ein kan ofte sjå at Norsk Ordbok har tatt ord og definisjonar frå Riksmålsordboka — når orda har om lag same lydform og er like brukelege i nynorsk som i bokmål.) Dette banale eksemplet er tenleg nok til å syna korleis tilfanget er skeivt.

Det er vel og dårleg økonomi når definisjonar av lettskjønelege ord står i *staden for* kjeldetilvisingar — t. d. ved ordet *brakkeby* i *staden for* ei tilvising til Kristofer Uppdal? Kunne ikkje redaksjonen spare seg bryet med å «definera» mange slike sjølvsgde samansetjingar, og heller skriva meir utførleg om ord som verkeleg har litterær interesse? Eg skal nemna eit særmerkt ord i det nynorske litteraturspråket: *brennhug*. Det fanst vel på førehand i målføra (registrert hos Ross); men er tvillaust mest utbreidd som litterært ord, særleg i bibelspråket. Omsetjinga til Ross: «brændende Attraa eller Iver, Entusiasme» — gir ein peikepinn her. Etter Schjötts Dansk-norsk Ordbog er *Enthusiasme* = *brennhug*, *eldhug*; det siste av desse orda har Ross «ikke hørt», det er reint litterært, etter dansk «ildhu». I hovudsak er dei to orda nå differensierte i nynorsk skriftspråk, slik at *brennhug* svarar til det bibelske *zelos*, «brændende Attraa eller Iver», *eldhug* til dei litterære entusiasme-inspirasjon-begeistring. Denne differensieringa skulle det la seg gjera å fylgja i nynorsk skriftmål. Interessante unntak finst, slik hos Olav Nygard i Mitt einaste kvad: «Og det er min otte: at *brennhugen* spaknar....» (*brennhug* = inspirasjon). Det er også eit tredje ord som høyrer heime i denne samanhengen: *annhug*, brukt i det eldste nynorske Nytestamentet 1889. Derfrå tok Garborg det og nytta det i Fred (sitert i Norsk Ordbok) med ein bibelsk farge som ikkje er like lett å sjå i dag, fordi bibelspråket har tatt ein annan veg i mellomtida. Dette Garborg-sitatet er

eit fint døme på kva ei litteraturordbok kan læra oss. Men eg saknar ei tilvising under *brennhug* — så ein kunne sjå at språkbruken har skift. Ville ikkje det vore nyttigare enn tilvisinga frå *apatitt* til *tomasfosfat*?

Eg trur nok redaksjonen stundom kunne skilt betre mellom leksikonopplysningar om konkrete *ting* og ordboksopplysningar om *språkbruk*. Og særleg trur eg at den litterære språkbruken, den verkelege *måldyrkinga* i nynorsk skulle analyserast og dokumenterast noko grundigare enn det synest vera gjort hittil.

Mattias Tveitane.

kveise som skal koma av innestengd graskap (Øksendal, Sunndal). -køyse f gra (2) kvinne (ØksendalM).

grakvist m sjå *gravkvist*.

I **gram** m [kanskje av mlat *gradale, gradalis* 'skål'; mogleg opph i kelt. myt.] serl i samb *den heilage gral(en)* staupet som Jesus (etter legenda) brukte då han skipa nattverden (Gullv.B 257; J.SandeS 21): *no strøymer det .. strålar i stjernehimlut natt frå den heilage gral (Aukr. 449).

II **gram** m [til III *grål*] mas, ordstrid (SeljeM).

gra-lam n kjønnsmogi lam (Sæl.NS 65).

grals-riddar m riddar som (etter legenda) søker den heilage gralen (Vo.Ty u *gralsritter*).

gra-lukt f tev av grabukk (1) (SeljeM). -lus f grabukk (2) (Agdest.IS 88).

I **gram** m [VTel1821 *grammæ*, A,R,R4; jfr II og V *gram*; jfr gno *gramr* 'fiendsleg menneske, djevel']. 1) stor åme (i ftru med eit sers giftig og drepande bit) av fivrelde (1a) el spinnar, såleis av furuspinnar (*Dendrolimus pini*), ligustersvermar (*Sphinx ligustri*); (ög:) fauske-makk; jfr *lauvåme, tusse, tussemakk* (NØdM, Tel, Agd, LundM; GOS VIII, 124; MM 1923, 95; SS 1925, 397; NFL18Stor. 259); *gram har eiter* (ListaM) / *gramen er laga som ein makk og ljoseitt og lang som ein av dei lengste fingrane* (jfr NFL9Bøh 126). 2) ftru, mystisk, sjeldsynt paddeliknande dyr med hale (som ein meinte hadde eit drepande bit), såleis a) vass-salamander (*Triturus cristatus*) (Tel; Solh. Sr 248; MM 1923, 95); *gramen likna ei padde, men .. var grannare .. livde i vatn* (NFL103Søgne 126). b) landfirfisle (kanskje *Lacerta vivipara*) (VAgdR, DalR). c) slags fabeldyr; slags firfisle med hovud i kvar ende (Mandal NFL18Stor. 259, Lund, Bjerkreim; jfr LieDD 64): *gramen saug mjølka or kyrne på stølen* (Bjerkreim) // (fabel)insekt (Seljord, Vinje, ListaM): *men so kom sumstad gramar og åt upp alt* (Be.VR IV, 62). d) liten giftig orm (VTel1821).

II **gram** m [i oms. frå gno *gramr* 'hovding', 'sverd'; sm o s I *gram*]. 1) hovding (FloGS 16): *igår ved gry, då gramen stupte (Mort.E 67). 2) sverd: *gramen glumde Gutorm i hovud (Mort.E 95, jfr 61).

III **gram** m (n) [A²; sm o s I-II *gram*]. 1) harme, argskap (VaM, VinjeA²): *straumen hindrast av urett gram (Ves.LEL 14) / *draumevev av frygd og gram (KiranMLL 14). 2) klage, syting (SeljeM).

IV **gram** n [gr *gramma* 'bokstav, vekteinving' over fr *gramme*] eining for masse, 1/1000 av eit kilogram (symbol g); i sms som *hektogram, kilogram*.

V **gram** adj [F 134.A; til I-III *gram*; gno *gramr*]. 1) a) vreid, tykken, harm (YSandsværM, Tel, NorddalM, Trl, No; Vi.SkrS V, 373; Fedrah 1878; AudneKS 238; Hovd.K 77): *hjelmen han hoggje, og han var gram (Fv III, 102) / dyret vart no so gram i at det tynte buskapen for folk (RøkkeSGAa 60 ett gno *ólmr*) / i samb *gram i hug* (YSandsværM; jfr FvLa. 19): *folen, toss vera i hugjen gram (Fv II, 27) // attmed anna adj: *Blakkinn han vart så gram og môd (FvLa. 518) / vrei og gram (FvBu. 61; GOS VIII, 74) / ill og gram sjå ill. b) sur, tverr,

beisk, bitter (StrynM; Egg.KR 13): *sorgi gram sat attmed deira sida (NSalm 637,5). 2) a) sj, fæl, ram (til å gjera noko): *ho var gram til å trolle* (NFL21Selj 83). b) hæken, grådig (F 259); ordt: *gløgg sparar, gram et den kloke sparar, den hæke øyder* (jfr F 134). 3) som angrar; hugill, ottesam (NorrdalM): *eg er så gram for di dei for utav garden svoltne*. 4) svært stygg å sjå til; grim (StavBe.): *ho var beintfram gram*.

-gram n [sm o s IV *gram*] noko som er (opp)skrive el (opp)teikna: *epi-, flora-, fono-, foto-gram*.

I **grama?** v -a [målf *gråmá*; jfr sv målf *gramma* 'gripa i, gramsa', R] spørja nøye, frega (SelR, VågÅR): *grama i alle rør* / (R) *grama eiter* (R) / *grama og spørja* (R).

II **grama** el **gramma** v -a [Snm1810 *gramme*, VTel1821 *grammæ*, A *gramma*; smh med I-III *gram* og *gremja*] syta, gremja; låta ille; harma seg (Selje, MøRo; Visl.S 94; Hovd.A 88); mest refl *grama seg: han grama seg for det / han grama seg for faren* klaga si naud for faren (A¹). **gram(m)ast** v [R; målf *gråmås*] *grama seg* (HaltdalenR, Selbu).

gramaner subst pl [av *agraman*, frå fr *agrément* 'pynt'] (på kvinnekledde) pyntebord (NøtterøyP.).

gramasje, gramask m sjå *gamasje*.

gram-atom n [*gram*-] forald, tekn, mol av eit spesifisert atom (NTO; A.Gjelsv.LKRG 44).

gram-bit (i) n [R] bit av gram (I) (AgdR, DalR; R.-Kj.VGT I, 66 og II, 5): *grambet fær dom av grammen* (NFL9Bøh 126) / *eit grambit kan ikkje gro* (EikenM). -biten (i) adj [R] biten av gram (I) (DalR; NFL18Stor. 260).

grambrød n grahambrød (Oslo).

gram-ekivalent m [*gram*-] forald, tekn, mol av ein spesifisert ekvivalent (NTO); hertil *gramekvivalentvekt* (NoAllk III, 778).

gram-hogg n grambit (R.-Kj.VGT I, 96). -hogd adj grambiten (DalR). -hoggen adj dss frg (LiR).

gram-hug m [til V *gram*] sj, vranghug, illhug: *slikt talar om rettsstyring .. om vi så ser gramhugen bak* (KohtHH 10).

gram-kalori m [*gram*-] varmemengd som trengst til å heta opp 1 gram vatn 1 grad (Jans. Esk.LF 105).

gramma v sjå II *grama*.

grammatikalsk adj [-kalsk] målv, grammatisk, som har med reglar for (rett) målbruk å gjera: *skriva grammatikalsk (rett) / der er .. ei samanbinding, som både er grammatikalsk og logisk meningslaus* (Vi.SkrS II, 183) / *grammatikalsk talad stend det eine (bladet) i imperfektum og det andre i futurum* (Dølen 1869, 11, 4, 2). **grammatikar** m [*gramma*-] person med grammatikk (1) som fag; lingvist, språkvitar som serl arbeider med morfologi og syntaks. **grammatikk** m [-tikk; av lat *ars grammatica* 'lære om å lesa og skriva']. 1) målv, (framstilling av) strukturen i eit mål, samnemning for lyd lære (fonologi med fonetikk), ord- og formlære (bøyinglære el morfologi), tydingslære (semantikk) og lære om korleis syntagme og setningar er oppbygde (syntaks) (jfr

Syn og Segn 1964 s. 169-174

MEIR OM SPRÅKBRUK OG ORDBØKER

Dei spørsmåla *Mattias Tveitane* drøftar i stykket sitt, er ikkje ukjende for dei som har vore borti nynorsk leksikografi, men det hindrar ikkje at det kan vere nyttig å ta dei opp til drøfting for eit vidare forum — enda dei vel har størst interesse for ein trongare krins av fagfolk.

Kva som er viktigast av folkemålstilfanget og det litterære ordtilfanget i Norsk Ordbok, vil vere avhengig av kva brukaren søkjer. Vi får mest dagstøtt prov på kor viktig det er å få samla i *eitt* arkiv og i *ei* ordbok dei opplysningar om ordtilfanget i målføra som no er spreidde i ulike ordbøker og andre kjelder, og kor gjerne vi skulle ha fått gjort meir av systematisk innsamlingsarbeid på dette området. Både i Danmark, Finland og Sverige er det i gang ei så omfattande innsamling og utforsking av ordtilfanget i folke-målet at det steller vår innsats i skuggen.

Men elles er eg ikkje usamd i at det *litterære* språkstoffet i Norsk Ordbok er viktig og ut frå visse synspunkt viktigast. Det har eg sjølv gitt ord for i ei utgreiing som er prenta i «Forskningsnytt» 1958, s. 3 ff. Eg peikar der bl. a. på at kombinasjonen av dialekt-ordbok og litterær ordbok nok skaper visse problem, men også har «den store føremon at ordboka viser den faktiske brytinga mellom talemål og skriftmål, og /tilfanget frå målføre og litteratur kan gjensidig utfylle og kaste lys over kvart anna. Eg reknar det som kanskje den viktigaste fortenesta ved dette ordboksverket om det kan lykkast å få fram dette samspelet mellom målføra og kulturmålet, og vise korleis målføreorda er odla og dyrka ved skriftleg bruk, og gjennom bibel og salmebok og verk av store diktarar er lyfte ut og opp or sitt opphavlege miljø og har utvikla nye tydingsnyansar og fått ein ny stilklang. Dette skulle elles ha ålmenn språkvitskapleg interesse.»

Av dette følger òg at det i eit så relativt ungt skriftmål som nynorsk, eit mål som meir enn eldre skriftmål er i stadig utvikling og forming, der trengst det etter måten stort tilfang til rein doku-mentasjon. Vi skal ikkje berre ha best mogleg oversyn over dialekt-

formene, men vi skal òg gjere greie for skiftande skriftformer. Vi skal helst ha eit representativt materiale til å vise korleis dialektord eller nylaga ord er brukte og odla i litteraturmålet, og vi skal òg ha tilfang som viser at omstridde lånord er så mykje nytta at dei må seiast å ha vunne seg heimstadrett også i det nynorske skriftmålet.

Her er Tveitane og vi fullt på bølgjelengd, men Tveitane har — dessverre — overdrivne førestellingar om kor innhaldsrikt og vasstett eit ordboksarkiv er. Saman med det tilfanget som finst i Det norske litterære ordboksverk, rår vi over eit tilfang på over to millionar setlar, og det er eit relativt bra grunnlag for ei ordbok som vår. Men det er likevel tallause små og store hol i tilfanget, og om eit ord eller ei tyding ikkje finst i arkivet vårt, kan ein sjølv sagt ikkje slutte frå det til at det heller ikkje er brukt i skriftmålet (eller i talemålet). Det er såleis ikkje berre «tilfeldig om eit gjengs ord finst i skriftspråket», det kan òg vere tilfeldig om eit ord som røyntleg er brukt, også er komme med i arkivet og til slutt og rest i ordboka.

Ei anna sak er at snautt noko ordboksverk — enn ikkje dei aller største — kan fylle dei krav at ein skal kunne følgje historia åt einskildord i alle tydingsskiftingar frå tid til tid og frå forfattar til forfattar. Slike spørsmål som Tveitane er inne på når det gjeld tydings-skyldte ord som *annhug*, *brennhug* og *eldhug*, er vanskelege nok om ein skulle ta dei opp til detaljstudium og kunne byggje på eit noko-så-nær fullstendig tilfang; i ei ordbok der ein må økonomisere med både tid, pengar og plass, kan dei føre reint på vid-åtta. Om Tveitane ville gå inn som redaktør i Norsk Ordbok — noko vi skulle helse med glede — ville det vere mi plikt som hovud-redaktør å halde han litt i øyra om han skulle bli for oppslukt av slike detaljstudiar, kor interessante dei i og for seg kunne vere.

I det heile seglar ein ordboksredaktør på mange måtar mellom Skylla og Karybdis i si redigering og definering. Definisjonen skal vere så uttømmmande og så presis som råd er, samstundes bør ein stadig ha for auga at tilfanget ikkje er fullstendig og at/ein derfor må akte seg for å lage definisjonar som er så skreddarsydde etter tilfanget at dei risikerer å bli sprengde av kvar ny kjelde og kvart nytt belegg.

Det er alt i alt ei relativt lett oppgåve å påvise hol og ufullkomne ordartiklar i ei ordbok, og ein del av dei detaljar Tveitane bruker som døme, kunne gjerne vore annleis: *bispinne* burde ha vore med, *bustehovud* likeins, og det kunne ha vore vist frå *brennhug* til

eldhug og *annhug* — enda i det siste tilfellet kan det med rette hevdast at tilvising normalt er mest påkravd frå eit mindre frekvent ord til eit vanlegare, og at det derfor er viktigast å vise frå *annhug* til *brennhug*, og det er da også gjort.

Det Tveitane skriv om desse orda er elles i seg sjølv ein illustrasjon av kor nødvendig det er å gå varsamt fram og ikkje vere for snar og slutte for mykje frå eit visst avgrensa materiale. Han skriv såleis om *brennhug/eldhug*: «det siste av desse orda har Ross 'ikke hørt', det er reint litterært, etter dansk 'ildhu'.» Det er rett nok at Ross under *brennhug*, som han har frå Setesdal, opplyser at han ikkje har høyrte *eldhug*. Men slår vi etter på *eldhug*, finn vi at Ross har dette ordet frå Hallingdal i tydinga «Nidkjærhed, Ivrigheid». Og sammenhengen mellom dansk *ildhu* og nynorsk *eldhug* (og dansk-norsk *ildhu(g)*, t.d. hos Bjørnson) er heller ikkje så enkel som Tveitane trur. Eg har før vore borti dette problemet i ein artikkel om Viktor Rydberg og norsk målreising (Syn og Segn 1946, s. 24 f.). Som kjent var Rydberg ein ihuga språkrensar og mykje oppglødd for Aasen og Vinje og det norske målstrevet. Rydbergs bruk av *eldhug* (1874) og *eldhåg* (1876) for *entusiasm* har vore rekna som lån frå dansk (ildhu). Og det kan det vere. Det eldste kjende dømet i dansk er etter Ordbog over det danske Sprog frå 1864. Bjørnson bruker ordet i 1868, både i Fiskerjenten og i diktet til Welhaven. Men eldre enn desse døma på *ildhu*, *eldhug*, *eldhåg* er ei rad med døme på *eldhug* hos Vinje, det eldste frå september 1859 (ikkje januar 1860 som eg opplyser i artikkelen). Det er såleis mogleg at Vinje er kjelde og inspirasjon for både dansken Luc. Kofoed (1864), Bj. Bjørnson (1868) og Viktor Rydberg (1874 og 76). Men også berre mogleg. Det skal omfattande gransking til for å ordleggje seg skråsikkert om korleis sambandslinene går i dette tilfellet — og i analoge tilfelle.

Når det gjeld tilfanget, synest Tveitane oversjå ei viktig kjelde, nemleg den kjennskap redaktørane sjølve har til ordtilfang og ordbruk i nynorsk. Om ein tilfeldigvis ikkje har materiale på eit ord som *brannmann*, men ser ordet i andre ordbøker, eller blir mint om det på annan måte, så bør ein ikkje låst som ein ikkje veit at dette er eit kurant ord også i nynorsk — om det så aldri skulle vere sett på prent. Dette vil da særleg gjelde den delen av ordtilfanget som ikkje er avgrensa til visse dialektar og heller ikkje er utprega litterært, men høyrer til det allmenne ordtilfanget. Ved slike allmenne ord — særleg konkrete — er det òg mindre bruk for dokumentasjon av litterær

bruk. Når ein må økonomisere med plassen, bør slik dokumentasjon, eventuelt med sitat frå nynorsk dikting, helst avgrensast til ord eller tydingar der sitata trengst meir til å kaste lys over ordet og tydingsnyansane. Det er såleis liten grunn for Tveitane til å etterlyse «appelsinar» i den nynorske litteraturen. Det gjeld her eit allment brukt konkret ord, og det er i dette tilfellet viktigare å få ein relativt fyldig definisjon av ordet enn å ta med litterære sitat som: han... fann fram ein pose apelsinar or skreppa (Duun: Løglege skruvar s. 77), eller: Synnøve, eg fann ein heil appelsin (Berg: Du skal svare s. 267). Anneleis ligg det til om ein har sitat der det konkrete ordet er brukt bi-letleg eller overført, slik som i det Ferlin-sitatet Tveitane viser til.

Tveitane har i det heile ein tendens til å gi i og for seg fornuftige tankar ei altfor absolutt utforming. Om mineralet *broggeritt* skriv han at ordboka heller burde gi opplysning om opphavet til ordet enn definisjon. Det ville i så fall føre til ei underleg ordbok med «ordforklaringar» som «fugl oppkalla etter NN»; «plante med namn etter NN». Både etymologi og definisjon er sjølv sagt det beste om det er materiale og plass til det. I anna fall er definisjonen viktigast i ei ordbok av denne typen. Eg viser elles til at Norsk riksmålsordbok etter sitt opplegg gir langt færre etymologiske opplysningar enn Norsk Ordbok, men det rikkar ikkje ved det faktum at NRO er ei framifrå ordbok.

Eg trur ikkje at ordboksredaktørar utan vidare vil vere samde i at det ved ordet *brakkeby* er viktigare med ei tilvising til Kristofer Uppdal enn med definisjon. (I parentes sagt har vi ikkje ordet frå Uppdal.) Dette ordet er inga sjølvsgd rekkjesamansetning, og ein ordboksredaktør bør ikkje gjere den feilen at han lét vere å definere dei orda som er «lettskjønelege» — for dei som skjønar dei!

Elles er det ikkje her høve til å gå nøgnare inn på detaljar i Tveitanes artikkel. Eg må heller bruke plassen til eit par punkt av meir prinsipiell art.

Det Tveitane skriv om bruk eller ikkje bruk av adjektivabstrakt i norsk, er for så vidt rett nok og vil vere velkjent av alle som har fått skikkeleg norskundervisning i skolen. Men det bør òg vere kjent at i visse samanhengar og visse stilarter kan det vere bruk for substantiv som *blidleik* el. *blidskap*, *blautleik* el. *blautskap*, og gjerne *brattleik* med. Og vi har òg nok av døme på at slike ord er brukte. Ikkje alle er like vellykka, og ikkje alle kjem med i ordboka. Men eg synest ikkje *brattleik* er av dei mest umoglege. I

denne samanhengen må eg berre nemne, utan å kunne gå nærmarer inn på prinsippa for tydingsinndeling, at det nok er meir Tveitane enn redaksjonen som er «på villspor» når det gjeld tydingsfølgja ved ordet *bratte* f. I alle fall synest han oversjå det redaksjonen ikkje har lov til å sjå bort frå, nemleg at Aasen har same tydingane (og same tydingsfølgja) i si ordbok.

Og så nokre ord om kjeldeverdien av ordbøker frå framande språk, som Ola Raknes: Engelsk-norsk ordbok, eller av ein noko annan kategori: Steinar Schjötts Dansk-norsk Ordbog.

Eg kan ikkje bruke spalteplass til å drøfte om bruk av eit nynorsk ord, gjerne ei ny (?) avleiing som *brattleik*, i Raknes' engelsk-norske ordbok skal reknast for mindre reell bruk enn om det same ordet blir nytta i ei omsetjing frå engelsk. Dei synsmåtane Tveitane hevdar, er ikkje framande for redaksjonen, men igjen har vi eit mindre absolutt, eit meir nyansert syn enn Tveitane.

Om ein ser praktisk på problemet, har ein for det første det omsynet at brukarar av ei slik framandspråk-ordbok har eit rimeleg krav på å få forklaring på ukjende nynorskord som dei møter i ordforklaringane. Hertil kjem at for ein som sjølv er i tvil om han skal ta i bruk eit ord som *brattleik* (el. *brattskap*, som òg er tenkjeleg), eller *bilskjol* (t.d. for det nye omgrepet *carport*), er det ikkje utan verdi å få opplyst at ordet før er nytta t.d. i Raknes: Engelsk-norsk ordbok i den og den tyding. Vidare må vi ta med i rekinga at vi ikkje kan positivt vite at ordet ikkje er brukt i skrift av andre. Og vil det da vere klokt å utelate også det vi faktisk veit, nemleg at ordet er brukt i den og den framandspråk-ordboka? Endeleg må ein hugse på at forfattaren av ei slik ordbok også er kjelde i seg sjølv, hans kunnskap om nynorsk talemål og skriftmål går indirekte fram av ordforklaringane.

Vi vil såleis ikkje avvise eit ord som vi ikkje har anna kjelde for enn ei eller fleire framandspråk-ordbøker, men vurdere ordet til liks med andre ord i materialet vårt, sløyfe nokre og ta med andre, og oppgi kjelde. Det siste er viktig, da er brukaren orientert og kan sjølv vurdere kor stor vekt han vil leggje på ei slik kjelde. Har vi andre kjelder, sløyfar vi i regelen tilvising til framandspråk-ordbøker — enda den også i det tilfellet kunne vere av verdi, m.a. for den som — liksom Tveitane — interesserer seg spesielt for etymologi og ordhistorie. Eg bør vel òg leggje til at det i ei stor ordbok med mange redaktørar er vanskeleg å oppnå at skjønsvagjerder slår likt ut hos alle — trass i at hovudredaktøren og andre går gjennom

manuskriptet. Det er såleis noko meir tilvising til framandspråk-ordbøker utover mot slutten av B enn lenger framme, men det er meir ein gradsskilnad enn prinsippskilnad.

Til slutt eit par ord om Schjötts Dansk-norsk Ordbog, som er ei langt viktigare kjelde enn Tveitane synest vere klar over. Denne ordboka inneheld mykje nytt tilfang av ord og vendingar frå målføra og frå nynorsk litteratur. Det siste hjelpte den gode venen hans, Arne Garborg, han med. I det nye målføretilfanget er særleg Nord-Gudbrandsdal rikt representert, og her hadde han ein stø og hjelpsam heimelsmann i Ivar Kleiven. Om Schjøtt og ordboksarbeidet hans finst det mange råkande og morosame karakteristikkar i Arne Garborgs og Hulda Garborgs dagbøker. La meg ta med eit par sitat frå Hulda Garborgs dagbok. Først eit frå 25. nov. 1903:

«S. tænker og snakker forresten bare om ordboka. Hvert nyt ord han finder, fylder ham med henrykkelse. Sin «guldgrube» Ivar Kleiven fra Våge priser han hver mandag i høie toner.»

Og 2. mai 1905 har ho dette notatet som er av særleg interesse i vår samanheng: «Vi får stadig dybere indblik i hvilket uhyre arbeide S. nedlægger i ordboka. Den er ikke blit til på en hybel; men skabt under levende samvirken med landets bygder gennem de bedste sprogkjendere. Et eneste ord kan på den måde koste utroligt arbeide ved undersøgelser hist og her og allevegne. S. våger nervøst ængsteligt over at det skal bli et *levende sprog* han presenterer i ordboka; men hvad det koster er det neppe mange som aner. Vi som har levet ham nær i disse år er fulde af beundring over hans energi og skarpe sprogsans; men først og fremst over hans næsten pinlige samvittighedsfuldhed.»

Dette med det levande målet er også Arne Garborg inne på i eit dagboksnotat frå 1. november 1909, dagen etter at han har vore i Studentmållaget på fest for Schjøtt, som da nett hadde fullført ordboka: «Der var rett mykje Folk, og alt gjekk godt. Olav Midttun heldt Fest-Tala, der han fekk godt med alt som burde med, og heldt fram det viktigaste: at det heilt ut var det livande Maale S. hadde bygt paa....»

No er det likevel ikkje til å komme frå at ikkje alt i Schjötts ordbok er like «levande», der finst òg ord som eg med Tveitane vil rekne for «forslag», og attpåtil dødfødde forslag. Å oppnå at slikt tilfang blir vurdert og eventuelt utskilt på plent same vis utgjennom ordboka, er ikkje så heilt lett, men høyrer til dei mange vurderingsoppgåver som vi må prøve å løyse etter beste evne og skjøn.

Alf Hellevik.

Nordiske studier i leksikografi 1 (1992) s. 235–242

Arnbjørg Hageberg

Norsk Ordbok - i 1950 eit nybrottsverk,
i 1991 ein anakronisme?

Planane for *Norsk Ordbok* går attende til slutten av 20-åra. Fyrste heftet kom i 1950, band I i 1966 og band II i 1978. Ordboka skulle bokføra målvokstere, og verket syner samspelet mellom målføre og nynorsk skriftspråk. - at dialektord blir "lyfte opp" og brukte i alle litteraturslag. Kombinasjonen dialektordbok/litterær ordbok var noko nytt i Norden. Den lange redigeringstida for 12-bandsverket skaper vanskar: Endringar i ordforråd og språkbruk krev språklege omvurderingar. Redaksjonen må ta utfordringane i elektronaldere og nyttiggjera seg teknologien. Kan det bli eit *både-og*, -både bok og base?

Eit nynorsk ordboksverk

I 1930 løyvde Stortinget det fyrste tilskotet til eit større ordboksverk som skulle ta opp i seg tilfanget i dei eldre ordbøkene over norsk mål, fylla ut med nyare tilfang og dermed syna den historiske framvokstere av nynorsken. I Sverige og Danmark hadde utarbeiding og prenting av store nasjonale ordboksverk alt kome langt, i Noreg var likeins arbeidet med *Norsk Riksmålsordbok* i godt gjenge. Tida var komen for innsamling til eit nynorsk ordarkiv og utarbeiding av eit stort, vitskapleg ordboksverk. I tillegg til ekserpert ordtilfang frå alle slag trykte kjelder skreiv hundretals språkinteresserte, ulønte medarbeidarar rundt i bygd og by opp ord og uttrykk frå eige målføre.

I 1950 kom fyrste heftet av ordboksverket. Det vart heitande *Norsk Ordbok* med undertittelen *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Ordboka var ei samanstøyping av munnleg og skriftleg ordtilfang, eit slag kombinasjon av dialektordbok og litterær ordbok. Dette heilt spesielle oppsettet for ei nasjonalordbok var eit nybrottsverk - i det minste i Norden. I planleggingsfase II (1945-1950) var det ein del skepsis til dette uvanlege dobbeltføremålet med ordboksverket, særleg framlagd av den svenske språkforskaren Hjalmar Lindroth¹. Store kombinerte ordboksverk med tilfang både frå målføre og frå litterære kjelder var elles alt igangsette både i Sveits (*Schweizerisches Idiotikon* 1881-) og i Skottland (*Scottish National Dictionary* 1931-76), men begge stader med ein annan språkhistorisk bakgrunn enn den norske, og med eit oppsett temmeleg ulikt *Norsk Ordbok*.

Nynorsken er eit *ungt* skriftmål samanlikna med t.d. svensk og dansk. I førre hundreåret la Ivar Aasen fram sine storverk² og skapte ein ny skriftnormal tufta på norske bygdemål. Det nynorske skriftmålet har etter mange rettskrivingsendringar fått ein skriftnormal som samsvarar med talemålet i bygd og by.

Den skriftlege målvoksteren

Sigmund Skard var ein av hovudpersonane i den fyrste planleggingsfasen av ordboksverket. Han skreiv heftet *Norsk Ordbok. Historie - Plan - Arbeidsskipnad* (1932) Der nemner han særskilt at den skriftlege målvoksteren ikkje er bokført, og at den planlagde ordboka må syna korleis skriftmålet har tilmåta seg for å løysa alle slag ulike oppgåver. Ordboka må syna "dei finaste skifte og avskyggjingar" (Skard 1932:26), og kvart sitat i ordboka skal gje éi avskygging av ordtydinga. Saman vil sitata då gje eit bilete av korleis eit einskilt ord har vorte teke opp i skriftmålet, og har fått fine avbrigde etter innhald, stemning, stil og litteraturslag. Den ferdige ordartikkelen skal syna att heile denne voksteren i samandrag. Den nye ordboka skal gje eit samla utsyn over "*norsk kulturmaal i heilo*" (same stad).

Arbeidet med ordboka kom i gang, men som ventande var, syntet det seg snart at den opphavlege planen med 2-3 band ikkje heldt. Det nyinnsamla tilfanget var altfor omfattande til at det berre kunne føyast til ei beingrind av eldre ordbøker og ordsamlingar. - Etter krigen vart det så tilsett ein heilt ny redaksjon, som starta redigeringa på nytt frå grunnen av. Alf Hellevik var hovudmannen bak dei nye redaksjonsreglane for verket, som no vart planlagt til 4-5 band (Hellevik 1958:6).

Målføre og skriftspråk. Dokumentasjon

For eit så ungt skriftmål som nynorsken trongst det eit stort tilfang til rein dokumentasjon for å få fram rikdommen av ord og uttrykk og fylgja utviklinga og voksteren på ulike område. Og det var tale om ein dobbel dokumentasjon: - kvar i landet finst orda, og kvar i litteraturen? Det skulle dertil gjevast eit oversyn over former - både over målføreformer ulike stader i landet og over eldre og nyare skriftformer. Det var viktig å koma i gang med utgjevinga, men krava til dokumentasjon og dertil vissa om at mykje stoff framleis venta på å bli nedskrive, har gjort at vidare innsamling heile tida har gått parallelt med redigeringa.

Sigmund Skard la alt i det før nemnde skriftet *Norsk Ordbok* (Skard 1932:29-32) fram det tilfanget som den gongen fanst på ordet *age*. Det fylte 6 spalter, og det gjev eit godt bilete av kor mykje materiale redaktøren har i hendene når stoffet skal komprimerast og ordboksartikkelen utformast. Ordboksredaktøren i dag har til kvart ord gjennomsnittleg mange fleire setlar å ta stilling til. Redigeringa vert difor stendig meir tidkrevjande, men vonleg vert artiklane tilsvarande betre.

Også Hellevik har fleire gonger peika på at eitt av hovudføremåla med ordboksverket er å syna grunnlaget i talemålet og bruken i skriftmålet, særleg syna korleis dialektord og nylaga ord er tekne i bruk og "odla og dyrka" i skriftspråket, korleis dei "gjennom bibel og salmebok og verk av store diktarar er lyfte ut og opp or sitt opphavlege språklege miljø og har utvikla nye tydingsnyansar og fått ein ny stilklang". (Hellevik 1958:7.)

Måla var sette høgt. Var dei *for høge*? Var tilfanget - særleg dei fyrste redigeringsåra - breitt og representativt nok til å sikra fullgod dokumentasjon? Viser ordartiklane brytinga og samspillet mellom målføra og skriftmålet? Kan vi sjå at nynorske forfattarar hentar ord frå sitt eige heimemål og frimodig brukar dei i bøkene sine, og at ord som ikkje er kjende over heile landet, er stovereine i det nynorske skriftmålet i ulike stilslag på ein heilt annan måte enn tilsvarande ord t.d. i svensk eller dansk?³ Gjev samanstøypingsmodellen dette ordboksverket dei kvalitetane opphavsmennene drøymde om?

Omtale og kritikk

Offentleg framsett kritikk skulle seia litt om kor vidt redaksjonen har nådd måla som vart sette. - Utanom obligatoriske meldingar etter fyrste heftet (1950) og fyrste bandet (1966) av *Norsk Ordbok*⁴ har det vel berre kome to vektige kritiske innlegg. Det eine er frå Oddvar Nes (Nes 1988), som på fleire punkt stiller seg heller kritisk til normeringa av oppslagsorda i *Norsk Ordbok*. Nes går m.a. inn for ei meir etymologiserande linje når det gjeld normeringa av tidlegare ikkje-ordboksførte målføreord. Artikkelen til Nes og svaret frå underskrivne og ein medredaktør (Bø/Hageberg 1990) skulle klart visa at samanstøypingsmodellen byr på mange problem og få enkle løysingar. Redaksjonen har meint at brukarane lettast finn fram i ordboka når oppslagsorda ligg nær uttalen. Og for dei friviljuge medarbeidarane som har sendt inn ord frå sitt eige målføre, er det noko som heiter attkjenningsverdi. Ved talemålsnær normering skulle det dessutan vera større sjanse for at nynorskbrukarar også skriftleg tek i bruk målføreord som tidlegare har hatt for lita dokumentert utbreiing til at dei er tekne med i rettskrivingsordbøkene. For vi vil at *Norsk Ordbok* også skal vera eit tildriv til at gode målføreord vert brukte både i tale og skrift.

Det er elles særleg ein artikkel av Mattias Tveitane: "Språkbruk, ord og ordbøker" (Tveitane 1964) og svar frå Alf Hellevik (Hellevik 1964) som er av interesse. For Tveitane er det nett dette at *Norsk Ordbok* registrerer den litterære språkbruken - og dermed også måldyrkinga - som er det viktigaste. Han etterlyser ei meir utførleg tydingsdifferensiering (t.d. mellom ord som *eldhug*, *brennhug* og *annhug*) i nynorsk litterær ordbruk. Dette er ei så noggrann differensiering at Hellevik avviser krava som umoglege - eller utopiske - innanfor dei tidsrammene redaktørane må retta seg etter. Den noverande redaksjonen må seia seg samd med Hellevik. Men samstundes er vi her inne på dei nær sagt daglege frustrasjonane omsynet til omfanget av *Norsk Ordbok* stiller oss overfor. Vi ville så gjerne nytta ut det rike tilfanget og gå endå mykje grundigare inn på ordhistoria. I denne samanhengen vil eg elles visa til redaktør i *Jysk Ordbog*, Viggo Sørensen, som har vore inne på det same i artikkelen "Det tager tid at afdække sammenhænge. Nogle betragtninger over redaktionstempo og kulturhistorisk forpligtelse"⁵.

Målføre og skriftspråk - samspel og bryting

Nokre døme vil visa korleis redaksjonen så langt og innanfor dei fastlagde rammene har løyst oppgåva å syna samspelet mellom målføra og skriftspråket:

Verbet *folna* er eit godt målføreord som er vidt kjent. *Norsk Riksmålsordbok* har éi linje om ordet, og det er merkt "dial.". *Norsk Ordbok* har godt og vel ei spalte om *folna* og deler opp i fleire tydingar: 'tapa seg, visna, missa fargen, døy bort, kverva'. Dessutan: 'bli maktstolen av redsle, gysa', - og endeleg: 'uvita, dåna'. Ordartikkelen syner med fyldig dokumentasjon at ordet har vid utbreiing i målføra, og det er flittig brukt av diktarar og forfattarar. Ordartikkelen har med skjønnlitterære sitat av 16 ulike forfattarar. Eg kan nemna Henrik Krohn, Vetle Vislie og Kristofer Janson av dei "gamle" landsmålsforfattarane, og av dei vi må kalla "yngre" har vi Olav Duun, Hartvig Kiran og Sigmund Skard. Dessutan finn vi *folna* i sitat frå *Bibelen* og *Nynorsk Salmebok*, og ordet er nytta i omsetjingar, såleis i Arne Garborgs gjendikting av *Odyseevskvædet*. Her er nokre av sitata: *no folnar skogen kring vårt land* (*Nynorsk salmebok* 1929 nr. 634,1) / *folna i tidleg haust, dådlaus og rådlaus var Noregs konge vorten* (Vetle Vislie: *Inga frå Varteig* 1924, s. 126) / *Mina stod midt på golve og folna*

bort; det sat berre litt glo att i kinna (Olav Duun: *I ungdomen* 1922, s. 117) / mange (i tysk fangenskap) vart bleike eller gråleite, og det var som dei var nær ved å folna burt (Olav Hoprekstad: *Frå lærarstriden* 1946, s. 122) / kor du hev follna .. or! Sjukdom gjer ingen mann fager (Rasmus Steinsvik: *Tolstoiboki* (omsetjing) 2. utg 1898, s. 102) / eg skvatt so eg folna all igjenom og låg som ein klumsa (Olav Aukrust: *Dikt i samling* 1954, s. 84) / Enok kjende harmhugen sin folna (Arne Garborg: *Skriftir i Samling* 1921-1922 bd. IV, s. 133) / slik folnar det når ein vaknar, det ein drømte om (Olav Duun: *Blind-Anders* 1924, s. 17) / mørket folnar inn. Og soli stig ny (Olav Sletto: *Dagning* 1920, s. 80).

Eit anna brukande døme kan vera verbet *fjasla* med likestilt hovudform *fjatla*. Verbet tyder 'pusla, fumla, vimsa, vikla', og artikkelen syner områda for former med *-tl* og *-sl*. Eit sitat av Halvor Sandsdalen, som er frå Seljord i Telemark, lyder: *ho for og fjasla og vaska i utrengsmål* (*Silketørklede* 1955, s. 16), medan Jens Tvedt frå Kvinnherad i Hordaland skriv: (ho) *fjatlad med spøtet* (d e strikkesøyet) (*Hamna-tjonet* 1889, s. 80). Frå Hardanger (også i Hordaland) finn vi sitatet *fjanka og fjatla og ikkje (få) .. arbeidet frå hendene* (Halldor O. Opedal: *Makter og Menneske* 1934, s. 44). Under *fjaslast* står eit Jens Tvedt-sitat til: *ho var so fegi at fingrane fjatlast og ho kunde mest ikkje finna hekti* (*Haavard Brittanus* 1908, s. 301). Trønderforfattaren Olav Berkaak skriv: *berre ut mot slutten fjaslas det* (d e Fadervåret) *for henne ein grann* (i boka - *og du skal lenge leve i landet* 1968, s. 236). Nedover i heile artikkelen ser vi korleis tydingane og målføreformene held seg til sine område.

Som ordboksredaktør må eg vedgå at det gjev meg ei glede kvar gong eg såleis registrerer at eit typisk målføreord er brukt av ein forfattar frå det området vi har ordet nedskrive frå, ofte til og med i særmerkt form. Materialet vårt *held*, i alle fall eit godt stykke på veg.

Bibelmål og målføreord

Bibelmålet vårt har vore eit takksamt studieobjekt av mange grunnar. Ikkje minst alle dei ulike omsetjingane har gjeve materiale til språkgranskarar. Såleis er det skrive ei doktoravhandling om nynorsk bibelmål (Bondevik 1986). I utgreiinga her vil det berre verta høve til litt småplukk for å illustrera kva spaltene i *Norsk Ordbok* kan fortelja oss om bruken av målføreord i *Bibelen*.

Ordet *dust* (merkt "dial." i NRO) finn vi i *Norsk Ordbok* i hefte 1, band II, trykt i 1974. Under IV *dust* tyding 1 'dumbe, støv' er det heile 10 sitat frå *Bibelen*, *Nynorsk Salmebok* og annan religiøs litteratur. Ordet ser ut til å vera fullt ut godteke i religiøst mål: *den som steinen fell på, skal han smuldra til dust* (Mattæus 21,44) / *kast deg i dusti for den nådige Gud* (P.M. Madland omsett O. Hallesby: *Dagleg fornying* 1933, s. 41) / *med song so spring me deg i mot og kysser dusti for din fot* (*Norsk songbok* 1927, 113,2) / *eg vil lata ætti di verta som dusti på jordi* (1. Mosebok 13,16). Bibelsitata er frå 1921-omsetjinga, og *Norsk Ordbok*-redaktøren har ikkje teke med at ordet *dust* vart *skifta ut* i den nye omsetjinga av *Det Nye Testamentet* som kom i 1961. Også *Det Nye Testamentet* 1975 og heile *Bibelen* 1978 har *støv* i staden for *dust*, - eller det er nytta omskrivingar.

Ordet *fysne* med tydingane 'lyst, drift, lengt, kjenslerus, oppgløding' finst ikkje i *Norsk Riksmålsordbok*, men det har vid utbreiing både i målføra og nynorsk litteratur. Vi finn det i ordbøkene til Aasen og Ross. Det er eit brukeleg ord og eit forvitneleg ord med ein heil "ordfamilie" kring seg: *fus* (adj), *fysa* (v), *fysemat*, *fysna* (v), *fysneleg*, *fysnestund* for å nemna nokre. *Norsk Ordbok* viser til samansetjingar som *hemnfysne*, *jordfysne*, *krigsfysne*, *veidefysne*

og ærefysne og har sitat der ordet er brukt - i *Bibelen*, i høgprosa og i poesi, i diktverk av Ivar Aasen, Per Sivle, Olav Aukrust og Tarjei Vesaas. I Paulus' brev til galatarane (5,24) les vi (*Bibelen* frå 1921): *dei som høyrer Kristus Jesus til, dei hev krossfest kjøtet med fysnorme og lysterne*. Ordartikkelen *fysne* syner eit nært samspel mellom målføre og skriftspråk på alle nivå. Men i dei nye bibelomsetjingane er dette "odla" ordet skifta ut. I *Det nye Testamentet* frå 1975 står det *lidenskap* i staden for *fysne*.

Vel det best kjende av alle kapitla i *Bibelen* er juleevangeliet. Norsk/dansk *nogen hyrder .. som var ute på marken og holdt nattevakt over sin hjord* (Lukas 2,8) har i eldre nynorske bibelomsetjingar tilsvarande *nokre hyrdingar .. som laag ute og vakta buskapen*. Men i dei nyaste omsetjingane ser vi at både bokmål og nynorsk har *sauene*, til avløyning for tidlegare *hjord* og *buskap*. Både dette skiftet og det at *dust* er blitt til *støv* og *fysne* til *lidenskap*, må vera gjort av pedagogiske omsyn. Moderne bibelomsetjarar har ikkje vilja ha med ord som ikkje høyrer til daglegtalen og av den grunn kan verka noko gammalmodige. Ordhistoria er dermed ikkje lenger berre filologisk/stilistisk. Ulike omsyn har kome inn, og biletet har vorte meir komplisert. Utviklinga har gått andre vegar enn den planleggjarane av *Norsk Ordbok* tenkte seg.

Tilvisingssystemet i *Norsk Ordbok* opnar for å visa til former i tidlegare og seinare bibel-omsetjingar. Dette tilvisingssystemet har vel redaktørane til no mest brukt for å vera trygg på at tolkinga av bibelsitata er rett, slik vi t.d. ser det under *fullnad: til dess at fullnaden av heidningarne er komen inn* (Romarbreve 11,25 frå 1921-utgåva) har tilvising til 1961-utgåva: *til dess det er innkome så mange heidningar at talet er fullt*. Etter mitt syn bør *Norsk Ordbok* - nettopp for å syna målbruken og ordhistoria i si fulle breidd - visa målføreord som er "lyfte opp" og brukte i alle stilslag, men òg ta med at somme av desse orda no er tekne ut att or *Bibelen*. Å dokumentera også denne utviklinga vil vera å oppfylle påbodet frå Sigmund Skard om å gje eit samla utsyn "over norsk kulturmaal i heilo" (Skard 1932:26).

Møte med nytida og elektronalderen

Når eg har nytta ordet *anakronisme* i samband med *Norsk Ordbok* er det i høve til edb-teknologien og ropet på dataføring/databaseredigering og ordbøker i maskinell form. Her deler *Norsk Ordbok* lagnad med andre bandsterke, tradisjonelle, nasjonale ordboksverk.

Etter dei fyrste planane og prognosane skulle *Norsk Ordbok* vore ferdig for lengst. Men med berre to band og to hefte ferdigtrykte no i 1991 er vi svært langt frå målet (12-14 band), og vi kan ikkje lata vera å møta og ta stode til dei nye utfordringane.

Eigenleg burde eg ikkje teke opp dette emnet, eg er ingen ekspert på det eg skal greia ut om. For mange vil det som no fylgjer vera svært elementært. Eg får trøysta meg med at eg ikkje er òleine i flokken av ordboksfolk som framleis ser og høyrer med skrekkblanda fryd på det som vert lagt fram av resultat og vyar av kollegaer som har trengt lenger inn i edb-materien.

Med omsyn til *Norsk Ordbok* og det å gjera seg nytte av edb, så er det opplagt eit stort problem at trykking og utgjeving tok til for over 40 år sidan, og at vi enno har så langt fram. I dag ville vel ikkje ei stor historisk ordbok fått slike rammer og eit slikt redaksjonelt oppsett som det vi har i *Norsk Ordbok*. Det skulle vera nok å visa til Island, der dei i 80-åra valde heilt andre løysingar for sine ordboksverk, skreddarsydde for redigering i database. Føresetnadene for slik redigering er at ordtilfanget blir gjort tilgjengeleg på data. I våre ordsamlingar er berre ein forsvinnande liten del av ordsamlingane dataførte - 12.000 ekserpt

mot 3,2 millionar setlar i arkivskuffene. I 1990 kom planane om dataføring av arkiva ved samlingsinstitutta ved Det historisk-filosofiske fakultetet her i Oslo - det såkalla *dokumentasjonsprosjektet*. Eit reknestykke synte at det ville gå med 107 årsverk berre til samlingane i nynorskavdelinga, og då var ikkje korrektur og anna kontrollesing medrekna. No våren 1991 kjem det melding om at prosjektet for nynorskavdelinga sin del i fyrste omgang vil bli å prøva å få innskrive det grunnmanuskriptet som vart utarbeidd i 30-åra i den fyrste planleggingsfasen av *Norsk Ordbok*⁶. Det er nyttig å få det inn på data, men det vil ikkje gje noko revolusjonerande nytt grunnlag for redigeringa av *Norsk Ordbok*.

Det er elles ikkje slik at redaksjonen i *Norsk Ordbok* til no har oversett alt som heiter edb. Den fyrste dataførte ordboka i Noreg (*Norsk landbruksordbok* 1979) vart utarbeidd i nær tilknytning til vår avdeling, og *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (begge 1986) vart utarbeidd og manusa dataførte ved instituttet. Revisjon og ajourføring av desse bøkene skjer sjølvstøtt direkte i databasen. *Norsk Ordbok*-manus blir levert heilt trykkeferdig til forlaget - det siste heftet sett med fotosetjar.

Etter kvart har alle redaktørane fått sin PC. Men det har vist seg å vera langt lettare å få pengar til maskinar enn til menneskehjelp. Vi har ikkje brote skikkeleg gjennom muren og *forlangt* eksperthjelp til å velja programvare og utvikla det programmet vi i vår spesielle situasjon treng for å kunna nyttiggjera oss teknologien optimalt. Eg har inntrykk av at ordboksredaksjonane i dei andre nordiske landa ligg noko lenger framme, særleg då Island og Danmark. (Eit stikkord her er *GestorLEX*.) No vonar vi på eit nærare samarbeid, og at vi på vår side kan få dra nytte av pionerarbeidet som er gjort i grannelanda.

I mellomtida arbeider vi i det daglege ut frå det stadiet kvar einskild redaktør har nådd fram til. Redaktørane har dei dataførte delane av manuset inne på harddisken og søker etter mønster i liknande ord som er redigert. Ved søking kan vi òg få hjelp til effektiv konsekvenskontroll. Dermed sparer vi tid i redigeringa, det blir mindre av inkonsekvensar, og det er lettare å kontrollera at alle redigerer så likt råd er, når det gjeld det ordbokstekniske oppsettet. I fylgje Kolbjørn Heggstad - som er vår veteran i datamaskinell språkbehandling - er ein PC med eit godt tekstbehandlingsprogram ingen dårleg hjelpereiskap for ein ordboksredaktør (Heggstad 1991:8). Men føresetnaden er at vi utnyttar systemet *fullt ut* og ikkje slår oss til ro på eit visst nivå og dermed berre brukar ein flik av det hjelpeapparatet vi skulle ha tilgjengeleg i maskin- og programvare. Ei grundig innføring av ein språkinteressert dataekspert som forstod kva akkurat vår gruppe trong, ville sikkert resultert i ein del mindre underverk i det daglege meir tekniske ordboksarbeidet. - I samband med det førnemnde dokumentasjonsprosjektet får vi tilført ekspertise, som tvillaust etter kvart vil koma heile ordboksverket til gode.

Brukarane og edb

Noko vi kan gjera i ein overgangsfase, er å prøva alt no å ta vare på meir av det tankearbeidet som går føre seg i sorterings- og redigeringsfasen. Til no har mykje av dette berre forsvunne i det stille. Somme av oss redigerer noko romsleg og tek med mange sitat i fyrste manuskriptet, for så å velja ut dei aller beste sitata seinare. Manuset blir nedskore før prenting, og det som blir stroke for ikkje å sprengja alle rammer, blir då borte for alltid. I datatida er det lett å ta vare på ein fyldigare versjon, slik at meir av sorterings- og tankearbeidet på komprimeringsstadiet kan koma til nytte for brukarar som måtte ynskja å gå djupare inn i materialet.

Dei dataførte delane av ordboksmanuset er sjølvsagt koda. Men det kan truleg setjast inn fleire kodar for å leggja til rette for meir allsidig søking, t.d. eigne kodar for tradisjonsstoff, ordtak og fyndord m.m. Det trengst fleire inngangar til det verdfulle materialet som ofte har blitt liggjande låst og vanskeleg tilgjengeleg. Vi kan t.d. ta ordartiklane om preposisjonane og dei vanlege verba som *gje*, *gjera*, *gå*, *ha* og *koma*. I store ordbøker er kvar av desse artiklane ei avhandling for seg. Det er desse artiklane det tek det lengst tid å utarbeida, og dei inneheld mest verkeleg gjennomarbeidd stoff. Men det blir sjeldan slått opp i dei. No skulle desse avhandlingane ved hjelp av edb-teknologien kunna gjerast tilgjengelege på heilt nye måtar. Ein oppglødd kollega tok eingong sterkt i og sa at det som til no har vore eit stengt gravkammer, skal bli eit skattkammer, og ordsfattane skal hentast fram i lyset.

Bok eller skjerm

Eg har brukt ordet *anakronisme*. - eit heller negativt ord. Tidlegare hovudredaktør i *Norsk Ordbok*, Alf Hellevik, var då heller ikkje heilt nøgd med ordvalet mitt. Men spørsmålsteiknet etterpå gjev vel ein mistanke om at det kjem eit nektande svar på spørsmålet som er stilt.

Eg er ikkje åleine når eg trur at boka i god gammaldags forstand har ei framtid. Ikkje ein gong dei aller siste utgåvene av elektroniske lommebøker - som er lettare å bera med seg enn vanlege papireksempelar - ser eg på som verkelege konkurrentar. Det vil alltid finnast mange som ikkje støtt vil sitja og glo på ein flimrande skjerm, men heller vil la augo kvila på sider med rolege teikn i ei fint oppsett bok. Og vi vil vel helst ikkje ha det så travelt at vi støtt må velja det alternativet som gjev maksimal kvantitativ utteljing. Eg vonar dei maskinleselege og dei tradisjonelle informasjonskjeldene i trykte utgåver kan eksistera side om side. Kvar har sine føremoner. Dei maskinleselege vil kunna gje fleire variantar og fyldigare, oppdatert dokumentasjon til dei som treng særleg omfattande opplysningar, som vil ha informasjonen raskt og må ha med det nyaste nye. Teknikken vil når det trengst kunna gje hjelp til å dra ut og sortera på ein blunk materiale som vi etter tradisjonelle metodar ville bruka år til å få oversyn over. Men til tankedelen av redigeringarbeidet i tradisjonell leksikografi vil det alltid vera bruk for menneskehjernen. Heldigvis for alle oss som trivs med ordboksredigering.

Det er langt for oss i redaksjonen i *Norsk Ordbok* å sjå til endes i alfabetet, men vi lit på at det med hjelp av edb-teknologien i åra framover vil gå kortare tid mellom kvar gong vi tek eit nytt vakkert band av *Norsk Ordbok* i handa, og vonleg har vi mange med oss når vi gler oss over alt tilfanget som der er samla og utgreidd.

Notar

1. Lindroth meinte at det ideelle ville vera tre ordbøker, éi for bokmål, éi for det nynorske litteraturmålet og éi rein dialektordbok (Hellevik 1958:6).

2. Ivar Aasen gav ut *Det norske Folkesprogs Grammatikk* 1848 (*Norsk Grammatikk* 1864), *Ordbog over det norske Folkesprog* 1850 (*Norsk Ordbog* 1873), *Prøver af Landsmaalet i Norge* 1853.

3. Karl-Hampus Dahlstedt drøfter i fleire artiklar folkemålsord i høve til svensk riksspråk (Dahlstedt 1959 og Dahlstedt 1986) og siterer Sara Lidman: "Det ar .. inte bara för att vara trogen mot miljön, som jag använder dialekten, utan jag stravar också medvetet att genom den vidga och berika det språk som jag skriver. I bygdemalet finner jag ofta uttryck för betydelser och betydelsenanser, som jag saknar i riksspråket." (Dahlstedt

1959:107.) Men det store nasjonalordboksverket *Svenska Akademiens ordbok* (SAOB) og likeins *Ordbog over det danske sprog* (ODS) har restriktive, om enn *noko* flytande grenser med omsyn til folkemålsord. For at dialektord skal takast med, må dei vera brukte i kjende riksspråksskrifter i forteljande stil. Folkemålsord i dialektfarga dialog blir til vanleg ikkje tekne med. (Ekbo/Loman 1971:8; ODS 1918:XXIV.)

4. Dag Gundersen melde *Norsk Ordbok*, band I i *Maal og Minne* (Gundersen 1967:148,149). Han peikar m.a. på at ei lang redigeringstid vil koma til å skapa store problem for verket. Vurderinga av einkilde ord og ordtypar endrar seg raskt, særleg i eit ungt litteratur- og kulturmål som nynorsken. Gundersen viser med fleire døme kor snøgt foraldringsprosessen i språkbruken set inn, og at redaksjonen difor stendig vil bli stult overfor krav om språklege omvurderingar.

5. I *Ord & Sag* (1983 s. 38-47) utgjeve av *Institut for jysk sprog- og kulturforskning* skriv ordboksredaktør Viggo Sørensen at kulturelle samanhengar som går fram av ordboksmaterialet, ofte blir splitta opp av oppsettet i den tradisjonelle ordboka med alfabetiske oppslagsord. Opplysningane finst spreidde på ulike oppslagsord. Krysstilvisingar kan retta opp og syna samanhengar eit stykke på veg. Men tidsnauda - og ordboksoppsettet - hindrar redaktøren i å nytta materialet fullt ut og syna språk- og kulturhistoriske samanhengar slik han eller ho gjerne vil. "At redigere en ordbog er at sætte sig ikke bare mellem to, men midt imellem mange stole." (Sørensen 1983:39.)

6. "Grunnmanuskriptet" utarbeidd i 1930-åra er eit råmanuskript på om lag 13 500 maskinskrivne sider (brei marg og dobbel linjeavstand). Det er ei samanstøyping av ordulfanget i eldre ordsamlingar og ordbøkene til Aasen og Ross, *Nynorsk etymologisk ordbok* av Alf Torp og også noko frå andre ordbøker (m.a. Steinar Schjøtt: *Norsk Ordbok* 1914). Alle definisjonar er overførte til nynorsk (1917-rettskrivinga).

Litteratur

- Bokmålsordboka* 1986. Oslo.
- Bondevik, Jarle: *Studiar i det nynorske bibelmålet*. Doktoravhandling. Universitetet i Bergen 1986.
- Bø, Reidar. 1989. Arbeidet med *Norsk Ordbok*. I: *Ord og mål. Festskrift til Magne Rommetveit*: 80-90. Oslo.
- Bø, Reidar/Hageberg, Arnbjørg. 1990. Om normering i *Norsk Ordbok*. I: *Maal og Minne*: 79-84. Oslo.
- Dahlstedt, Karl Hampus. 1959. Folkemål i rikssvensk prosadiktning. I: *Nysvenska Studier*: 106-168. Lund.
- Dahlstedt, Karl Hampus. 1986. Dahlstedts hundra ord. Om folkemåls ord i svenskt riksspråk. I: *Språkvård* nr. 4, 5-16. Stockholm.
- Ekbo, Sven/Loman, Bengt. 1971. *Vägledning till Svenska Akademiens ordbok*. Andra upplagan. Stockholm.
- Gundersen, Dag. 1967. *Norsk Ordbok* Band I: A - doktrinær. I: *Maal og Minne*: 147-152. Oslo.
- Heggstad, Kolbjørn. 1991. Datamaskinen, programvarer og leksikologi. I: *Lexikonord. Leksikografi i Norden*: 7-10. Oslo.
- Hellevik, Alf. 1958. *Norsk Ordbok*, eit nasjonalt storverk. I: *Forskningsnytt*: 3. Oslo.
- Hellevik, Alf. 1964. Meir om språkbruk og ordbøker. I: *Syn og Segn*: 169-174. Oslo.
- Nes, Oddvar. 1988. Om normering i *Norsk Ordbok*. I: *Maal og Minne*: 129-143. Oslo.
- Norsk landbruksordbok*. 1979. Oslo.
- Norsk Ordbok* (NO). 1966-. Oslo.

- Norsk Riksmålsordbok* (NRO). 1937-1956. Oslo.
Nynorskordboka. 1986. Oslo.
Ordbog over det danske Sprog (ODS). 1919-1954. København.
Ross, Hans. 1895. *Norsk Ordbog 1895-1913*. Christiania.
Schjøtt, Steinar. 1914. *Norsk Ordbok*. Oslo
Schweizerisches Idiotikon. Wörterbuch der schweizerdeutschen Sprache. Bearbeitet von Friedrich Staub et al., 14 Bände. (1991 bis w). Frauenfeld (Verlag Huber) 1881-
Scottish National Dictionary I-X, 1931-1976. Edinburgh.
Skard, Sigmund. 1932. *Norsk Ordbok. Historie - Plan - Arbeidsskipnad*. Oslo.
Svenska Akademiens ordbok (SAOB). 1898-. Lund.
Sørensen, Viggo. 1983. Det tager tid at afdække sammenhænge. Nogle betragtninger over redaktionstempo og kulturhistorisk forpligtelse. I: *Ord & Sag*: 38-47. Århus.
Torp, Alf. 1919: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania.
Tveitane, Matias. 1964. Språkbruk, ord og ordbøker. I: *Syn og Segn*: 162 -168. Oslo.
Aasen, Ivar. 1873. *Norsk Ordbog*. Christiania.

NoAllk): norsk, tysk grammatikk / desse formerna i grammatik og ordbok .. samsvara til det indre fremda-stig .. som folket er komet til (A. III,163) // *normativ grammatikk* slik grammatikk som skildrar korleis eit mål skal brukast, serl i skrift, jfr *skule-grammatikk* // *deskriptiv grammatikk* slik grammatikk som skildrar ein språkstruktur til ei viss tid, frå eit synkront synspunkt, jfr *synkroni* // *historisk og samanliknande grammatikk* slik grammatikk som skildrar brigde i eit mål i tid, frå eit diakront synspunkt, el som skildrar innbyrdes samanheng mellom språk i rom; jfr *diakroni* (EnghKulb.SpV 174). 2) bok el skriftstykk som inneheld grammatikk (1): *sjølv grammatikken hev eg skipa i tri bolkar* (He. NG 4). 3) framgangsmåte (FosnesM): *det er ulagleg grammatikk å velte i mot når ein pløyer*. Her til *grammatikk-lesnad, -undervisning*. -*eksis* m stadig øving og høyring i bøyingsmønster (S. SkardVA 141). *grammatiser* v -te analysere ei tekst grammatisk; setja opp, laga til grammatikk for (eit mål) (Den17Mai 1934). *grammatisk* adj [-ma'-] som er i samhøve med grammatikk el har med grammatikk å gjera: *grammatisk kjønn, tal, funksjon, setning / grammatiske hovudformer*.

-*gramme* f i sms, sjå *avgramme*.

gramme-ring m [ett belgisk elektroingenjör Z. Th. Gramme] elektr, ringanker.

gram-milda v sjå *gravmylda*.

grammofon m [-fon'; målf ofte *gram(m)'a-*; av gr *gramma* og -*fon*; jfr *IV gram*] fjørdrivi el elektrisk apparat (2) som ved hjelp av stift fest i lyddåse el pickup kan gjeva att lyd(svingingar) som er overførd(e) til ei kringvivande grammofonplate: *spela grammofon / ta opp på, spela inn på grammofon / slåke songar .. er tekne vare på både med grammofon og magnetofon* (ØveråsIS 35); hertil *grammofon-artist, -innspeling, -opptak, -opptakar, -slager*. -*framføring* f sj, musikkframføring frå grammofonopptak: *grammofonframføring vart ikkje fullgod* (NorskT 1936). -*plate* f (roterande) rund plate (av skjell-lakk, plast, metall el vinyl) med ei spiralforma rille som inneheld opptak av lyd(svingingar), og som det kan gå ein stift i, slik at lyden kan førast over til lyddåse el pickup og attgjevast på grammofon el platespelar. -*rull* m sj, fonografrull: *hadde ein kunna få fest på grammofonrullen alt det som hev vorte sagt um den liberale teologien* (FridrichsenKF 11). -*selskap* n selskap el firma som spelar inn og gjev ut grammofonplater. -*sitar* m skjemt., grammofon (StangvikM). -*stift* m (på eldre grammofontypar) nålforma stift av hardt metall, fest i lyddåse el pickup, som fylgjer sporet (rilla) i plata og overfører opptaket (lydsvingingane) frå plata mekanisk til lyddåsen el elektrisk til høgtalar. -*stjerne* f kjend grammofonartist: *folk som kan .. siste slager like godt som ei eller onnor grammofonstjerne* (GulaT 1962). -*sveiv* f (på fjørdrivne grammofontypar) sveiv til å dra opp fjøra på sveivegrammofon med (Prøys. VIII,175). -*sveive* f dss frg (SeljeM). -*tale* m, f sj, (einstonig) tale, målføring bunden til litterære førelegg; oppramsing etter boka: *so må*

barnet si målføring verta som gramfontale (Nord. FBV 117). -*tut* m sj, lydhorn på fonograf og eldre grammofontypar: *væilsen kom kvæsandens tur en illrau grammofon-tut* (Prøys. VIII, 127).

gram-molekyl m, n fys., forald, grunneining for stoffmengd i SJ-systemet; nemne for eit mol av eit visst molekylslag (NTO): *ein grammolekyl av eit stoff er den vekta i gram av stoffet som blir uttrykt med same tal som molekylvekta* (A.Gjelsv. LKRG 44).

gram-mylda v sjå *gravmylda*.

gram-mons m. 1) grakatt (1) (SeljeM,Leirfjord-Jens. 57,FosnesM, Skjerstad; R.SvareSS 123). 2) gra (2) mann (SeljeM).

vid genomläsning av ett par hundra spalter i NO från bokstaven G och framåt. Vid sidan härav har enstaka nedslag gjorts också på andra ställen i band 3 och i några fall har uppgifter ur NynO medtagits som jämförelse.

Ett substantiv som uppvisar många betydelser är *gang* m. (13 betydelsemoment, sp. 1397–1402). Under betydelsemoment 4 anges att ordet brukas »etter verb i samb i *gang* (skr og målf òg på *gang*, i nyare skr kanskje påv. av sv)» – det är i förbigående sagt ett av de ganska få tillfällen i NO, då jämförelser görs med svenskan – »a) (om person) i vend *gå*, *koma i gang (med noko)*». Under 4b anføres vidare: »(om arbeid, verksemd ... prosess, tilstand ...) i vend *vera i (el sj på) gang*» med belysande språkprov ur en tidning från 1985. Själv associerar jag till det på senare år, särskilt bland svensk ungdom, frekventa uttrycket *på g.*, där *g.* ju i allmänhet uppfattas som en förkortning av *gång*. Uttrycket *på g(e)* finns, visar det sig, också i norskan; det citeras i NO i artikeln *II g el ge* (sp. 1305): *ha det på g(e)* 'ha det storfint, lika seg svært godt ...'. Här föreslås, dock med förbehållet »kanskje», ett – väl något långsøkt – samband med franskans *être en gai* »vera animert, litt pussa». Är det inte troligare att det norska *på g.* trots den till synes utvidgade betydelsen har samma bakgrund som det svenska? En hänvisning från artikeln *II g* till *gang* moment 4 hade mot den bakgrunden inte varit ur vägen. – Uttrycket *på g(e)* finns inte upptaget i NynO.

Subst. *gard* m. har sju huvudbetydelser (sp. 1429–1434) och ingår liksom *gang* som förled i ett stort antal sammansättningar. När det gäller *gard* är det givande att studera hur betydelseredovisningen i NO skiljer sig från den i NynO. Den betydelse som står som nummer ett i NO (»gjerde»), kommer först på femte plats i NynO, som i sin tur som första betydelse anför den som motsvarar NO:s moment 5 (»eigedom, bustad på landet med hus ... og dyrkingsjord...»). NO:s bet. 2 (»rekkje, kjede ...») kommer som sjätte och sista moment i NynO. En fortsatt jämförelse av artikeln *gard* i de båda ordböckerna illustrerar resp. ordböckers skilda inriktning: NynO bygger på de olika betydelsernas frekvens, medan NO:s utgångspunkt är klart historisk, dvs. den äldsta, ursprungligaste betydelsen nämns först.

Ett ord som visar en noggrann uppdelning i betydelsemoment är *galge*: Betydelsen 3a, »lang, stor (men gjerne mager) kar», är här möjligen att betrakta som en skämtsamt överförd användning av betydelsen 2g, »kledehengjar», som den därför borde hållas samman med, primärt väl närmast åsyftande – såväl likhet med som funktion hos – den fristående golvmodell, som på modern svenska brukar kallas herrbetjänt. – Under *gand* kan man iakttä en intressant och lättförklarlig betydelseförskjutning: en vässad käpp, pinne, kvist (moment 1) har nyttjats i trolldomssyfte (dvs. som trollspö) och har därifrån övergått till att beteckna den sjukdom eller ondska som åstadkoms av den trollkunnige; t.o.m. betydelsen 'gift' är belagd. I artikeln *gauk* (med nio huvudmoment) är logiken inte lika genomskinlig.

Sammansättningar med olika fogar anføres omsorgsfullt, ofta, men inte genomgående, med hjälp av korshänvisningar. *Gagns-tre* och *gagn-tre* redovisas i två olika artiklar, liksom *gagns-ved* och *gagn-ved*. Förekomsten eller frånvaron av -s- bestämmer placeringen i den alfabetiska följd. Efter *gard-samling* följer på ny rad *gards-arbeid* och därefter i svit en lång rad sammansättningar med *s* i fogen t.o.m. *gards-eining*. Sedan följer på egen rad en kort artikel *gard-seljar* och så fortsätter det med *gards-emme*, -ende etc. Hänvisningen från *galnings-skap* till *galningskap* förefaller överflödig; det enda belägget med *s*-fog har på det här sättet fått för stor uppmärksamhet. Exempelvis *galder-beint* och *galdre-beint*, *galder-ord* och *galdre-ord* redovisas i olika artiklar. Från t.ex. *galdre-gauk*, *galdre-mäkel-måse* hänvisas däremot till *galder*- etc., medan det från *galder-smed* hänvisas till *galdre-smed*. Just hanteringen av sammansättningsfogen måste ha vållat åtskillig huvudbry vid redigeringen.

Från adj. *gammal*, *gammel* m.m. hänvisas till *gamal*, som med sammansättningar upp-

tar ca 25 spalter, varav 18 med *gamal-* som förled. Formredovisningen är mycket detaljerad och ortsuppgifterna utförliga. Man lägger märke till att avledningar som *gamaldom*, *gamalskap*, *gamalsleg* står som egna artiklar, medan (*gamal*)-aktig anføres i svit bland sammansättningarna (mellan *-agn* och *-almanakk*). Förleden *gam-*, hemtam för en ångermanlänning, påträffas i Nord-Trøndelag. I *gamlis*, belagt i skrift 1988, ingår det för svenska öron slangbetonade suffixet *-is* (NO:s *frekkis* har t.ex. sin direkta motsvarighet i svenskan). Betydelsen 'gamling' är dock främmande; i Uppsala syftar benämningen *Gamlis* på stadsdelen Gamla Uppsala, ev. mer explicit på den där hemmahörande idrottsföreningen.

I fråga om adjektiv bildade med suffixet *-et(e)*, typen *gaddet(e)*, *geipet(e)*, hänvisas framåt till *-ut*, där materialet presenteras. Vid sidan av »*gaput* el *gapet(e)* adj» finns dessutom en artikel *gopen* med åtminstone delvis samma betydelse som *gaput*; inga hänvisningar förekommer dock från det ena till det andra. Likaså kunde det ha varit på sin plats med hänvisningar mellan adjektiven *gafsen* och *gapsen*. – NO ger sig ingalunda ut för att vara någon synonymordbok (jämför OÖD som är frikostig med synonymer). De hänvisningar som förekommer är i regel av formell art. I NO hänvisas t.ex. från verbet *gi* till *gjeva*, som alltså kommer först i band 4. I NynO däremot hänvisas från *gje(ve)* till *gi*.

I ordbokstexten finns också inslag av folketro: Vad händer när man tappar gaffeln, vad är *gaglemyrarna* för ett ställe, vad menas med *gangferd*, vad allt har man inte förknippat med göken (*gauk*) etc.? Också i artiklar som exempelvis *gardstaur*, *gardvord*, *gast* ingår folkloristiska kommentarer. Beskrivningar på lekar kan man hitta t.ex. under *galen-fisk*, *galen-vott* och *gifta (padde)*.

Det är som sagt inte särskilt ofta som man finner några svenska inslag i ordboken. Ett exempel tål att fundera över: *svenske gardiner* påstås avse gallren för fängelsefönstren! *Frynsete nerver* betyder ordagrant 'fransiga nerver', snarlikt men förvisso mer uttrycksfullt än det i svenskan vedertagna *franska nerver*. Man noterar att NO föredrar stavningen *førti* (med hänvisning från *fyrsti* och *førreti*), något som väl vore dags att införa också i svenskan. Risk för missförstånd mellan våra grannspråk föreligger t.ex. i fråga om ord som *før-sumar* och *før-vinter*, som i svenskt riksspråk ju avser förra delen av sommaren resp. vintern men i norskan betyder förra sommaren resp. vintern. Jämför också *før-dag* '(i) förrgår' och mer tvetydigt *før-veke* »siste el nestsiste veka».

Att skriva ordbok kräver uthållighet. Det är ett ambitiöst och beundransvärt arbete redaktionen för NO lagt ned, till fromma för alla, lekmän som lärda, som talar och skriver norska men också i ett vidare sammanhang till glädje för nordisk dialektologi. NO är och kommer i än högre grad att bli ett outhärligt hjälpmedel för oss som i vår forskning anser det nödvändigt – och inspirerande – att gå över gränsen. Redan efter tre band är NO ett storverk. Vi ser med förväntan fram emot fortsättningen.

Maj Reinhammar

barkvefs; *Gilpinia hercynia*. -bar/log m lög kokt på granbar; i fmed. nytta mot skabb og urticaria (Fyresdal R.-Kj.VFL 30), mot rakitt (Austf og NOdal R.-Kj.VFL 30). -bar/lus f grangallelus. -bar/olje m olje utvunnen av granbar (NoAllk X 605). -bar/te m fmed., te kokt på granbar, nytta mot kardialgi (Innh R.-Kj.VFL 30). -bar/tvoqe f vaskefille flett av granbar (ÅrbGlåm 1980,126). -bar/viklar m zool, kvar av to småsumarfuglarter i viklar-fam som i larvetida skader granbarnålene. 1) liten granbarviklar; *Epinotia nanana* (NLO). 2) stor granbarviklar; *Epinotia tedella* (NLO). -bende n bende (III,1b) av grankvist (SkatvalM). -bork m bork på gran; *dei prøvde nytta granbork til matmjøl* (NFL44Helg 95; jfr Kl.R 274) // fmed., slik bork nytta på friske blødande sår (Gbr; R.-Kj.VFL 30), mot munnsår, trøske og kreft (Tel). -bork/bille f zool, kvar av to skadearter i borkbille-fam. 1) lita granborkbille; *Pityogenes chalcographus*. 2) stor granborkbille; *Ips typographus* (NLO). -bork/bukk m zool, kvar av to billearter i trebukk-fam. 1) tofarga granborkbukk; *Tetropium fuscum* (NLO). 2) svart granborkbukk; *Tetropium castaneum* (NLO). -bork/lus f zool, (lite insekt av) art i fam borklus; *Cinara piceae*. -bork/viklar m zool, (lite gråbrunt og kvitt fivrelde av) art i viklar-fam; *Laspeyresia pactolana* (NLO). -bruk n ei viss mengd med grantømmer (Hornnes, Hægeland); jfr *II bruk* 5-6. -bukk m zool, kortvengja bille(art) i trebukk-fam; *Molorchus minor* (NLO). -busk m lite buskvori grantre (Vi. SkrS II,118). -buske f dss frg.

I grand m kjælenamn på barn (Volda); smågut (Vanylven): *lille grandin*.

II grand m [ISo17-,Leikanger1743 *grann*,A,R; målf og *grann*, *granne*; jfr *II granda*; jfr MM 1921,20 og 36 og 1924,178; R.-Kj.VGT II,9 og IV,41; til *IV granda*,T]. 1) sjukdom el mein, ett frtu ofte valda av trolldom, av underjordiske o l. a) hanglesjuke, langvarug sjukdom med stor kraftløyse (Gbr,NVestl,Ndm; NFL104Hemne 254; NFL18Stor. 53; NoFolkek V,86). b) svekk, rakitt (Ndm R.-Kj.VGT II,100). c) farang (SeljeM). d) mateie (Sfj,Innvik; NoFolkek V,86). 2) vette som valdar grand (II,1) (DMNdm 1967,34).

III grand subst [R; sm o s *II grand*; gno *grand*] skade, i vend *gå til grands* vera til skade el vanbate for nokon; gå ein imot; gå til spille (IAGd sumst): *han var så unådeleg og utolug når det gjekk honom til grands* (Amlir,ByglandR).

IV grand m [*grang*; av fr *grand* 'stor'] (i visse kortspel) høgste melding; melding utan trumffarge; *melda grand* / (i whist) *spela grand* spela for å få så mange stikk som råd.

V grand n 'mole' sjå *I grann*.

VI grand adj [til *II grand*] bleik, som vantrivst (Leikanger1743 *grann*).

VII grand adj grann (II) (Fyresdal oflR,SetR).

I granda adj [ISo17- *grandet*, G *granne*,A² *grandad*; fp av *II granda*] (stundom om born) sjukleg, hanglut, forgjord (G; Sfj,Nfj,Vanylven; R.-Kj.VGT II,9 og IV,42): *når nokon var granda, kunde han skriva .. på døri* (på gamlekyrkja), og

det skulde hjelpa (Sfj NoFolkek V,86).

II granda v -a [ISo17-,Val743, R; til *II grand*] lida av el setja grand (II) på (Val743,SeljeM, SunnlyvenM,NdmR; No R.-Kj.VGT II,4 og 110); (ög:) få grand (II) (ISo17-); jfr *I granda*.

III granda v -a [Sfj1646 *grande*,C,A²; til *I grann*] gjera mindre, dela opp i små molar (Hard, Sfj1646,GimsøyM): *ho grandar maten åt dei* (A²) / *ho granda maten i seg* åt ein liten mole i senn (Gimsøy) / i samb *granda ut* dela opp: *dei .. turvte ikkje granda ut tidi i timar og minuttar* (NFL88Hard 16).

IV granda v -a [Rbg1698 *grandar*,Vstråll698 *granne*,L *grainne*,VTel1743 *granne*,Snm1762,H *granne*,C,A,R; gno *granda* 'skada, meinka'; jfr *III grand*; jfr *II grenda*]. 1) skada, møda, meinka (Rbg1698,ÅseralM,HafsloM,Selje,Snm; GOS VII, 103; Mort.E 95; FloGS 95): *eg skulle ikkje granda det* eg skulle korkje skada el øyda det minste av det (jfr Rbg1698) / ord: *det er ikkje stort før det grandar augo augo* toler lite (SnmA², sj; jfr A.Ordspr 193). 2) svika, stela (frå), naska (frå) (L,H; VTel1743,Shl,Nhl,StordalM,RomsR,StjørR, Vstråll698): *han hadde ikkje granda nokon mann* (NhlA²) / *han granda ikkje frå nokon* (V) / *han granda alt det han over kom* (Vstråll698) / *eg har ikkje granda så mykje som ei prjone* (VTel1743) / *granda til seg småstela* (StordalM). 3) gjelda (II, 1a) (JølsterM). *grandast* v verta skadd (DMNdm 1976,84); ord: *det skal ikkje så mykje til før augo grandast*.

grand danois m [*grang danoa*]; fr, eigl 'stor danske'] korthåra, slank, høgføtt hund(erase) (NoAllk VI,397).

I grande m [A,R; gno *grandi*; til geng. *grindan* 'mala sundt',T, el til *I grunn* med gram veksel og lydssprang]. 1) a) sand-el stein-mel attmed el i elv og vatn; øyr (Hall,Tel,Set,Vestl,NdmR; TidsNoLa 1935,287; VeSkog 21): *øyramne elder grandarne i elvosom hava lagt seg lenger ut* (A. II,251). b) liten holme el grunne av grus el stein, som skiftevis er turr og overflødd (Va,ØvHall,Tinn,Suldal,Voss; ByBygd III,155): *dei tappa ut fjorden og fekk nye jordvidder av grandane i vatnet* (jfr ReintonFFH II,71). 2) grasslette el grasstykke (serl attmed elv el vatn) (TelA,VestlA): *du skulde kjaksa grandane kring tunet* (Tv,JG 287).

II grande m [sp frå lat *grandis* 'stor'] spansk adelsmann.

III grande adv grann (II) (Fv I,207): **ho sikla til so grande* (Fv I,75) så fint og smått.

grande-jord f [til *I grande*] (sand)jord som har lagt seg opp attmed elv (A²).

grande-kost m grandemat (SeljeM).

grande-mark f [til *I grande*] mark med låge grandar ved elv (A¹).

grande-mat m [R u *grand*; målf og *grand(a)*; til *II grand*] fmed., mat av mange slags emne som skulle hjelpa mot grand (II,1) (serl når den sjuke fekk maten i seg utan å vita om det) (Lom NFL28Stor. 22,VAGd R.-Kj.VGT I,212,FjalerM, FørdeM,Nfj sumst,Vanylven; R.-Kj.VGT IV,42; MinneSoFj 176).

Maal og Minne 1997 s. 111–119

*Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band III. Oslo: Det Norske Samlaget, 1994.
1599 spalter.*

Melding ved Jarle Bondevik

Tredje bandet av *Norsk Ordbok (NO)* er velkomne. Ikkje minst av di avstanden til andre bandet er korta ned til sju år; mellom fyrste og andre bandet var det 12 år. Dette bandet rekk frå *flusker* til og med *gigla*.

Arbeidet med *NO* er verkeleg i siget no, og det kan ha fleire årsaker, mest kanskje at redaksjonsstaben er utvida. I årsskriftet, *Ord om ord*, opplyser Lars S. Vikør at det no er ni medarbeidarar ved ordboksprosjektet (Vikør 1995: 9), til samanlikning kan nemnast at i dei fyrste etterkrigsåra var Alf Hellevik (frå 1946) og Gunnar Pedersen (frå 1947) dei einaste faste i redaksjonen (Hellevik 1968: 210).

Dette tredje bandet er redigert av Reidar Bø, Arnbjørg Hageberg, Laurits Killingbergtrø, Sigurd Nordlie og Gunnar Pedersen, og det er gjeve opp kva delar kvar av dei har redigert. Leiaren, Lars S. Vikør, har skrive føreordet.

I denne meldinga vert det berre rom til å drøfta nokre få punkt i den mangesidige ordboka.

Band III er utgjeve heftevis; det har kome fem hefte, kvart på 320 spalter (= 160 sider), der spaltene er nummererte. (Hefte 1 kom i 1989, hefte 2 i 1990, hefte 3 i 1992, hefte 4 i 1993 og hefte 5 i 1994.) Papirkvaliteten er ikkje den same i heile bandet. Dei tre fyrste hefta er prenta på blankt papir som dei to fyrste banda, dei to siste på matt papir; det gjer at trykksverta verkar betre og sidene får ein mørkare dâm, og skrifta vert lettare å lesa. Det matte papiret er litt stivt, so blada har lett for å gli att når ein bruker boka. Det bør haldast på same prentestilen i band etter band no når utviklinga i prenteteknikken går so snøgt. Til dessar har det vore ulike prenteverk for kvart band.

Norsk Ordbok er eineståande i norsk leksikografi, ikkje berre i omfang – boka skal verta på tolv band etter dei siste opplysningane forlaget har gjeve (i ein reklamebrosjyre), men ogso i innhald: Ho skal dekkja ordtilfanget både i talemålet og i nynorsk skriftmål. – “I prinsippet vil vi prøve å få med alle ord i norske dialektar og i nynorsk som ikkje er tilfeldige danningar og døgnfluger” (Vikør 1995:10).

Dialekt og skriftmål

Undertittelen på *Norsk Ordbok* er *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. I føreordet i hefte 1 av band I (1950) bruker redaktøren, Alf Hellevik, folke-mål synonymt med målføre, og han kallar det planlagde verket mellom anna “ei samlande målføreordbok” (NO 1966: [V]). I *Norsk Ordbok. Brukarretteiing* gjev den noverande redaktøren, Lars S. Vikør, ei tolking av undertittelen: “Det er altså ei kombinert dialekt- og skriftmålsordbok” (NO 1994b: [7]).

Bruken av omgrepet ‘folkemål’ har vore problematisk i norsk språkplanlegging, og tolkinga av det har vore heilt til Høgsterett (jf. Hellevik 1971: 92–104). Det er difor forvitneleg å lesa at det i *NO* er forklårt som: “vanleg talemål i by og bygd t[il] skiln[ad] frå

skriftmål og eit normaltalemål (høgare talemål, rikstalemål) som er utvikla i nær tilknytning til det". Den andre tydinga er "skriftmål sétt på som norm (skriftleg fellesnemnar, mønsterform) for folkemål [...] serl[eg] om nynorsk skriftmål". Sidan "det nynorske skriftmålet" er med i tittelen ved sida av "det norske folkemålet", er det den fyrste tydinga som er aktuell her. So vidt eg kan døma om det, er det ikkje nokon skilnad på den tolkinga av "folkemål" som Hellevik gjev i 1966 og den som Vikør gjev i 1994. – Det er elles klårgjerande å lesa den stutte og velforma innleiinga som Vikør skriv om tilhøvet mellom målføra og nynorsk i *Brukarrettleiing*, og om korleis dei to delane har kome fram i ordbøkene (NO 1994b: 7–9).

Ordboka har som mål å dekkja ordtilfanget i dei norske dialektane og det nynorske skriftmålet. Kva er so "dei norske dialektane"? Det er skrive lite om det i innleiingane, men i omtalen av kartoteksetlane som friviljuge medarbeidarar har sendt inn, skriv Vikør at "[a]lle delar av landet er representerte i arkivet, men bymål i mindre grad enn bygdemål" (NO 1994b: 8). – Ein kan vera samd med Vikør når han skriv at det ikkje er so lett å finna kriterium for å skilja ut orda. Her må nok spørsmålet om korleis ordboka skal dekkja bytalemåla, ha valda vanskar.

Ivar Aasen høyrde ofte bergensk då han vitja Bergen i 1840-åra, men i ordsamlingane frå 1843 og 1844 nemnde han berre tre ordformer frå Bergens bymål (*Flaue*, *Hørne* og *Øge*, jf. Bondevik, Nes, Aarset 1995: 62, 65, 75). Eg har sett på listene over skriftlege kjelder som ordboka viser til, og funne ut kva plass bymåla har der. Bergens bymål har flest heimlar; seks titlar på leksikalske samlingar, mellom dei Egil Pettersen: *Bergens-ordboken* (1991), og dessutan Larsen og Stoltz si avhandling om bymålet (1912). I tillegg kjem 4–5 skjønnlitterære bøker der bergensmålet er brukt. Andre byar er representerte med færre titlar, anten språkskildringar eller bøker på bymålet, men tilfanget er svært spreitt. Det er nok tradisjonen frå Ivar Aasen og samanhengen med utbreinaden av det nynorske skriftmålet som har vore avgjerande for denne vektinga. Me bør venta å finna ord frå Pettersen 1991 i dei to siste hefta, og me vert ikkje vonbrotne. I den bolken av alfabetet som er utgjeven etter 1991, (spalte 961 *fuklefinger* – spalte 1600 *gigla*), finn me at 24 av 27 oppslagsord hjå Pettersen er komne med i NO. Dei tre orda i Pettersen 1991 som ikkje er med i NO, er *følgemosjø*, m, *gateheie*, f og *gedulghet*, m. Det bergenske *fullemann* er vel då representert i *fullmann* i NO, men det er inga tilvising til bergensk under dette oppslagsordet. *Gateheie* er kanskje etla plass under *heie*, f i NO, men jamlagginga *galneheie* er der på alfabetisk plass. – Alt i alt syner denne jamføringa og stikkprøver elles, at særigne bergensord har hatt større inngang i NO enn hjå Aasen. Å koma med ei slumpesam vurdering av innslaget frå bymåla tykkjest ugjerleg, men dei er i alle høve ikkje utestengde.

Redaksjonen har alleleis vore flink til å samla opplysningar frå bygdemåla. Alle skriftlege kjelder frå den eldre nynorske bolken i språkhistoria har vorte ekserperte. Her ser ein kor nyttig arbeid som har vore gjort ved Norsk Målførearkiv, der dei fleste slike skrifter, tidlegare prenta og uprenta, har vorte utgjevne. Opplysningar om målføra i seinare tid er ofte funne i hovudoppgåver i nordisk ved universiteta og i dei mange lokale ordsamlingane som har vorte prenta i seinare tid. – Denne lokale bokutgjevnaden har sitt eige krinnsaup, og vert sjeldan allment kjend, og det er eit godt arbeid redaksjonen har gjort for å skaffa fram denne litteraturen. Trønderbygdene er godt representerte. Ei lita, men god vestlands-samling, Vilhelm Gravdals *Gamle ord og uttrykk frå Gravdal og Mundheim* (1987), kan eg ikkje finna i kjeldetilvisingane. Utgreiinga *Haugesund bymål* (1991) av Finn Gabrielsen kan eg heller ikkje finna i listene, som elles ikkje er lette å ta seg fram i.

Leksikalske innførslar

Når fortener eit 'ord' å verta ei eiga leksikalsk innførslar? Substantivet *geil* har seks oppslag (I–VI). Alle tre kjønna er representerte, I, II og III er m, IV og V er f, og VI er n. Den einaste etymologiske opplysninga som er gjeven, finst under I, der det står at ordet står i avlydshøve til *gil* (jf. òg Torp 1919: 150). Det er ikkje noko som tyder på at innførsleane kan ha ulikt opphav (jf. Torp 1919), so årsaka må liggja på det semantiske planet eller i andre grammatiske tilhøve. Dersom ein granskar tydingane av *geil* under dei seks punkta, kan fem av dei først attende til innhaldet 'noko trongt, smalt og langt som er avgrensa på sidene'. Den fyrste innførsla, I *geil* m, tyder "1) sterk uro, rørsle, (opp)øsing o l (EtneR, RøldalR); strøyning i vatn el luft (Snm)" og "2) mod, sprækkeik, liv (SnmA)". Det skil seg soleis nok ut i tyding til at det er rimeleg med eiga innførslar, og det same gjeld V *geil* f 'tau', 'notende'. Men III *geil* m har same tyding som V *geil* f. Det som skil dei to oppslagsorda er genus. Like eins har II *geil* m og IV *geil* f om lag dei same tydingane. Tyding 1) av båe oppslagsorda er nesten identisk, tyding 2) likeso. Det er inga tyding av II som ikkje ogso gjeld IV, men IV, *geil* f. har nokre fleire tydingar. – Det er mange heimfestingar av hankjønnsordet, men færre av hokjønnsordet. Ein lesar kan ikkje få noko klårt bilete av grensene for bruken av hankjønnsforma og hokjønnsforma. Heller ikkje Beito (1954: 197) gjev nok opplysningar til at ein kan finna ut korleis spreinga i målføra er, og trass i mengda av ordsamlingar frå bygdemåla er det nærast uråd å få skikkeleg oversyn. Men eg har lita tru på at *geil* m og *geil* f kan ha ulike tydingsfelt; forklaringa på at det er fleire tydingar for hokjønnsordet kan vera at det er meir frekvent i sin brukarkrins enn hankjønnsordet er i sin, og eit utdøyande ord av dette slaget har gjerne mist ein del av tydingane, rett og slett av di den ytre verda er endra. Det er uturvande med eigen ordartikkel om ordet kan ha ulikt kjønn i målføra; det kan markerast på anna vis. Det kan heller ikkje vera morfologiske kriterium som ligg til grunn for ei slik skiljing, for det finst mange døme i *NO* på at kjønn skifter frå eit målføre til eit anna, jf. *forstand*, *frase* (III), *fælske* (II), *gaul* (IV). *Geil* var hokjønnsord i gno, og etter Beito (1954: 44) kan *-ar* i pl ha ført til at ordet vart hankjønnsord i somme målføre. Det bør leggjast klårt fram kva semantiske og morfologiske kriterium ein eventuelt måtte bruka under vurderinga av korleis orda skulle stellast opp. Eit par døme til på det som tykkjest vera overdriven bruk av oppslagsord, kan nemnast: I *fly* f (m), V *fly* n (flat og våtlend mark); II *fyle* f, III *fyle* f, IV *fyle* f (ei nedsetjande nemning på dyr og menneske).

Normalisering

Normalisering er ei krevjande oppgåve ved eit so mangleta tilfang frå talemål og skriftmål som ein har i *NO*. – Det skriftlege tilfanget rekk attende til 1600- og 1700-talet, og normering i vår meining av ordet var det ikkje snakk om då. Ogso skriftformene for det tala språket vil te seg på ymse vis. Rettesnora for normering i *NO* er formulert soleis i fyrste bandet: "Rettskrivinga i ordboka fylgjer i prinsippet den gjeldande nynorske rettskrivingsnormalen (frå 1938), såleis i oppslagsord, i redaksjonell tekst og normaliserte sitat. Der det er valfridom, held vi oss til hovudformene ("læreboknormalen")" (*NO* 1966: VIII). Denne regelen har fått eit tillegg i *Brukarretteiing*: "I dei seinare delane av ordboka har vi teke med både formene i 1938-normalen og i 1959-normalen i *oppslagsorda*, men slik at ordartiklane står på den alfabetiske plassen til 1938-formene" (*NO* 1994b: 11). Det siste vedtaket gjer det lettare å ta seg fram i boka for dei som er kjende med nynorsken gjennom skulebøkene. – Men, som Hellevik skreiv i stykket "Rettskriving" i hefte I av fyrste bandet i 1950:

I den praktiske gjennomføringa av dette prinsippet møter ein mange og store vanskar. Rettskrivings-reglar, -ordlister og -ordbøker femner berre om ein del av ordtilfanget i ei ordbok som denne. For ein stor part av orda må vi såleis etter beste skjøn fastsetja normalform eller oppslagsform (*NO* 1966: VIII).

Noko anna enn ei normering mot ein viss standard er utenkjeleg for ei nasjonal ordbok. Eit allment notasjonssystem for talemålsoppskrifter har me ikkje hatt, jamvel om Storms Norvegia-lydskrift frå 1884 har vore mykje brukt i oppskrifter frå talemålet i vårt hundreår. Men det er rikeleg med kjeldetilfang frå tida føre Storm, og det er mange som ikkje har nytta noko særskilt lydskriftsystem seinare heller. Mange gode ordsamlingar er laga for bygdemål der det vanlege alfabetet er nytta til å få fram uttalen, ofte med nokre aksentar til å merka av tronge og opne vokalar. Som døme kan nemnast Dvergsdal 1991 og Røthe 1994. Full normalisering av oppslagsorda finn ein i Donali 1988 og i Opedal 1960 og 1980. – Det syner seg at det er vanskeleg å nå fram til ålmenta dersom skriftbiletet bryt for sterkt med det tilvande.

So vert spørsmålet om det "beste skjøn" er godt nok handheva i *NO*. Oddvar Nes tok opp normeringsproblemet i ein artikkel (Nes 1988: 129–43). På grunnlag av dei to fyrste banda av *NO* meinte Nes at det vart "stadig fleire diskutabile normeringar til lenger ut i alfabetet ordboka har kome". No ville han "påverke redaktørane til å halde støare kurs" (1988: 129). Det fyrste problemet med 1938-rettskrivinga – som skal vera norma for ordartikkelen – og 1959-normalen, som skal takast med som oppslagsord med tilvising til ordartikkelen, ser ut til å fungera bra. Nokre døme: *flåte* m har tilvising til *flote* m, *flom* m til *flaum* m og *gammal* adj til *gamal* adj. Men det er ikkje lett å halda styr på variantane i rettskrivingsnormalen: Klammerformer frå 1938 som *forbrott* og *forvenna* er ikkje med i *NO*, fordelinga av *for* og *føre* i tilfelle der dei er jamstelte fyrsteledd i samansetningar, kan vera vand å verta klok på, men ein finn samansetningane på alfabetisk plass med tilvising til ordartikkelen. Soleis vert det vist frå *for-middag* m til *føremiddag*, frå *forord* n til *føreord*, frå *for-sumar* m til *føre-sumar*, men frå *føre-mål* n til *formål* og frå *føre-namn* n til *fornamn*.

Ei normalisering som skrivemåten av dei før nemnde bergensorda berrlegg, gjeld ord med prefikset *ge-*, uttala *je-*, til dømes *gesell* "[jesæll]" (Pettersen 1991: 49–51). Slike avleiingar finst det om lag 50 av. Prefikset *ge-* har eigen ordartikkel i *NO*, og der går det fram at *ge-* kan uttalast både velart og palatalt, og at i målføra er den palatale uttalen vanleg. Kva uttale som vart vanleg, heng saman med når ordet kom inn i norsk og om det kom gjennom talemål eller skrift; ein 'leseuttale' ville hindra den palatale uttalen. At uttaleformene til desse avleiingane gav eit brokut bilete for redaktørane når dei skulle normera, er i alle fall rimeleg. Av oppslagsorda i band III skal to avleiingar skrivast med palatalmerking; det er *gjelik* og *gjelikar*. Ordet *gemein* og avleiingar av det har valfritt prefiks, *ge-* eller *gje-*. Avleiingane (samansetningane) med skrivemåten *gje-* er ikkje omtala i band III, men i band IV, hefte 1 (1996), men eg vil likevel røra litt ved desse orda. Her – som ofte elles – vert etymologiseringa viktig for kva skrivemåte ein skal velja. Skrivemåtane i *gemein* og *gjemein* (adj.) og i avleiingar av eller samansetningar med dette adjektivet, er jamstelte. (Eit velkjent ord i sognemålet er *jímainsle*, jf. òg Ølmheim 1991: 18). Det kan ikkje vera noko rettskrivingsvedtak som ligg til grunn for skrivemåten med *gje-* og uttalen er ikkje meir markant i den eine eller andre retninga enn til dømes ved *gesell*, so det kan ikkje vera noko argument heller.

Heilt skild frå dei andre *ge-*avleiingane er *gelik* adv., *gelikar* m og *gelike* m, her vert lesarane viste vidare til *gjelik* osfr. Lesarane må då tru at redaksjonen har med dette teke stode til orda, og lyt rekna med samansetningar av *gjed* m 'hug' + *lik* adj./ *like* m. I *NO*

står *gjedlik*, *gjedlikar* og *gjedlike* oppførde på alfabetisk plass, men med tilvising til *gjelik* osfr. I ordartiklane (som då står i band IV hefte 1) har dei vore svært varsame i vurderinga av *gjelik* adv. "(vel helst) frå ndl tegeljik", men held ope om ordet kan vera eit norsk arveord. Men ordet *gjelikar* m vert sett på som avleiing til *gjelike* m, som so vert forklårt som ei avleiing av det mellomlågtske adjektivet *gelik(e)*. Det tykkjer eg er den mest fornuftige forklåringa. Aasen (1873) var heller ikkje trygg på opphavet: "Maaskee af et Adj. gjedlik (ligesindet), men kan ogsaa være indført efter det ældre tyske *gelich* (= gleich), o: lig." Det fremste argumentet for at det er eit innlånt tysk ord, må vera at i målføra er trykkt oftast på andre staving, noko som talar for ei avleiing med prefiks og ikkje ei samansetning med *gjed* til fyrstelekk. Det neste argumentet er at *gjelike* og *gjelikar* er sterkast utbreidde i kystmåla og i midlandsmåla, og det er rimeleg at hanseatane i Bergen har vore dei fyrste til å bruka ordet her i landet. Den palatale uttalen gjer det òg sannsynleg at ordet er kome inn gjennom talespråket, og i dansk har ikkje ordet hatt nokon plass. – *NO* kunne difor ha late dei omtala orda stå saman med dei andre orda med prefikset *ge-*, jamvel om då ein gammal tradisjon frå Aasen (1873), Eskeland (1912) og Skard (1912), hadde vorte broten.

Frasar og idiom

Når me talar om ord, fell tanken lettast på dei orda som har klår referanse til den røynelege verda, som ikkje minst dei mange ordsamlingane frå målføra ber vitnemål om. Ord utan slik referanse, vert ikkje so 'interessante' for folk flest. Men i språkbruken spelar dei ei viktig rolle. I frasar og setningar ser me kva funksjon dei har og kva tyding dei ber. Moderne datamaskinelle konkordansar kan ha kolonne på kolonne med ordformer i tekst-samanheng, med ein tekstbite føre og ein tekstbite etter ordet. – Den gamle metoden med ekserpering på setlar gjev ikkje i same mon høve til det. Resultatet kan verta at dei ikkje-referensielle orda har vorte mindre åtgådde enn dei referensielle og at ein kan risikera at fraseologien ikkje vert so godt representert i ordbøkene. – Her er det dessutan eit grense-område mellom leksikografi og syntaks, og det er ikkje beintfram å dra opp grensene. Døma frå talemålet og skriftmålet er ei god hjelp, og bruksdøme har hatt ein tradisjon i ordbøkene frå Aasen av. I *NO* er det mange døme på korleis orda fungerer i setnings-samanheng. Ordet *gagn* n vert i bruk knytt til ulike preposisjonar i frasane "*ha, få gagn (av noko)*" og "*gagn i*", til dømes. Jamt over får me god greie på kva partikkel som er aktuell å bruka i verbfrasar, og kva tyding dei har: "*fora opp* ala opp (Vanl), (òg:) setja i god stand med foring (Voss)", men oppstillinga er noko dårleg markert, og ein treng tid til å leita seg fram til det ein har bruk for. I den alfabetbolken som dette bandet femner om, er det ikkje so mange preposisjonar som har plass, men på den andre sida er dei frekvente. Oppslagsordet *for* dekkjer over femten spalter, av dei tek *for* som preposisjon om lag tretten spalter, som adverb om lag to spalter og som konjunksjon om lag ei halv spalte. Det vert soleis ein brøte tekstdøme frå tale og skrift som er grupperte etter tyding og bruk. Som Heggstad (1931: 161) gjer dei i *NO* ein freistnad på å skilja mellom tydingsområda for preposisjonane *for* og *føre* (*fyre*), men endar med å slå fast at grensene mellom områda "er ofte uklår". Rimelegvis har *for* utvida området sitt i seinare tid etter mønster frå bok-mål, der *føre* er lite frekvent og i *Norsk Riksmålsordbok (NRO)* vert merkt som "dial.". Her må det gjerast eit val ved faste samband som *leggja seg for* el. *føre* og *sjå seg for* el. *føre*. Det fyrste sambandet er forklårt både under *for* og *føre*, det andre berre under *føre*, men der er det tilvising til *sjå*. – Alt i alt finn ein mykje tilfang om fraseologien i dette bandet av *NO*.

Ordtyding

Få ord har berre ei tyding; dei fleste oppslagsorda har fleire. I fyrste bandet hefte 1 (1950), skreiv Hellevik at ulike tydingar jamnast var "skipa historisk, slik at den eldste, mest opphavlege, tydinga kjem fyrst" (*NO* 1966: XII). I dette stykket fylgjer *NO* same prinsippet som *NRO* (jf. 1937: XIV). Den andre måten ordtydingane kan skipast på, er å setja den vidaste tydinga fyrst og deretter dei som er trongare. Båe prinsippa har sine problem, og skjønet til ordboksredaktøren vert avgjerande. Me kan ikkje eingong vona på at ordvoksteren i norsk frå dei eldste tider skal verta kartlagd slik at ein med visse kan 'ranger' tydingane. – Det ser ut som om tydingsssorteringa er vorten gjord etter eit logisk mønster (konkret → overført tyding osfr.), og at tradisjonen for tydingsinndeling, til dømes i *NRO*, har hatt mykje å seia.

So til sjølve forklåringane. For det fyrste: Treng alle ord forklårast? For det andre: Korleis skal dei eventuelt forklårast? I *NO* er flestalle oppslagsord tydde, det er for vanskeleg å avgjera kva ord som er so kjende at det ikkje trengst ei forklåring. Difor definerer ordboka *fole*, *føl*, *frosk*, *fugl*, *gaupe*. Sidan *fole* og *føl* ikkje er artsnemne, har dei ei einfeld forklåring: "unge av hest". Det vert meir faglege forklåringar når ein kjem til *frosk*, *fugl* og *gaupe*, *geit* (berre *frosk* og *geit* har markøren "zool"), her er det definisjonar som har merke av leksikondefinisjonar; soleis er forklåringa av *fugl* "eggleggjande ryggbeinsdyr med varmt blod, framlemer omlaga til venger og med fjørkleddnad på kroppen, av klassa fuglar". Det er gjeve gode definisjonar av mange ord som har plass både i allmennspråket og i fagspråket; til døme kan nemnast *fuge*, *fundamentalisme*, *funkis* og *geografi*. – Men stundom kan forklåringane gleppa; soleis er definisjonen av *fonem* ikkje etter læreboka (i *Nynorskordboka* står den rette forklåringa).

Vanlegaste måten å forklåra oppslagsorda på er å bruka synonyme ord, som òg skal vera med i ordboka. Der byr *NO* på rikdom og variasjon i ordtilfanget. Fåren ligg i at forklåringa "stundom vert for ålmenn, og stundom for spesiell", som Hellevik skriv (*NO* 1994b: 15).

Inndeling av ord etter tyding og bruksområde er gjord med særskild nummerering, og det er gjeve gode forklåringar og ei mengd sitatdøme både frå eldre og nyare litteratur. Typografien gjer det ikkje alltid lett å få oversyn over dei ulike punkta (ny linje ved nytt hovudpunkt hadde gjort underverk, men det er vel plassmangel), og stundom er det ein tendens til for sterk inndeling av tydingsområda. Eitt døme: Adjektivet *gamal*, som er skikkeleg definert, har seks spalter med forklåringar og døme. Tydingane på *gamal* er delte opp i seks punkt, og kvart punkt har frå to til seks underpunkt. – Det kan vera ein føremon at døma vert samla i grupper på dette viset, men det kan ikkje vera naudsynleg å lata 'alder' på menneske, dyr og vokstrar verta omskrive i tre ulike punkt. I *Ordbog over det danske sprog* (*ODS*), som i mangt er eit føredøme for *NO*, er "levende væsener og planter" ordna under eitt hovudpunkt. Ting og tilhøve kjem so seinare. I *NO* femner punkt 1) om menneske og punkt 2) femner om a) vokstrar b) ting og c) stader. Men sidan punkt 1) berre gjeld somme tilfelle ved 'høg alder' og mennesket, kjem andre tilfelle opp att i seinare punkt, (på liknande vis som i *ODS*), til dømes i punkt 4), som vert forklårt soleis: "(om person) a) (føre subst for person i eit visst tilhøve el med ein viss eigenskap) som lenge har vore det subst seier: *vi er gamle vener...*". Den motsvarande forklåringa i *ODS* er slik: "især om person *som har været noget i lang tid*". Her har redaktøren i *NO* strekt seg lengst i å definera, og ikkje berre gje ei forklåring, som nok ville vera tilfredsstillande for dei fleste lesarane.

Som nemnt kjem forklåringane ved hjelp av synonym. Noko redundante verkar forklåringar av gjennomskodelege samansetningar der orda i kvart ledd vert tekne opp att, til dømes "*frykt-kjensle* f *kjensle* av *frykt*". Men i alt har redaksjonen i *NO* sett seg høge mål ved ordforklåringane.

Allmennmål og fagmål

Om redaksjonen i *NO* har hatt som mål å dekkja den samla ords-katten i nynorsk, er det likevel eit problem om han kan fanga inn orda frå fagmåla, der endringane kjem snøgt og der ordtilfanget kan vera utilgjengeleg for ikkje-fagfolk. I jamføring med det allmenne ordtilfanget er kan henda tilfanget i fagmåla ikkje so stort; eg kjenner ikkje norske undersøkingar av dette. Men det vil alltid vera ord frå fagmålet som vert 'allmenne', og dei ventar me å finna i dei vanlege ordbøkene. Ordet *frontpanel* (på eit badekar) høyrde opphavleg til i eit handverksspråk (frå røyrleggjarfaget), men folk som har badarom, kjenner ordet og bruker det og ein ser det ofte i reklamen. Men i *NO* finn me ikkje ordet, derimot finn me *frontplate*, med markøren "fag." og med denne forklåringa: "plate fremst, m a endeplate på ein dampkjel der fyrgangen munnar ut" og med tilvising til *NRO*. Bruken av datamaskiner er snart ei allemannssak, særleg etter dei byrja med opplæring i skulen. Eit ord som *formatera* er likevel ikkje med i *NO*; (kan henda kom det ikkje tidsnok i allmenn bruk til å verta med i det aktuelle heftet). Dette er døme på korleis 'fagorda' dukkar opp i daglegdags språk; det er i alle tilfelle ikkje lett å fanga dei inn før dei for alvor har sett seg fast i den allmenne ordbruken. – Eg har elles ikkje grunnlag nok til å gje ei omdøming av kva plass 'fagorda' har fått i *NO*, og noka fagordbok skal ho heller ikkje vera.

Brukarrettleiing

I samband med at tredje bandet kom, vart det utsendt eit eige prent. *Norsk Ordbok. Brukarrettleiing*, Oslo 1994, 93 s. Heftet er utarbeidd av Oddrun Grønvik, Helge Gundersen, Arnbjørg Hageberg, Gudmund Harildstad, Laurits Killingbergtrø og Lars S. Vikør. Alf Hellevik si innleiing til fyrste heftet (1950) er prenta opp att, med somme rettingar. Bolken "Kjeldetilvisingar" er ei samling av kjeldelistene frå dei to fyrste banda og dei kjeldene som har kome til i det tredje. Viktig er lista med kommunenamna; der er det òg teke omsyn til seinare reguleringar. "Geografiske område" er ei avstytingsliste for område som kjem over kommunenivået, med opplysningar om kva områda femner om. Områda mellom kommunenivå og fylkesnivå (Dalane, Follo, Fosen osv.) vert her kalla *område*, men i kartavdelinga vert nemninga *landskap* nytta. Denne nemningsbruken er problematisk, for det er opplagt at det som her vert kalla *område* er faste geografiske einingar for alle nordmenn. Ikkje minst i dialektgeografien er det ei nyttig eining. – Men dessverre har det ikkje vore noka fast nemning på desse områda. I det geografiske registeret i Nes 1986 er *region* nytta, men *regionalmål*, som tidvis har vore nytta (sjå til dømes Sandøy 1987: 264 f.), krev ei noko romslegare oppfatning av det geografiske området. *Landskap* har til denne tid helst vore nytta om geografiske og administrative einingar i eldre tid, og i Norden er det no einast vanleg som områdenamn i Sverige, der *landskap* og *län* er åtskilte nemningar.

Men listene og karta er fine og oversynlege, og noko fargespel kan ein vel ikkje venta av kart i ei bok av dette slaget?

Sluttord

Det ei glede å få det tredje bandet av *Norsk Ordbok* i hendene. Det er ei stadfesting av at den djerne planen om å laga ei sams ordbok for målføra og det nynorske skriftmålet let seg realisera, og *det* i eit omfang som dei ikkje tenkte frå fyrsten. Det er høg standard over det som ordboksverk, oppsett og disponering av ordartiklane syner at det ikkje er valt lettvinde og omtrentlege løysingar, jamvel om denne meldaren stundom kunne ha tenkt seg litt andre løysingar. Noko meir arbeid med det etymologiske aspektet kunne i somme

ANMELDELSER

tilfelle ha klårgjort både skrivemåtar og tydingar, endå om boka ikkje skal vera noka etymologisk ordbok.

Ordtilfanget frå den nynorske litteraturen er presentert på ein god måte, med ei mengd bruksdøme både frå eldre og nyare litteratur. Her vil eg dra fram at døma frå litteraturen ikkje er so knapt utskorne som dei vanlegvis plar vera i ordbøker, eitt ord kan stå i ein samanheng på fleire setningar, og det kan vera tenleg både til å illustrera bruk, tyding og stil.

Sidan tilfanget frå ordbøkene til Aasen og Ross er innarbeidd i *Norsk Ordbok*, er dermed talemålsgrunnlaget for det nynorske skriftmålet til stades. Talemålet er òg henta frå andre kjelder, ikkje minst frå det som er sendt inn av heimelsfolk frå heile landet. Når eg ser somme heimfestingar, tenkjer eg av og til på at det ville ha vore godt om det i dag hadde vore råd å fylgja same prinsippet som Aasen: alle tilsende ordoppskrifter ville han sjølv kontrollera på staden der dei kom frå. – Men eit stort tilfang frå talemålet er i alle høve samla i *Norsk Ordbok* og omtala på skikkeleg vis.

Alt i alt er det ei stor spennvidd over ordboka, både i historisk perspektiv og i samtidsperspektiv. Boka presenterer eit ordtilfang frå ein bolk på tre hundre og femti år, og ordmengda frå vår eiga tid syner eit språk som dekkjer mange bruksområde.

Norsk Ordbok har eit vitskapleg siktemål, men boka er slik utforma at både dei som arbeider fagleg med nynorsk språk og dei som har ei allmenn interesse for språk, vil finna at boka er nyttig, interessant og inspirerande.

Å få so god skikk på det mangslungne ordtilfanget i nynorsk, har kravt store ytingar på alle steg – frå ordsetelen til den ferdigredigerte ordartikkelen, og eg har stor vørndnad for arbeidet.

Litteratur

- Aasen, Ivar. 1873. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Christiania: P.T. Mallings Boghandel.
- Beito, Olav T. 1954. *Genusskifte i nynorsk*. Skrifter utg. av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-Filos. Klasse. 1954. 1. Oslo: Dybwad.
- Bondevik Jarle, Oddvar Nes og Terje Aarset, red. 1995. *Målsamlingar frå Bergens Stift av Ivar Aasen*. Bergen: Norsk Bokreidingslag.
- Donali, Ingeborg. 1988. *Oppdaling: Ord og uttrykk*. Trondheim: Strindheim Trykkeris Forlag.
- Dvergstad, Daniel. 1991. *Gamle ord i jølstramålet*. Førde: [Eigen utgjevnad.]
- Eskeland, Lars. 1912. *Norsk rettskrivingsordbok*. 2. utg. Kristiania: Norli.
- Gabrielsen, Finn. 1991. *Haugesund bymål*. Bergen: Alvheim & Eide.
- Gravdal, Vilhelm. 1987. *Gamle ord og uttrykk frå Gravdal og Mundheim*. Mundheim: Eige forlag.
- Heggstad, Leiv. 1931. *Norsk grammatikk*. Større utg. 2. utg. Oslo: Norli.
- Hellevik, Alf. 1968. Ordsattar. *Det Norske Samlaget 1868–1968*, 201–14. Oslo: Det Norske Samlaget.
- . 1971. Forsøk på ei klargjering av omgrepet *folkemål*, slik det er nytta i norsk språkvitenskap og språkplanlegging. Magerøy, Hallvard og Kjell Venås, red. *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking*, 92–104. Oslo–Bergen–Tromsø: Universitetsforlaget.
- Larsen, Amund B. og Gerhard Stoltz. 1912. *Bergens bymål*. Kristiania: Aschehoug.
- Nes, Oddvar. 1986. *Norsk dialektbibliografi*. Oslo: Novus.
- . 1988. Om normering i *Norsk Ordbok*. *Maal og Minne* 1988: 129–43.
- NO 1966 = *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Band I. Oslo: Det Norske Samlaget.
- NO 1994 a = *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Band III. Oslo: Det Norske Samlaget.
- NO 1994 b = *Norsk Ordbok. Brukarrettleiing*. Utarbeidd av Oddrun Grønvik, Helge Gundersen.

ANMELDELSER

- Ambjørg Hageberg, Gudmund Harildstad, Laurits Killingbergtrø, Lars S. Vikør. Oslo: Det Norske Samlaget.
- ODS = *Ordbog over det danske Sprog*. I-XXVIII. København 1918-56: Gyldendalske Boghandel. Nordisk Forlag.
- Opedal, Halldor O. 1960. *Hardanger-målet. Ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.
- . 1980. *Hardingmålet. Ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv XXXV. Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Pettersen, Egil. 1991. *Bergensordboken. Ord – uttrykk – vendinger og begrep i Bergens bymål*. Bergen: Alma Mater.
- Røthe, Eirik. 1994. *Vossamålet i ord og vendingar*. Voss: [Eigen utgjevnad.]
- Sandøy, Helge. 1987. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus.
- Skard, Matias. 1912. *Nynorsk ordbok for rettskriving og litteraturlesnad*. Kristiania: Aschehoug.
- Torp, Alf. 1919. *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania: Aschehoug.
- Vikør, Lars S. 1995. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi 1995*: 9-10. Oslo.
- Ølmheim, Per Arvid. 1991. "han e 'kje mjøla i kjeften". Ei samling av ord og ordtak frå Fresvik. Samla av Erling O. Breilid og Olav Otterhjell. Sogndal: Sogndal lærarhøgskule.

Jarle Bondevik
Universitetet i Bergen
Nordisk institutt
Sydnesplassen 7
N-5007 Bergen

grandezza m [-es'sa; ital, til *grande* 'stor', smh med *II grande*] litt., verdig og stolt framferd (Gullv.B 142): * (Dølen) *ikkje på lesaren enno kann lessa all målets den heile og rike grandezza* (Vi.SkrS II,3).

grand-gjeveleg adv sjå *granngeveleg*.

granding f grand (II,1); rakitt (NFrøya R.-Kj. VGT II,9 og 101).

grandios adj [-o's; ital *grandioso*, til *grande* 'stor'] litt., storfelt, drusteleg (KiranTD 7). **grandiositet** m [-te't] prakt, drust. **grandioso** adv [-o'so; ital] mus., storarta, opphøgd.

grand-kleinheit f [målf *grann-*] fmed., grand (II,1) (HemneM): *folk nytta roning* (trolldom) *mot grandkleinheita* (NFL104Hemne 254, jfr 72).

grand-kort n [*grang*'] sj, (i kortspel) kort som ein kan melda grand (IV) med: (han) *let meg sitja att med dei finaste grangkort på handi* (S.Esk.B II, 113).

grand old man m ubøy. [*grænd ould mæn*; eng., eigl 'stor, gamal mann'; opph om Gladstone] mann som lenge har vori førande i ei rørsle el på eit område (NorskT 1947; GulaT 1953; SS 1968, 139).

grand-onkel m [frå fr] bror av bestemor el bestefar, gamle-onkel, godfarbror, godmorbror (SS 1964,395; Språknytt 1984).

grand-ord n fmed., ord som lækjer for grand (II,1) (Sunndal NFL28Stor. 23; R.-Kj.VGT I,138).

grand prix m ubøy. [*grang pri*']; fr 'stor pris']. 1) fyrstepris på utstilling el i tevling. 2) stor (årleg) tevling (i sport, musikk). Hertil *grand-prix-vinnar*.

grandseigneur m [*grangsenjör*]; fr, til *grand* 'stor' og *seigneur* 'herre'] fornem herre (NorskT 1950).

grandsem subst sjå *grannesem*.

vart dette Grunnmanuskriptet lagt til side og berre brukt som kjeldemateriale, mens redigeringa av ordboka starta heilt på nytt att. Denne redigeringa er framleis i gang; vi har publisert tre band pluss eitt hefte av fjerde band, dvs. tre og ein femtedels band, og dei går fram til ordet *glamen*, som betyr "skramlande" eller "bråkete" eller "utrygg" om is. Redigeringa foregår no altså på bokstavane *g* og *h*, dvs. *ha-* og *he-* så langt. Det viktigaste nye i nittiåra er elles at alt kjeldemateriale er blitt digitalisert, ellei er i ferd med å bli det; det er meininga at databasen med Norsk Ordbokmateriale skal stå ferdig i 1998. Det skal eg komme litt inn på mot slutten, men i hovudsak skal dette foredraget handle om leksikografi og ikkje teknologi.

Dei hovudproblema Norsk Ordbok står overfor, kan samanfattast stutt slik:

1) Framdrifta er relativt sein, om enn neppe seinare enn i andre ordboksprosjekt av same storleiken. Vi reknar no med å greie å gi ut eit hefte på eitt og eit halvt år, dvs. sju og eit halvt år pr. band à 800 sider. Det vil seie at band 4 bør komme i 2002. Totalt er det planlagt 12 band, og med same produksjonstakt vil det siste bandet da liggje på bordet i året 2062. Men forlaget som gir ut ordboka, Det Norske Samlaget, gir stadig klarare signal om at dei ønskjer større fart i produksjonen, og blant interesserte brukarar av ordboka får vi òg ofte spørsmål om det.

2) Redigeringa slik ho er no, sprenger det vi reknar som rimelege omfangsrammer: I staden for dei tolv banda vi har planlagt, ligg det an til minst seksten band i den svært kompakte stilen vi redigerer i – dersom vi ikkje greier å avgrense oss.

3) Rekrutteringa av ein ny redaktørstab som kan ta over etter at vi er borte kan by på problem, ikkje minst fordi det tek lang tid å beherske redigeringsteknikken, og vi har så langt ikkje utvikla eit godt opplæringsprogram. Ordboka er ein del av Institutt for nordistikk og litteraturvitskap på Universitetet i Oslo, og blir finansiert over det ordinære universitetsbudsjettet pluss ei årleg bevilgning frå staten som finansierer to redaktørstillingar og ei sekretærstilling. Kampen om stillingane er hard på grunn av hardt undervisningspress i andre delar av instituttet, og endringar i økonomiske eller ideologiske konjunkturar som vi ikkje har kontroll over kan bli ein trugsel mot oss når desse stillingane skal fyllast med nye folk.

Dette er hovudproblema, heilt kort framlagt. Synet på framgangsvegen vidare er delt i redaksjonen, men ein ting kan det knapt vere usemje om: Det er ikkje mogleg å auke farten monaleg utan at noko går tapt av den svært grundige og omfattande redigeringa som skjer i dag. Denne avveginga må ein altså gjere: Anten prioritere Norsk Ordbok med det ambisjonsnivået som no ein gong er fastlagt og har lege til grunn i det som hittil er utgitt, og dermed la arbeidet ta den tida som trengst uansett kor lenge det blir, eller prioritere ei raskare redigering og utgiving, kanskje mot ein frist som blir fastsett på førehand – kombinert med eit maksimumsomfang som det ikkje blir høve til å overstige. Det må altså føre til ei raskare behandling og ei "slanking" i redigeringa. Det kan igjen lett føre til ei kvalitetssenking målt med faglege mål. Spørsmålet er så om det kan akseptierast. Spørsmålet er òg kven som skal bestemme om det kan akseptierast eller ikkje – kven som skal gjere avveginga og dette valet og står ansvarleg for det.

Kvalitetsnormer – representativitetsproblemet

Eit første utgangspunkt for ein drøfting av dette, er ei presisering av kva "fagleg kvalitet" er for noko. Kva krav *må* ein stille til ordboka og arbeidet med den, uansett korleis ein måtte vilje leggje den om? Eg har forsøksvis stilt opp desse kvalitetsnormene – som eg vil kalle *interne* krav til ordboka:

- korrektheit til minste detalj
- representativitet
- oversiktleg oppføring
- einskaplegheit
- konsekvens i forhold til redaksjonskonvensjonane
- gode og klare definisjonar
- godt utvalde brukseksempel, som samsvarer med definisjonen dei skal illustrere
- logisk rekkefølge av tydingar og eksempel
- brukarvennlegheit
- stringens
- god språkføring

Det meste av dette er udiskutabelt, sjølv om ein nok i konkrete tilfelle kan diskutere kva som faktisk er den beste språkbruken og den mest logiske rekkefølga av tydingar og døme. Punktet brukarvennlegheit skal eg komme tilbake til seinare. På eitt punkt kan det likevel vere prinsipiell usemje, nemleg det med representativitet, at ein skal prioritere det vi med eit vagt uttrykk kan kalle det representative i språket.

Dette har å gjere med fleire ting. For det første kan ein spørje seg om representativitet er mogleg. Korleis avgjer ein kva som er representativt og kva som ikkje er det? Men dette er kanskje eit større problem for mindre bruksordbøker, som jo må selektere mye strammare enn vi må. På oss kviler eit anna spørsmål: Er representativitet eit overordna mål, eller er det viktigaste å vere så uttømmende som det er råd, å få med så mange data og detaljar som vi greier ut av det omfangsrrike materialet vårt?

I Reykjavík for to år sidan hadde eg eit innlegg om problem kring ordutvalet i Norsk Ordbok (Vikør 1996a), og representativitetsproblemet knyter seg i spesielt sterk grad nettopp til ordutval. Det er klart at eit verk av typen Norsk Ordbok i prinsippet skal vere uttømmende, og ikkje avgrense seg til det representative. Men stoffmengda er slik at ein uansett må setje grense ein stad, og eg prøvde i Reykjavík å skissere dei kriteria vi da går etter. Det skal eg ikkje gjenta her. Men eg vil berre supplere med at representativitetsproblemet også kjem inn under utarbeidinga av artiklane om dei orda ein vel å ta med. Det gjeld kor nøye ein skal referere dei ulike målføreformene av eit ord, kor grundig ein skal vere i heimfestinga, og kor nøye ein skal vere med å referere tydingsnyansar som det er svært få belegg på. Eg vil generelt seie at dette må ein langt på veg løyse i dei konkrete tilfella, men at retningslinene her må vere nokolunde tilsvarande dei vi har for ordutval. Det vil seie at tydingsnyansar med dekning i dialektane bør refererast ganske nøyaktig og utførleg med dokumentasjon, og det same gjeld særtydingar i litteraturen (som kan vere individuelle påfunn av enkelt diktarar) dersom det er ein kjend diktar det er snakk om, og den spesielle tydinga eller staden der han førekjem er mye gjengitt og sitert. Elles må ein kunne vere restriktiv i å ta dei opp.

Men representativitetsproblemet har ei anna side. Arkivet og ekserperinga av dei skriftlege kjeldene i Norsk Ordbok er i stor grad innretta på å få med det sjeldsynte og særmerkte, mens vanlege ord, særleg grammatiske funksjonsord, og allment kjende frasar kan ha ein tendens til å bli underrepresenterte. Dette kan slå uheldig ut i redigeringa om ein ikkje er merksam på det. No er vi nok merksame på dette i praksis, men likevel er det slik at også vi i Norsk Ordbok er ivrigare på å få med sjeldsynte bruksmåtar og tydingsnyansar som ikkje er dokumenterte andre stader enn på å bruke plass på allmenne trekk, særleg i nyare språk. Og det går godt an å argumentere for at dette nettopp er ei av oppgåvene til ordboka, at ein skal finne dei sjeldsynte og spesielle innslaga i norsk språk der som ein ikkje finn andre stader.

Ein ekskurs: *havre*

På dette punktet tar eg ein liten ekskurs inn i ein konkret artikkel i Norsk Ordbok for å vise korleis vi gjer det. For at det skal vere blodferskt, eksklusivt og originalt, tek eg eit upublisert manus-utkast som eg sjølv har laga, nemleg *havre*.

havre m [A,R; vanl stutt *a*, men lang *a* i Austf,Hdmf,NLand,Vestf,sumst i Agd,Nhl,-Rindal, Røros, målf òg *ha`ver* (Austf,Nodal,mst i Trl), *ha`ver* (Ndm,Oppdal,YSTrl), *hav`ver* (Selbu,NNo), *harve* (Va,Hall vsa *havre*,Eikefjord), *hevre* (e mål Ryf,Shl,-Hard,vanl Nfj,Snm), *herve* (Jølster), *hagre* (Snåsa,Namd,YHelg), *hager* (Innh), *hagger* (Beiarn), *hægre* (Namd,IHelg), *hæger* (Rana), *hægger* (Innh,Snåsa,Namd); skr sj f (MøLandbr 73); målf f i forma *hevre*, men m i YNfj; gno *hafri*, trul. t *hafri`geitebukk`*; formene med *g* kanskje t *hagr`* (heste)hår', såleis eig. 'det hårute kornet', T; forma *hevre* trul. koll. avl. t *havre* med tyd 'havreså', A]. 1) bot. a) (plante av slekt i grasfamilien; *Avena* (J.LidNF² 95); òg i sms *bust-*, *floghavre*). b) plante(art) av havre (1a), dyrka for skuld kornet; *Avena sativa*:: *dyrka havre .. har dei meint skulde ættast frå ugraset floghavre* (K.VikÅE 93) / *havren måtte ta til takke med kleinaste jord og gjødsling* (ÅrbGlåm 1977,74) / *det vart dyrka både bygg og "hevre"* (Breim Minne I,118). // koll.: *havren er grøn enno* (NøtterøyP 108) / *på havra var her i år mykje lus* (MøLandbr 73) / *Kari .. gjekk og rapa aks av havren* (Du.MM 62) / *det var vanleg tru at bygg kunne gå over til havre* (Hovdh.Kår 67) / *skjera, skjera havre!* barnesong(leik) (NFL35Rog 102; MM 1935,71). // sj, einskildplante av havre: *du sår bygg og fær atter havre, og det kjem tidt tvo havrar for det eine byggkornet* (Vi.SkrS II, 340). 2) a) koll., korn av havre (1b) som (råstoff i) mat: *hestane fekk som regel havre* (ÅrbTrl 1971,82) / *av havre vart det mindre godt brød* (Håløygm 1971,221) / *havren var det vanlegaste kornslaget i flatbrødet* (ÅrbFos 1972,24) / **sild og havre deðer din mat* (FvLa 763). b) sj, havrekorn: *dei fleste gardane sådde litt blandkorn attåt havrar* (HasundNB 211) / *det spratt ein havre innpå auga hans* (Åsmundst.OH 58).

Den trykte versjonen vil ikkje bli 100 % identisk med dette utkastet, men omtrent slik vil han bli. Vi ser at artikkelen begynner med ein hakeparentes med opplysningar om kjelder, formelle forhold og etymologi; den rekk ned til det halvfeite 1-talet. A og R står for Aasen og Ross sine ordbøker; elles bruker vi her å notere eldre ordsamlingar orda blir nemnde i, dvs. dialektordsamlingar som er laga frå 1600-talet og fram til Aasens tid ca. 1850, mest av embetsmenn med interesse for lokale språklege sær eigenheiter. Akkurat ordet *havre* finn vi ikkje i desse ordsamlingane, sikkert fordi ordet var felles med dansk og så vanleg at embetsmennene ikkje brydde seg om å notere dei. Så følgjer ei grundig opplisting av dei ulike formene ordet kan ha i dialektane. Som ein ser tek dette ikkje så liten plass, og i andre ord med stor formvariasjon kan vi få atskilleg lengre lister i hakeparentesen enn her, ikkje minst i sterke verb der ein må greie ut om svært ulike bøyingsformer. Her er vi ved eit dilemma, nemleg om vi skal vurdere ein drastisk reduksjon av desse formopplysningane. Det vil i så fall forandre karakteren til ordboka, sidan det var eitt av utgangspunkta at ho skulle gi eit oversyn over kva former dei ulike orda har i dialektane, blant anna fordi dialektformene av og til kan skilje seg sterkt frå den nynorske skriftforma. Da vil det vere heldig at dialektbrukarane kan få demonstrert samanhengen mellom deira eiga ordform og

nynorskforma. Men det tek lang tid å lage desse utførlege formopprekningane – for det er ofte svært kompliserte forhold å beskrive – og dei tek plass. Og det finst ulike måtar å korte ned på, f.eks. å berre ta med irregulære former og unngå slike som følgjer av allment kjende og beskrivne lydlover, og leggje seg meir etter å gi ei grovregistrering over større område i staden for å referere nøyaktig bygd for bygd som vi har ein tendens til, jf. alle Nord-Trøndelagsformene på *g* i *havre*-artikkelen, der til dels fleire former er noterte frå same bygd. Problemet er at dialektane ikkje er fast avgrensa storleikar, men vi har ofte ulike former av same ordet i same bygda, grannebygdene påverkar kvarandre, formene endrar seg med nye generasjonar osv. Vi kan altså komme til å gi inntrykk av meir homogene og faste dialektnormer heilt ned på bygdenivå med den nøyaktige registreringa vi driv i Norsk Ordbok.

Ei anna sak er at hakeparentesen også har med avvikande skriftspråksformer som er belagde i nynorsk, og tidlegare rettskrivingsformer som no er forelda – det gjeld ikkje *havre*, for dette ordet har vore stava på ein konstant måte heile tida. Om vi jamfører med SAOBs artikkel om *havre*, så ser vi at dei der òg innleier med formelle opplysningar, men da innretta på eldre skriftformer, og så får vi ein hakeparentes med langt grundigare etymologiske opplysningar enn i Norsk Ordbok. Det er interessant å sjå at dei norske dialektbelegga og dei svenske skriftmålsbelegga belyser kvarandre gjensidig når det gjeld forholdet mellom former på *g* og på *v*: SAOB viser at *hagre* er belagd i skrift frå fornsvensk tid og ned til 1700-talet, og gir ei særskild etymologisk forklaring på denne forma.

Men Norsk Ordbok skal verken vere ei etymologisk eller ei dialektgeografisk ordbok. Hovudsaka slik vi ser det, er det som kjem *etter* hakeparentesen, tydingsutgreiinga, definisjonane og dei eksempla som skal illustrere definisjonane. Det kan vere interessant her å jamføre tydingsinndelinga i dei tre store nordiske ordbøkene.

Vi ser at eg i Norsk Ordbok har delt inn i to hovudtydingar: 1) den reint botaniske tydinga: *havre* som planteart, og 2) den – om eg kan bruke ordet – kulinariske tydinga, *havre* som matkorn. Kvar av tydingane har to undertydingar: 1) er delt etter botaniske kriterium i slekta *Avena*, og arten *Avena sativa*, og 2) etter eit meir grammatisk kriterium: a) den vanlege kollektive bruken av *havre* som mat, og b) ei sjeldnare individuell tyding "enkeltkorn av *havre*", der ordet kan vere teljeleg i motsetning til dei tre andre tydingane.

SAOB går derimot berre etter det botaniske kriteriet: Tyding 1 der er slik: "sädesslaget *Avena sativa* Lin.; vanl. koll., ofta särsk. om den tröskade delen av nämnda sädesslag; äv. om olika arter av släktet *Avena* Lin., samt *bot.* ss. benämning på detta släkte". Denne tydinga tilsvarer 1b og 2a hos meg; mi tyding 2b er tydelegvis ikkje belagd i svensk. Til gjengjeld har SAOB to utdøydde tydingar av *havre* om andre planteslag som vi ikkje har i norsk ("turkisk *havre*" og "polnisk *havre*"). Tyding 4 ("i ssg, betecknande olika växter, i allm. tillhörande släktet *Avena* Lin.") tilsvarer tydelegvis 1a hos meg. Eg har altså gått frå den mest allmenne eller omfattande tydinga ned til eit stadig meir spesifiserande nivå og reknar vel det som mest "logisk". Skjønt kva er no "logisk"? SAOB har vel gått frå det vanlege til det sjeldsynte, og teke den tydinga som ikkje finst som fritt leksem sist.

ODS derimot har ei inndeling som tilsvarer mi, men utan å skilje undertydingane klart frå kvarandre: "1) *grässlägt med flerblomstredede smaa-aks samlede i en top, Avena L.; især den dyrkede art heraf, kornsorten A. sativa L.*"; "2) (koll.) om (afåtærskede) frøcorn af *havre* (1)".

Artikkelen min er kortare enn den svenske og den danske, og det er vel ikkje gitt at han bør kortast ned særleg meir, bortsett frå eventuelt når det gjeld dialektformene. Ein kan nok skjere bort nokre sitat, men ein kan òg argumentere for at eit så vanleg og viktig ord i den norske kultu-

ren som nynorsken voks fram or som *havre*, ikkje bør ha ein for kort artikkel. Men elles er det slik at mange artiklar i Norsk Ordbok har svært mange sitat, og nettopp det å begrense sitatbruken er noko av det som gir den største nedkortingsgevinsten.

Dilemmaet når det gjeld forholdet til kvalitetsnormene er likevel dette: Skal desse normene innebere at vi må ha med alle dei informasjonstypene vi no bruker å ha med, slik at ein artikkel utan dialektformer er kvalitativt dårlegare enn ein med? Eller må rammene setjast først, og så må kvalitetsnormene gjerast gjeldande for dei opplysningane ein vel å ta med? Eit anna spørsmål gjeld einskapleghetskravet: Må vi berre akseptere at det redigeringsmønsteret som vart lagt i dei første hefta som kom frå 1950 og utover, er bindande for heile verket? Om ein drastisk reduserer eller fjernar ein informasjonstype og elles slankar redigeringa betrakteleg, kan det resultere i at vi får to ordbøker innanfor éi alfabetfølgd. Er det akseptabelt?

Norsk Ordbok har faktisk endra seg under marsjen; både dialektparentesane og artiklane i det heile er blitt klart lengre og meir utførlege i det tredje bandet enn i det første. Eg trur det gjeld allment for slike ordbøker at den fullstendig einskaplege redigeringa over fleire generasjonar er ein myte. På den andre sida blir nok det å gjere eit markert brot midt i verket opplevd som noko langt meir drastisk enn gradvise endringar på grunn av at vi får nye redaktørar med nye "stilar" i redigeringa.

Sjølve arbeidsmåten i Norsk Ordbok sikrar ei grundig behandling av kvart ord, men gjer tidsplanlegging vanskeleg. Truleg vil også dette vere kjent for dei andre store ordboksprosjekta. Ordboka blir redigert på grunnlag av setelmateriale, og det inneber ei grundig vurdering av kvar setel som grunnlag for ei sortering av setlane, disponering av artikkelen, tydingsinndeling og definisjonsutformingar, utval av eksempelsitat, og så kontroll av alt saman – sitata må kontrollerast med originalversjonen fordi ein aldri kan vere heilt sikker på at avskrifta på setelen er rett. Sidan det er stor skilnad på vanskegraden av dei ulike orda, kan ein ikkje utan vidare bruke antal behandla setlar som måleining for framdrifta, som eg har forstått at dei gjer i SAOB og i det nederlandske WNT. I det heile har vi vanskar med å finne eit godt og eksakt kriterium for framdrift; det har også å gjere med organisatoriske problem som eg ikkje kan gå inn på her.

Målgrupper – eksterne krav

Så langt har eg snakka om det eg har kalla dei interne krava til ei ordbok av Norsk Ordboks type, samanhalde med dei ytre rammevilkåra vi arbeider under. Men vi har også *eksterne* krav å halde oss til, nemleg dei krava som knyter seg til bruk og samfunnsfunksjon. Det grunnleggjande spørsmålet er da: Kven lagar vi ordboka for? Og kva ventar eller krev desse av ordboka? Kva ligg m.a.o. i punktet "brukarvennlegheit" i lista over kvalitetsnormer? Det seier seg sjølv at ein må definere brukarane, eller målgruppene, før ein kan seie kva dette kravet konkret skal innebere.

Altså: Spørsmålet er: *Kven lagar vi Norsk Ordbok for?* Og moglege svar er:

- lekfolk med interesse for språk og dialektar (t.d. lokale ordsamlarar)
- målfolk
- profesjonelle skriftspråksbrukarar
- lokalhistorikarar
- lærarar i skolen
- profesjonelle språkforskarar
- akademikarar generelt

- det norske samfunnet generelt
- ettertida
- internasjonal forskning

Sjølvsagt kan mange gå inn i fleire av desse gruppene. Men ein ser at det er snakk om grupper med svært ulike føresetnader, og det må sjølvsagt verke sterkt inn på utforminga av ordboka kva grupper ein satsar på. Dei som har stått bak Norsk Ordbok har ikkje i nokon særleg grad peila seg inn på noka bestemt målgruppe. Men ein kan få eit inntrykk ved å sjå på kven som abonnerer på ordboka, så langt det er personlege abonnentar. Dei kategoriane av abonnentar som vi kan identifisere, er akademikarar innanfor humanistiske fag, særleg norsk språk, og lekfolk med tilknytning til nynorsk og nynorskkrøsla, det som i vanleg norsk språkbruk blir kalla målfolk. Mange namn i abonnentlistene er elles ukjende for oss.

Ser ein på presentasjons- og framstillingsmåten, må ein seie at ordboka, liksom dei tilsvarande ordbøkene i andre land, i praksis rettar seg mot eit fagleg skolert publikum, altså språkvitarar, akademikarar generelt, og lekfolk med spesiell interesse for dette stoffet og dermed tomod og evne til å trenge inn i den kompakte framstillingsmåten. Om ein også når desse gruppene, veit vi eigentleg lite om, for det er aldri blitt undersøkt. Eitt av dei tiltaka vi no planlegg, er nettopp ei brukarundersøking, i første omgang retta mot abonnentane våre, i neste omgang til eit utval av dei vi kan kalle potensielle målgrupper. Slike undersøkingar kan brukast til i det minste to ting: Den eine er å revidere redigeringa for å bli meir brukarvennleg – noko som kan komme i konflikt med interne kvalitetsnormer og derfor i tilfelle må vurderast nøye. Den andre er å arbeide ut ei meir pedagogisk handbok og rettleiing i bruken av ordboka – av den typen Sven Ekbo og Bengt Loman (1965) og seinare Carl-Erik Lundbladh (1992) har laga for SAOB og Poul Lindegård Hjorth (1970) for ODS.

Spørsmålet "kven lagar vi ordboka for?" er nok uansett ikkje heilt avklart oss imellom. Ser ein på lista over målgrupper, finn ein også "ettertida" ført opp. Og det er jo slik at med den redigeringsfarten vi har lagt oss på, vil ingen av dei aktuelle målgruppene av nolevande få full glede av ordboka – det gjeld jo elles pr. definisjon for ei fleirgenerasjonsordbok. Vi arbeider altså for ei ettertid vi reknar med vil vere interessert i den informasjonen vi legg fram i Norsk Ordbok, uansett. Problemet er sjølvsagt at denne ettertida ikkje kan kommunisere noko til oss, slik at vi gjennom denne tenkjemåten blir fritekne frå å innrette oss etter noka målgruppe i det heile.

To filosofiar

Her kan det nok leggjast ulike filosofiar til grunn for arbeidet vårt. Det er eitt syn at Norsk Ordboks verdi er heva over tid og stad, og at det rettferdiggjør det grundige arbeidet vårt sjølv om nolevande nordmenn ikkje får glede av meir enn ein del av det. Faktisk er det slik at utan den dristigheita og den faste trua på ei god og viktig sak som ei slik haldning inneber, ville ikkje eit slikt prosjekt kunne komme i gang i det heile. Det må også gjelde for dei andre store prosjekta som SAOB og dei store dialektordbøkene.

Ein må altså ha sympati og beundring for dette synet, men svakheita ved det er at ordboka ikkje blir redigert og slett ikkje finansiert uavhengig av tid og stad. På mange måtar er denne evigheitsatsinga ei gambling med ei uviss framtid, sjølv om dei andre andre fleirgenerasjonsordbøkene faktisk har lykkast med det – fullstendig eller langt på veg; det er berre å vise til SAOB, WNT, Deutsches Wörterbuch. Men det spørst om ikkje Norsk Ordbok kom for seint i gang; eg trur den

tida vi lever i no, er mindre gunstig for langsiktig tenking av den typen slike ordbøker krev. Usikkerheitsfaktorane er store, og må bekymre den som skal ha eit ansvar for heile prosjektet.

Ein alternativ filosofi er å ta utgangspunkt i dagens norske samfunn, og sjå det slik at dei kunnskapane som Norsk Ordbok formidlar, er nødvendige no og i den nære framtida. Det dreiar seg blant anna om ei språkleg bevisstgjerung, ei bevisstgjerung om dei rikdommane som ligg i dialektane sitt tradisjonelle ordforråd og nynorsktradisjonen. Akkurat her står vi i ei spesiell og meir ugunstig stilling enn kollegaene våre i andre land: Dialektar og særleg nynorsk er kontroversielle fenomen i Noreg, begge eksisterer i opposisjon til det dominerande bokmålet, som bl.a. har den økonomiske rasjonaliteten på si side. Medvett om språk- og kulturverdiar, tradisjonar og identitet er dei fremste våpna nynorsken og dialektane har til forsvar for sin eksistens. Dette er verdiar som nok står sterkt i Noreg, men det er likevel verdiar som er truga. Norsk Ordbok kan sjåast som eit ledd i eit mye breiare forsvar av dei språktradisjonane ordboka skal dekkje, og det er eit forsvar som trengst no og i dei næraste åra, for mislykkast det no, er det ingen som vil vere interessert i å studere tolv band Norsk Ordbok om seksti år, eller finansiere produksjonen i løpet av dei seksti åra.

Korleis kan så Norsk Ordbok bidra til ei slik allmenn bevisstgjerung? Same kor brukarvennleg vi gjer ordboka, står det fast at ho må og skal vere ei vitskapleg ordbok. Alle dei endringane vi måtte gjere, må ta utgangspunkt i kravet om vitskaplegheit. Det vil seie at ho *må* få ei form som stiller krav til brukaren om ei viss fagleg skoloring, som bl.a. må innebere kjennskap til metaspråket i ordboka og ei viss øving i å slå opp i den og bruke den. Men den vil likevel vere ei kjelde av kunnskap som kan brukast i meir popularisert form i andre samanhengar, så å seie fordøyast og serverast av formidlarar som lærarar i skolen, populærvitskaplege skribentar, eller for den del av ordboksredaktørane sjølv. Ein av oss, Olaf Almenningen, har såleis ei fast spalte i vekeavisa *Dag og Tid* der han legg fram stoff frå ordboka i lettfatteleg form, og den er visst svært populær. Interesse for språk og for ordbruk er stor i Noreg, også blant såkalla "vanlege folk". Det gjeld alle dei språkformene og varietetane vi har, og den interessa må vi framleis stimulere og profitte på, for å seie det litt kynisk.

Igjen minner eg om at sjølv om eg heile tida snakkar om Norsk Ordbok, så er den grunnleggjande problematikken allmenn: Ordboksredigering, særleg på dette nivået, er både forskning og formidling. Nokre legg størst vekt på forskingsaspektet, for ikkje å seie grunnforsningsaspektet, og ønskjer å sjå på dette som ein permanent aktivitet på instituttet vårt. Etter mitt syn må det også bli det, sjølv om og når Norsk Ordbok blir ferdig, for ordtilfanget endrar seg konstant, og det vil alltid vere behov for å registrere alt interessant av leksikalsk materiale, innlemme det i databasen vår, og framstille det i vitskapleg og populær form. Vi må tenkje framover og få fram at nynorsk leksikologi og leksikografi ikkje skal ta slutt den dagen Norsk Ordbok blir fullført. Andre legg altså mest vekt på formidlingsaspektet, sjølv om forskinga og det vitskaplege alltid må liggje i botn, utan dei var det ingenting å formidle. Men eit konstant problem for Norsk Ordbok er å styrkje formidlinga og den bevisstgjerunga som skal få større delar av folket til å sjå på ordboka som eit viktig og nødvendig tiltak.

Ny teknologi

På dette punktet – på tampen – må eg seie litt om digitaliseringa av materialet vårt. Heile setelarkivet vårt er lagt inn på data i form av elektroniske faksimil, det dreiar seg om i underkant av 3 millionar setlar – eg viser til Ore 1996. I tillegg er ein god del nynorske tekster, både fiksjon og

sakprosa, lagde inn ved optisk lesing. I løpet av 1998 håpar vi at denne prosessen er ferdig, og at vi da skal ha ein database med alt dette materialet. Det vil lette situasjonen for redigeringa ved å gjere stoffet lettare tilgjengeleg; t.d. vil det i prinsippet i framtida kunne la seg gjere å ha redaktørar sitjande andre stader i landet enn i Oslo. Ved å søkje i tekstkorpuset vil vi kunne imøtekomme representativitetskravet betre enn i dag. Ein viktig fordel er at vi kan få listeført alle oppslagsorda fram til og med å, og på den måten få planlagt kor langt i alfabetet kvart band må komme.

Ei ulempe er at det vil kunne hevdast at Norsk Ordbok er blitt overflødig når alt materialet er inne i databasen, og det kan bli brukt mot oss dersom vi gir inntrykk av å ønskje nye stillingar til eit evigheitsprosjekt. Vårt svar på det, som alle leksikografar sjølvsagt uansett vil forstå, er at materialet til ei ordbok er noko anna enn sjølve ordboka. Den bevaringa av råmaterialet som den semantiske inndelinga og definisjonsskrivinga inneber er heilt uunnverleg for den leksikografiske beskrivinga av ordet.

Ei anna sak er at teknologien i dag opnar for andre publiseringsformer. Frå og med band 3 er Norsk Ordbok tilgjengeleg i maskinleseleg form, og tanken er å skanne inn dei to første banda òg. Dermed opnar ein for moglegheiter for elektronisk publisering, og av å lage fleire ulike versjonar av ordboka. Den av oss som har tenkt lengst og tenkt høgt i slike banar, er Christian-Emil Ore, leiaren for Dokumentasjonsprosjektet (sjå Ore 1997). Vi i redaksjonen har ikkje teke opp denne diskusjonen enno, for hovudsaka for oss er det intellektuelle grunnarbeidet, som ikkje all verdas datateknologi kan rasjonalisere bort om det skal bli ei ordbok. Dialog og samarbeid mellom dei to typane kompetanse som Ore og redaktørane representerer, er likevel påkravd; den dialogen er enno berre i startfasen, trass i at vi gjennom heile nittitalet har samarbeidd om digitaliseringa av samlingane våre (Ore 1996).

Konklusjon: Seks dilemma

Konklusjonen er at vi står overfor ei rekkje dilemma, at vi kanskje på ein del punkt må renonsere på det beste til fordel for det gode – og at det ikkje er full einigheit om kva som er ”best” og ”godt”. Noko av problema våre er at vi ikkje har klart å synleggjere og tydeleggjere desse dilemmaene, og engasjere brukarane våre og dei som finansierer oss i ein open og klar debatt om framtidsvegen vår. Det vil vi no måtte gjere.

Så til slutt skal eg raskt summere opp dei viktigaste problemstillingane, slik eg ser det, for ei fleirgenerasjonsordbok basert på eksempelet Norsk Ordbok. Dei kan skisserast som ei rekkje konfliktemne:

1) *Effektivitet vs. kvalitet*: Begge delar bør sjølvsagt vere der i skjønn foreining, men når effektivitetskravet set grenser for den tidsbruken kvalitetskravet nødvendiggjer, kjem ein til eit punkt der ein må prioritere – openlyst eller tilslørt – slik at eitt av dei to krava må underordnast eller tilpassast det andre.

2) *Representativitet vs. uttømmelegheit*: Også dette er ei pinleg avveging der uttømmelegheita gjerne er perfeksjonistens krav mens representativiteten er den skansen ein set opp når perfeksjonismen må vike for realitetane.

3) *Eit allsidig sett av informasjonstypar vs. konsentrasjon om det vesentlege*, der formopplysningar, beleggopplysningar o.l. eventuelt må reknast som mindre vesentlege enn definisjonar og bruksopplysningar, opplysningar om syntaktiske eigenskapar og stilistiske nyansar o.l.

4) *Einskaplegheit over tid vs. tilpassing til ytre krav og vikår som endrar seg over tid*: Dette er særleg vanskeleg for ordbøker som blir redigerte og publiserte etter kvart, men noko lettare å handtere for dei som ventar med publisering til dei har redigert seg igjennom og laga manuskript til det merste av alfabetet.

5) *Forskning vs. formidling*, eller annleis uttrykt: dei *akademiske interessene* vs. den *samfunnsmessige funksjonen* til ordbøkene. Denne konflikten er truleg mindre for dominerande og veletablerte språk som svensk, engelsk o.l., men meir problematisk for mindre språksamfunn, særleg slike som strir i ein minoritetsposisjon, og der altså knappe ressursar må brukast til å tene fleire eller helst flest moglege funksjonar. Dette er sjølvstøtt ingen uløysleg konflikt, men det er svært viktig at ein er medviten om denne motsetninga i planlegginga og utføringa av dei konkrete ordbokstiltaka. Her kjem òg spørsmålet om brukarvennlegheit inn: Kva slags brukarar skal ein innrette seg på, og korleis skal ein sørge for at ein når fram til og kommuniserer med desse brukarane?

6) *Papiret vs. elektronikken*: Samspelet og konflikten mellom desse har eg berre så vidt streifa her, men det vil bli eit sentralt element i kampen mot og tilpassinga til tida rundt det andre tusenårsskiftet etter Kristus.

Litteratur

- Bergenholtz, Henning o.a. (red.) 1997: *Nordisk leksikografisk ordbok*. Skrifter utgitt av Nordisk forening for leksikografi 4. Universitetsforlaget, Oslo
- Ekbo, Sven og Bengt Loman 1965: *Vägledning till Svenska Akademiens ordbok*. Skrifter utgivna av Nämnden för svensk språkvård 32. Läromedelsförlagen, Stockholm
- Hageberg, Ambjørng 1992: Norsk Ordbok – i 1950 eit nybrottsverk, i 1991 ein anakronisme? I R. V. Fjeld (red.): *Nordiske studier i leksikografi*, s. 235–243
- Hjorth, Poul Lindegård 1970: *Vejledning i brug av Ordbog over det danske Sprog*. Gyldendal, København
- Lundblad, Carl-Erik 1992: *Handledning till Svenska Akademiens Ordbok*. Norstedt, Lund
- Ordbok over det danske Sprog, 7: Gran - herpaa*. Gyldendal, København 1925
- Ordbok över svenska språket utgiven av Svenska Akademien, 11: h - hydda*. Lindstedt, Lund 1932
- Ore, Christian-Emil 1996: Korpus og seddelarkiv, fredelig sameksistens mellom det beste og det gode? I Ásta Svavarsdóttir o.a. (red.): *Nordiske studier i leksikografi* 3, s. 331–337
- Ore, Christian-Emil 1997: Norsk Ordbok, leksikalske databaser og elektronisk publisering. I Vikør 1997: 61–72
- Vikør, Lars S. 1996a: Problem kring ordutvalet i Norsk Ordbok. I Ásta Svavarsdóttir o.a. (red.): *Nordiske studier i leksikografi* 3, s. 403–412
- Vikør, Lars S. 1996b: Norsk Ordbok – the Crown of Nynorsk Lexicography? I M. Gellerstam o.a. (red.): *Euralex '96. Proceedings I-II*, s. 705–713
- Vikør, Lars S. (red.) 1997: *Norsk Ordbok – nynorskens leksikografiske kanon?* Rapport frå eit seminar på Blindern 31. mai 1996. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo

grann meir livlig enn elles (Du.MM 247) / (han) viste seg å vera .. heller eit grand stridare (Ga. I,202) / Gud kunde .. gjort han lite grand klokare (Du. Sam 77) // i samb gryn og grann, melle grann, smitt og grann, smittel og grann, sjå gryn, melle, smitt, smittel // med nekt: aldri, ikkje (eit) grann, aldri, ikkje det grann el grannet o l ikkje det minste el ringaste: de hjølpde alder ei grand (Kl.LD 348) / *hon bryr seg aller ei grand um meg (FvLa. 732) / ho fekk aldri (det) grannet / du veit aldri det grand (Du.IB 189) / då voro haugafølke kji menne te gjera ho' (honon) ei grande (Hall Segn IV,133) / ho .. kunn' itte minnast ei grand (Kl.Fr 397) / han hadde ikkje fått det grann / varmen beit ikkje det grande på henne (NFL21Selj 83) / han tykkjer visst inkje det er det grand rart å skiljast frå meg so lengje (Ga.L 105) / elles tarv han no inkje vera det grandet til skald (R. i Dølen 1868,17,2,1) / ikkje grannet (grannen) ikkje det minste, ingenting: det fanst ikkje granden atter (Tv.SS 53) / (dei) høyrde slett ikkje granden av alt dette (BygdV 125) // nekt med forsterk. adj: ikkje det minste grann / *eg vart ikkje vryde det minste grann (jfr FvLa. 81) / *det unge livet vog ei minste grann (Vandv.GrTrag I, 23) / ikkje det bitterste grann (Oslo MM 1916,82, StavM) / ho naua ikkje det pirande grann (TimeTi. 66) / i dag hadde han ikkje gjort det skapte grann (Alm.) / han less ikkje ha set det verdsens grann (Du.MM 54). 2) kort tid, lite bel, augneblink: eg kjem om ein grand (HardOp.) / han var der for ein grand sidan (sm st) / *kvil deg eit grand (Fv II,111) / set deg ned lite grann / sving hitom lite granna (NFL5Ød 45) / *bi lite grande (Be.NV 105) / ungen er vel ulåten ei grann (NøtterøyP. 410) / vent no ørlite grande (Du.R 91) / liiet grand seinare råkadest Gunnlaug og kongen (Sk.GSØ 26) / då det hadde lidet eit liiet grand (R.S 13) / lite grand etter (Dølen 1869,9,3,2) / om lite grann om ei lita stund, om ein augneblink (jfr Kl.R 312) / på lite grann dss frg (LesjaM): på lite grand fekk'n Per sjå Melhuspresten (Kl.LD 311) / (øg:) på stutt tid (Lesja): dette greier de gjera på lite grann.

II grann adj [L grand, grainne, Leikanger 1743, F 126 gran, Gbrl 1769 og G grain, Ws grant, W gran, grant, H gran, Land 1806 grain, Lof 1807, Modum NoOrds 1810-12 gran, grant, Saga 1816, VTel 1821 grannæ, C, Fayed 1840 u fin, Gjerstad Aas grand, Vig Ordl u tynd, A øg grani, R grand; målf øg gränn (Idd), gran (NOdal, Nu), graðn(e) (Hålandsdal, Bømlø); f sg grønn (Vo); gno grannr]. 1) a) (serl om sylindrerforma ting, t d tråd, røyr, stenger) som har lite tverrmål; smal, tunn, spe: grann grein, kjepp, kvist / grant bein, tre, garn / ordt: same kor grann nåla er; kjenner ein at ho stikk (SkatvalM) / det vart spunne bundingsgarn, både grant (tunt) og tjukt (grov) (ÅrskrOppdal 1982,37) / grann pinne (øg:) tunn person (NLandM), jfr tyd 2a / altaret har seks lys og i midten eit grant krusifiks i bronse (SS 1970,252) / tvo bein, eit digert og eit grant (Hand.MH 38) / makrellfiskar er glupe symjarar med .. grann spord (NoAllk VIII,398) / i gâte: grant som rå (stong) og langt som tråd svar: mergen i treet (NFL38Hard 162) / kann detta

vera hestsko, som er so grant og veiklegt då? (Be. NBSS 42) / Roald løyste det tjukke iletoget frå det grannare linesnøret (KleivaSt 38) / ordt: grannaste strengen eig finaste låten (NFL52MøRo 64), jfr tyd 4 // adv: dei spinn så grant (NFL104Hemne 282), jfr tyd c // n som subst: på veustolen kom både grant og grovt (GITidHitra 77) // i samb noko grovt og noko grant noko av kvart, ymist (MeldalM). b) (om opning i røyrforma gjenstand) trong (Hall; Kl.LD 368): dei bora granne hol / so fjoga dei han (kurven) i granne tarmar (Be.VR II,148). c) (om ty, kledeplagg) vovi av tunt garn (KviteseidM; Dølen 1865-66,25,2,1): eg har toll granne skjurtur og toll grove (Be.VR IV,423) / kramkarane selde så grant eit lereft (HardOp.; jfr FvLa. 597). d) glisen; tunnsett (Surnadal): havren er grann i år. e) skjemt., sj, trul. ordspel: (om næraste grannane) dem æ grannast naboann (Ri.Oppdal I,306), jfr I granne. 2) a) (om folk) mager, tunn, skrin, slank (jfr grannleitt, -vaksen) (Hol,Uvdal,VossM, MelandM, JølsterM, Kolvereid, VoldaM, GimsøyM, MalangenM): grann kar, mann, kropp / 'grønn' taus (Voss) / ho har ein grann bul (VoldaM) / eg var så grann kring livet (UvdalM) / midja er grann (Up.DS 40) / *her stend eg grann som liljevond (Fv III,63) / ho var så grann i leggjene (MalangenM); jfr tyd 1a / gjenta vart mindre og grannare (Fedrah 1878) / ho gjekk i grannaste gjente-dagane (Hop. Bjørg 19-20). b) (om ungdom) som har hardt arbeid (JølsterM). 3) som har småvorne og unge drag; fin (3) (IddMyhre 24,YSandsværM, TinnOrdb): grann stil små trykktypar i bok (TinnOrdb); jfr grannstilt. 4) (om tone i skalaen) høg; (om røyst og anna lyd kjelde) lys, klår, fin (3) (mfr III grov 3): stramar ein røystebanda, vert ein grann i målet kjem ein høgt på skalaen (jfr Hand. MH 54) / det ringla .. som det hadde vore hunder bjøllor, somma granna, somma grova (NFL30Roms 60) / den granne jentelåtten .. kjem i flagevis (Kl. IH 154) / adv: eg høyrer liksom ein folunge kneggja så grant langt, langt borte (Liest.NF I,207) // i samb spela på grant og grovt (på fele) skiftevis spela same veket med oktavs avstand på grann- og grov-strenger (NØd,Va,Hall,Tel,ASTrl) // (om t d fele) som har trongt, spinkelt (lyd)volum: det var eit grant mål i den fela (TinnOrdb) // bil.: for Siss vart det grant og høgt spent med eitt (Ves. Is 124). 5) a) mest litt., nøyen, nøyereknande, vandsam (jfr grannsam, noggrann): han er ikkje so grann om det han reknar det ikkje så nøye (A) / det er ikkje så grant med det (A²; jfr A. III,133; A.BD II,24) / ei grann sundskiljing (analysis) af ord (Dølen 1865,14,2,1) / han gjer ein grannare skilnad mellom lang og stutt staving (jfr Hæ.GT 40) / den grannaste skilnad (av steinslag) kann vera gjord med sundring og .. smelting (A. II, 248) // adv: mæla grant (AurlandM) / eg tenkjer grant etter (JølsterM) / *lær meg skilja grant di røyst (NSalm 512,5) / når dei mol til grautmjøl, stiltu dei avstanden mellom steinane grant (Gj. åkerAB 59) / alle teikn og avstytingar må ein skriva grant etter reglane (MetInst 24). b) adv (om sansseintrykk el førestellingar som byggjer på

Vedlegg

AVTALE MELLOM DET NORSKE SAMLAGET OG UNIVERSITETET I OSLO
OM NORSK ORDBOK MED SAMLINGAR

I samsvar med brev frå Samlaget 3.2.1971 til formannen i plannemnda for Norsk leksikografisk institutt og brev frå universitetet v/universitetsdirektøren 13.3.1972 gjer Det Norske Samlaget og Universitetet i Oslo denne avtalen:

Det Norske Samlaget overfører vederlagsfritt Nynorsk ordboksverk (Norsk Ordbok med ordarkiv og samlingar) til Universitetet i Oslo (Norsk leksikografisk institutt, Avdeling for nynorsk).

Universitetet i Oslo lovar til gjengjeld at arbeidet med Norsk Ordbok skal halde fram i same spor som før, og vil leggje vilkåra til rette for ei så rask utarbeiding og utgjeving av Norsk Ordbok som mogleg.

Instituttet utarbeider prentemanuskript og les korrektur. Det Norske Samlaget har utgjevingsretten (forlagsretten) til Norsk Ordbok og svarer for produksjonskostnadene.

Samlaget skal fritt kunne nytte ordarkivet til alle slag andre ordbøker og andre boktiltak.

Så lenge Norsk Ordbok er under utgjeving har Samlaget rett til å nemne opp tre av fem medlemmer av ei fagleg-konsultativ ordboksnemnd. Norsk leksikografisk institutt nemner opp dei to andre medlemmene.

116
UNIVERSITETET I OSLO

FRA
UNIVERSITETSDIREKTØREN



OSLO, 14 mai 1981
Univ. jnr. A 421/81 KH/RJ
Bes oppgitt ved korresp.

Det norske samlaget
Postboks 4672 Sofienberg
OSLO 5

AVTALE MELLOM DET NORSKE SAMLAGET OG UNIVERSITETET I OSLO
OM NORSK ORDBOK MED SAMLINGAR

Universitetsdirektøren viser til brev av 29 januar 1981 frå Det norske samlaget med framlegg til avtale mellom Det norske samlaget og Universitetet i Oslo om Norsk ordbok med samlingar.

Brevet og avtaleframlegget vart sendt til Det historisk-filosofiske fakultet. Dekanus har svart at han ikkje har særlege merknader til avtaleutkastet, men går ut frå at Norsk leksikografisk institutt, Avdeling for nynorsk, ikkje skal ha noka særstode i høve til andre institutt ved fakultetet.

Universitetsdirektøren viser til dette. Avtalen mellom Det norske samlaget og Universitetet i Oslo om Norsk ordbok med samlingar er dermed godkjend.

Det historisk-filosofiske fakultet og Norsk leksikografisk institutt får kopi av dette brevet.

Olav M. Trovik

Kari Høgevold
Kari Høgevold

Innst. S. nr. 132 - 1984-85
om kulturpolitikk for 1980-åra og nye oppgaver i kulturpolitikken
Kirke- og undervisningskomiteen (Utdrag s. 40 - 41)

Kap. 7. Språk. Litteratur og bibliotek

7.1. Norsk språk

Vi har i 1985 mer enn 100 år med aktiv, offentlig språkstyring bak oss, fra stortingsvedtaket i 1878 om å respektere "børnenes eget talesprog" i undervisningen via vedtaket i 1885 om å sidestille "det norske folkesprog" med "det almindelige bogsprog", og fram til Vogt-komiteens anbefalinger i våre dager. **Komiteen** vil minne om at denne reformpolitikken har medført strid, men også skapt en åpenhet rundt språklige problemer. Interessen for og bevisstheten rundt språket i Norge kan langt på vei betraktes som enestående, særlig fordi det har lyktes å føre språkinteressen inn i et rolig og konstruktivt leie, til beste for alle språkbrukere og alle varianter av det norske språket. Norge er et lite språksamfunn, og sterkt utsatt for språk- og kulturpåvirkning utenfra. det kreves derfor en særlig nasjonal satsing på språkutvikling og språkvern, om språket skal bli det redskap og det kulturelle samlingsmerke som vi trenger. **Komiteen** mener at den sentrale offentlige oppgaven her må være å støtte opp om den brede viljen til å nytte og utvikle begge målformene til fullgode bruksspråk, ved å sørge for at folk i størst mulig grad har tilgang til nødvendig informasjon og rettleiing.

Komiteen vil peke på at et sentralt arbeidsområde er utviklingen av norsk terminologi innenfor alle fagfelt. Den internasjonale utviklingen går her svært fort. Ny kunnskap og nye profesjoner fører med seg nye behov for fagspråk. Oftest kommer nye kunnskaper til oss utenfra på engelsk, som er blitt det internasjonale vitenskapspråket.

Norsk fagfolk innenfor feltet kan være nødt til å bruke fremmedspråk for å snakke seg imellom om faglige emner, og på arbeidsplasser der det tekniske språket er et fremmedspråk, kan det oppstå blandingsspråk der norsk er oppspedd med utallige lånord med tilnærmet norsk uttale - et blandingsspråk som er uforståelig for utenforstående. Etter **komiteens** mening er det her viktig å få lærebøker på alle plan, med en fagterminologi som både er gjennomført faglig tilfredsstillende og i samsvar med norsk ordmateriale og språkbruk, slik at den nye kunnskapen kan bli en naturlig del av norsk kultur.

Komiteen vil minne om at dersom vi forsømmer oss på dette området, risikerer vi at norsk blir et annenrangs språk som kunnskapsspråk.

Det er behov for omfattende registrering, bearbeiding, systematisering og framfor alt publisering av norsk fagspråk. Det er ikke bare spørsmål om å få utformet norsk fagterminologi, men også om å innarbeide den i læremidler, arbeidsmiljøer og i næringslivet. Her er det behov for betydelige resurser, både til fagfolk og informasjon. **Komiteen** mener at Norsk språkråd så snart som mulig får de nødvendige midler til å styrke innsatsen på disse områdene. **Komiteen** vil også peke på betydningen av det arbeidet Rådet for teknisk terminologi utfører når det gjelder kultiveringsarbeidet innenfor faglig terminologi, og arbeidet for å gjøre fagspråket kjent og brukt i samfunnet. Skal dette lykkes, er det etter **komiteens** mening nødvendig med en sterkere offentlig interesse.

Norsk språkråd er særskilt pålagt ansvar for å gi råd om språkspørsmål til det offentlige. Det mangler mye på at Rådet har kapasitet til å følge aktivt med, og det har i den forbindelse i flere år vært søkt om å få til faste språkkonsulenter som skal ha offentlig målbruk som arbeidsfelt, en for hver målform. **Komiteen** mener det er ønskelig at disse stillingene opprettes, og ber om at det blir lagt til rette for dette så snart som mulig.

Leksikografisk institutt ble opprettet for å sette fart i arbeidet med å skaffe de sentrale ordbokverkene for norsk som forlengst er utarbeidet for nabo-språkene og for alle større kulturspråk. To større ettbinds ordbøker, en for hver målform, vil snart foreligge. Men **komiteen** vil minne om at dersom store ordbokverk, som vil stille Norge på høyde med nabolandene og som skal være de viktigste bærere av den norske språkarven, skal kunne komme ut i overskuelig framtid, trengs det økte resurser også til Leksikografisk institutt. **Komiteen** ser det som en nasjonal oppgave å få fullført dette ordbokverket innenfor en overskuelig tidsramme, og vil be om at det blir lagt en plan for dette så snart som mulig.

En annen viktig statsinstitusjon med sentrale språklige oppgaver, er Norsk rikskringkasting. Institusjonen har som mål å være et språklig forbilde i bruken av norsk. Det er hevet over tvil at institusjonen er en viktig påvirkningskilde når det gjel-

Innst. S. nr. 132 - 1984-85
om kulturpolitikk for 1980-åra og nye oppgaver i kulturpolitikken
Kirke- og undervisningskomiteen (Utdrag s. 40 - 41)

der språkbruk. **Komiteen** ser det som gledelig at Kringkastingen har tatt konsekvensen av dette ved å lage egne informasjonsprogram om språk og språkbruk. **Komiteen** mener dette arbeidet bør styrkes, og vil be om at man finner plass til faste språkrådgivere for hver av målformene i full stilling innenfor NRK.

Morsmålskommissjonen har nylig avsluttet sitt arbeid og har kommet med en rekke anbefalinger for styrkingen av morsmålets stilling hos oss. **Komiteen** har merket seg særlig to forhold som den regner med at Stortinget senere får anledning til å drøfte i full bredde. det ene er at norsk undervisningsvesen setter av langt mindre tid til morsmålsundervisning enn våre naboland. Det andre er behovet for å styrke studentenes språklige kompetanse, muligens ved egne, fagtilpassede norskkurs.

Språkvern er også i høy grad en oppgave for lokalsamfunnet. Det siste tiåret har vist at interes-

sen for dialektene er sterk i Norge, og det har vist seg at dialekten kan virke kunstnerisk forløsende også i vår tid. Blant annet må blomstringen i norsk visesang og populærmusikk ofte sees i sammenheng med folks glede over å kunne få utfolde seg på sitt eget språk. **Komiteen** mener at det lokale kulturarbeidet også må omfatte vern om det lokale talemålet. **Komiteen** vil peke på at samarbeid mellom interesserte lokalfolk og sentrale institusjoner har vært av uvurderlig verdi for ordboksarbeidet i Norge, liksom for andre nasjonale kulturvernopp-gaver (stedsnavn, lokalhistoriske samlinger). I senere år har det i mange kommuner og flere fylker blitt laget bøker og hefter med innføring i det lokale talemålet og stoff som viser dette språket i bruk. **Komiteen** mener dette er verdifulle tiltak som kulturadministrasjonen i kommuner og fylkeskommuner må ha delansvar for å være med på å støtte.

SAMARBEIDSAVTALE

Mellom Universitetet i Oslo, Norsk leksikografisk institutt og Litteraturselskapet Det Norske Samlaget er det i dag gjort slik samarbeidsavtale:

1. Det Norske Samlaget løyver kr 800 000 som tilskot til arbeidet med Norsk Ordbok ved Norsk leksikografisk institutt. Løyvinga blir utbetalt i delar etter nærere avtale.
2. Tilskotet skal brukast til å skunde på arbeidet med fullføring av Norsk Ordbok.
3. Universitetet, Norsk leksikografisk institutt, gjev melding innan 1. februar 1988 om bruken av løyvinga i 1987. Rekneskapsoversyn skal leggjast ved.
4. Blir ikkje anna avtala, skal samarbeidsavtalen her gjelde tilsvarande for løyvingar som måtte bli gjevne frå Det Norske Samlaget seinare.

Oslo, den 12. mai 1987

For Norsk leksikografisk institutt

Tor Guttu
Tor Guttu

instituttstyrar

Magne Rommetveit
Magne Rommetveit

Leiar for Avdeling for nynorsk

For Litteraturselskapet Det

Norske Samlaget

W. Usher

120

DET KONGELEGE KULTUR- OG VITSKAPSDEPARTEMENT

KONTOR: AKERSGT. 42 - TLF.: 11 90 90 - RIKS- OG FJERNVAL TLF.: (02) 41 90 10 - TELEX: 17241 NSBP N

POSTADRESSE: POSTBOKS 8030 DEP., OSLO 1

Det Norske Samlaget
Postbok 4672 Sofienberg
0506 OSLO 5

Dykkar ref.

Vår ref. (må gjevast opp)
87/1863 Ku DB:Mr


Dato
1.6.87

NORSK ORDBOK AVTALE


Vi viser til Dykkar brev av 18. mai 1987, og vårt brev av 21. mai 1987, om utbetaling av tilskott til prosjektet Norsk Ordbok.

Kultur- og vitskapsdepartementet har ikkje noko å merka til utkastet til samarbeidsavtale mellom Litteraturselskapet Det Norske Samlaget og Norsk leksikografisk institutt.

Med helsing



Margaretha Østern e.f.
byråsjef



Dag Aga Blokhus
konsulent

Oslo 25.6.1999

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

SØKNAD OM EKSTRALØYVING MED TANKE PÅ SNØGGARE FULLFØRING AV NORSK ORDBOK

Innleiing

Den 28.1.99 sende vi ein søknad om ei ekstraløyving med tanke på å undersøkje korleis framdrifta av Norsk Ordbok kunne aukast monaleg i samband med den venta utskiftinga av redaksjonsstaben det kommande tiåret. Søknaden omfatta to delprosjekt:

1) ei utgreiing om den framtidige redigeringa med sikte på å finne ut om og korleis verket på fagleg forsvarleg vis kan fullførast innan 2025. Det omfattar slike element som utvikling og utprøving av nye redigeringsmodellar, utarbeiding av ei redigeringshandbok, og ei brukargransking.

2) Ei proporsjonering av den attståande delen av alfabetet og ei normering av oppslagsorda som kan danne grunnlag for ei elektronisk "meta-ordbok" basert på dei elektroniske språkressursane for nynorsk som i dag er tilgjengelege. Søknaden omfatta eit års frikjøp av Lars S. Vikør, ein it-kunnig assistent, og to vitenskaplege assistentar for eitt år med høve til forlenging eit år til.

Til saman vart dette om lag 2 millionar kroner i tillegg til den ordinære årlege løyvinga til påskundingsprosjektet Norsk Ordbok.

Det er gitt uttrykk for eit ønske om ei snøggare framdrift frå departementet, med fullføring alt i år 2014. Vi legg her fram eit overslag over dei ressursane ein kan rekne seg fram til at vi vil trenge til dette. Vi understrekar at denne målsetjinga er svært ærgjerrig, og ikkje kan realiserast utan ei gjennomgripande omvurdering av redigeringsmåten. Ekstra ærgjerrig blir det med tanke på den ekstra innsatsen rekruttering av nye redaktørar vil måtte innebære. Men den einaste vegen etter vårt skjønn ligg i ei vidareutvikling av dei ideane vi la fram i den førre søknaden, som gjaldt statsbudsjettet for år 2000. På grunnlag av det legg vi fram dei følgjande overslaga og refleksjonane.

Overslag over nødvendig innsats for å fullføre NO innan 2014

I dei siste åra har redaksjonen brukt om lag 1 1/2 år pr. hefte. Redaksjonen har 8 faste medlemmer mellom dei vitenskapleg tilsette og ei administrativ

stilling pluss noko hjelp frå ei stilling som er tillagd ansvar for dei elektroniske samlingane.

I tillegg til redigering i Norsk Ordbok skal redaktørane ta hand om samlingane, og alle stillingane har, som universitetsstillingar elles, ein fri forskingsdel (15 % for 2 og 40 % for resten). På eitt og eit halvt år er det derfor $9 + 9/2$ årsverk (- tid til samlingsarbeid, fri forskning, administrasjon osv) til disposisjon for redigering av Norsk Ordbok. Det er vanskeleg å kalkulere nøyaktig kor mykje tid det dreiar seg om, men det er ikkje urimeleg å anslå 8 årsverk pr hefte. Det er då irekna alt arbeid frå første redigering til revisjon, korrekturlesing etc. Av Norsk Ordbok gjenstår det no 8 band på fem hefte + to hefte av band 4, dvs $(8 \times 5 + 2)$ hefte \times 8 årsverk = (42×8) årsverk = 336 årsverk. Det er om gjeldande arbeidsform held fram som no, eller blir modifisert men utan auke i progresjonen.

Noverande redaksjon har frå 6 til 18 år att før høgste lovlege pensjonsalder. Det er 80-90 fulle årsverk, men så må ein trekkje frå ca. 40 % (til alt anna enn redigeringsarbeid) og da er vi nede i mellom 50 og 60, dvs nok til å kome eit lite stykke inn i band 6.

For fullføring av Norsk Ordbok etter noverande arbeidsmal må prosjektet tilførast ca 275 årsverk, fordelt over eit visst tal år. Dersom noverande bemanning blir halden oppe, og progresjonen går som no, kjem Norsk Ordbok i mål omkring år 2060. Det er med ein årleg innsats på $8 \times 2/3 = 5 \frac{1}{3}$ årsverk.

Dersom ein set sluttår til 2025 (som i den førre søknaden vår) må den årlege innsatsen i redigering av Norsk Ordbok aukast til i snitt $336 : 26 =$ litt under 13 årsverk (i røynda ville det vel bli mindre dei første fem åra og meir dei siste 20).

Dersom ein set sluttår til 2014, dvs om 15 år, blir reknestykket slik: $36 : 15 = 2,4$ årsverk i snitt. I tillegg kjem 1 årsverk pr. år til administrasjon og leining av det heile.

Proporsjonering

Men her er det teke mekanisk utgangspunkt i antal band; vi har altså sett heilt bort frå framdrifta i alfabetet, behovet for ei effektivisering i redigeringa, nedkorting av artikkellengda osv. Det har lenge vore klart, gjennom jamføring med andre nynorske ordbøker, at vi ikkje har proporsjonert ordartiklane godt nok; vi har nytta for mye plass og kjem derfor for kort i alfabetet pr. band. Derfor har da også målsetjinga for verket endra seg over tid, frå eit par band, som var målsetjinga i starten, til tre-fire, til ni-ti, som det heitte seg kring 1970, og til slutt til tolv, som vi no har gjort formelt vedtak om. Dette vedtaket er gjort på bakgrunn av at redigeringa på 80- og 90-talet peikar mot 16 band eller meir.

For å kunne realisere dette vedtaket, må vi proporsjonere resten av verket slik at vi kan styre framdrifta gjennom alfabetet betre. Vi må få eit oversyn over oppslagsorda framover, og mengda av stoff (først og fremst setlar i arkivet) på kvart oppslagsord. Dette er problematisk m.a. fordi det er mange feil og inkonsekvensar i normeringa av oppslagsformer i arkivet.

Dette er beskrive i delprosjekt 2 i den førre søknaden vår. No har vi på grunn av digitaliseringa av setelmaterialet fått eit grovoversyn over det som står att. Setelarkivet inneheld til saman ca. 525000 oppslagsord (mot Nynorskordboka drygt 90000). Dei fordeler seg slik det går fram av denne tabellen, der vi har delt opp i tolv bolkar som kvar tilsvarer ein tolvtedel av Nynorskordboka:

<u>Bolk</u>	<u>Total mengd ord</u>	<u>Sjeldne ord</u>
1 a - breiindeks	41937	25341
2 breimed - etse	42092	25559
3 etsel - gatehjørne	46169	27040
4 gatejarn - hydra	51789	30826
5 hydrant - kombattant	42250	25312
6 kombattant - maktelite	49718	29548
7 makteslaus - optativ	48710	28902
8 optere - rituell	37237	22344
9 ritus - slepp	50033	29661
10 sleppe - tambur	53609	31638
11 tamburere - uoppmoda	39865	23403
12 uoppnåeleg - åvokster	41425	24158

Dei sjeldne orda, som berre har eitt belegg i arkivet, vil det bli aktuelt å halde utanfor ordboka i stor monn, om enn etter individuelt skjønn. Ein ser at det er stor skilnad på seteltilfanget i kvar del, og den faktiske inndelinga av ordboka vil sjølvsagt bli justert etter det og såleis ikkje identisk med Nynorskordboka. Men ein grundig gjennomgang og opprydding i ymse normeringsproblem er nødvendig for å leggje til rette for redigeringa, og likeins for å leggje til rette for den "metaordboka" vi òg beskreib i den førre søknaden, og som vi kjem attende til nedanfor.

Naudsynte strakstiltak

Skal ein komme i gang med ei tilstrekkeleg snøgg nyredigering med ein stab av nye medarbeidarar, må det først gjennomførast nokre førebuande tiltak på svært kort sikt. Den førre søknaden vår la opp til dette, og vi byggjer derfor på denne her, men utvidar han i samsvar med dei nye signala vi meiner å ha oppfatta om ei sterkare forsering av redigeringa. Vi tenkjer på to tiltak.

1) Utarbeiding av redigeringshandbok

Dette er lagt inn i delprosjekt 1 i den førre søknaden, og der er det berekna at det skal kunne utførast i løpet av år 2000. Ei slik handbok må vere på plass

for å kunne lære opp nye redaktørar så raskt og effektivt som råd, og for å sikre konsistens i redigeringa av resten av verket.

2) Norsk metaordbok

Med dette meiner vi ei samankopling i elektronisk format av alle dei leksikografiske ressursane vi har om det nynorske ordtilfanget med ein felles inngang, dvs. ei fast normert oppslagsform av kvart ord. Det er dette prosjektet som gjer ei ekstraløyving på kort sikt nødvendig: seteltilfanget må gjennomgåast og "oppnormerast", dvs. at oppslagsforma må fastsetjast i alle tvilsame tilfelle. Vi har for tida ein konsulent i arbeid på ein femmånaders kontrakt for å prøve ut ei slik oppnormering på bokstaven I. Det er viktig at han får høve til å halde fram ut over dei fem månadene. Vi reknar pr. i dag med at det for å komme igjennom heile (resten av) alfabetet vil trengast tre konsulentstillingar over to år, altså seks årsverk. Den grunnbearbeidinga, proporsjoneringa og struktureringa desse kan gjere, vil vere ein viktig føresetnad for at den vidare redigeringa kan skje på ein meir effektiv og planmessig måte enn hittil.

Frå 2002 vil ein da kunne gå inn for fullt med redigering etter at dette nødvendige førebuingarbeidet er gjort, nye redaktørar rekrutterte og grunnopplæring gitt. Truleg vil ein da satse på å la denne nye redigeringsmåten begynne på I, mens H blir redigert ferdig av den noverande staben etter dei redigeringsprinsippa som har golde til no.

Det seier seg sjølv at sjølv omleggingsfasen blir den vanskelegaste, som kjem til å krevje størst innsats og sjølv sagt mye omtanke. Får vi den nye strukturen og redigeringsmåten til å fungere bra etter eit år eller to, vil vi ha reelle sjansar til å oppfylle målsetjinga.

Konklusjon

Vi vil ikkje leggje skjul på at det å rekruttere så mange kvalifiserte personar som vi her antydar til arbeid i ordboka på så kort tid, i seg sjølv vil by på store problem, men ei markert og synleg opp-prioritering av dette prosjektet vil vonleg føre med seg ei statusheving som i seg sjølv kan verke styrkjande på rekrutteringa. Ut frå det ovanstående vil vi vere så frie å søkje om dette i tillegg til det vi alt har søkt om:

Til vidare oppnormering og proporsjonering av ordboka:

- 3 vit.ass.-stillingar i 2000
- 3 vit.ass.-stillingar i 2001

Frå 2001 vil vi trenge 15 redaktørstillingar, i tillegg til dei vi har no.

For Norsk Ordbok

Lars S. Vikør
hovudredaktør

KOPI



Norsk språkråd
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Trondheimsv. 15
Boks 4672 Sofienberg
N-0506 OSLO
Telefon 22 68 76 00
Telefaks 22 68 75 02
Postgiro 0809 5087028
Bankgiro 8101.07.00159
Org.nr. 935 305 314 MVA

Dykkar ref: 20000038-3 BH/bp
Vår ref.: 16B.1 KL/AH
Oslo, 31. januar 2000

PROSJEKTET FOR PÅSKUNDING AV NORSK ORDBOK

Vedlagt sender vi siste versjon av budsjettframlegg for 2001 og årsrapport for 1999. Vi melder med dette frå om at vi med det første vil be departementet om eit møte der vi drøftar arbeidet med å sikre at verket blir utgjeve komplett seinast i 2014.

Med venleg helsing
DET NORSKE SAMLAGET

Arve Thorvik
formann (sign)

Audun Heskestad
forlagssjef

PROSJEKTET FOR PÅSKUNDING AV NORSK ORDBOK
BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2001

Mål for verksemda

Overordna mål for prosjektet i 2001 og dei næraste åra

Målet for prosjektet er å skunde på utgjevinga av Norsk Ordbok. Det er vanskeleg å skilje ut resultatata av påskundingsprosjektet frå arbeidet med ordboka meir allment. I samsvar med målformuleringa i St.meld. 22 1999-2000 kap. 8.3.6 tek vi sikte på utvikle tiltak som kan gjere det mogleg å fullføre ordboka i 2014.

Resultatmål innafor vedteken budsjettamme for 2001

Resultatmåla ligg på fleire plan. *Før det første hefteutgjeving:* Vi tek sikte på å få gjeve ut hefte 4 av band 4 i 2001, så tidleg på året som råd. Planen er vidare at hefte 5 kan kome ut eit års tid etterpå, altså i 2002, og at band 4 såleis kan liggje ferdig da. *For det andre metaordboksprosjektet* (delprosjekt 2 i fjorårets søknad): Ekstraløyvinga for 2000 skal brukast til å lønne ein medarbeidar på dette prosjektet, og vi tek sikte til å nå til byrjinga av N i dette året (frå sekvensen Kv-), og gå vidare derfrå i 2001.

Resultatmål som krev budsjettauke

Som skrive i tidlegare søknader, er det etter band 4 like før generasjonsskiftet i redaksjonen, og vi må rekne med ein omstillingsfase der det går tregare — særleg om det trekkjer ut med det såkalla "metaordboksprosjektet" (sjå søknad av 28.1.99 og 25.6.99), og med rekruttering og opplæring av nye redaktørar.

Det er sett fram ønske om ein fastare tidsplan som ramme for resten av utgjevinga, i St.meld. 22 1999-2000 presisert til 2014. Vi har i begge søknadene frå 1999 freista å imøtekomme dette ved å gi ei beskriving av dei tiltaka som eit slikt mål vil gjere nødvendige, både frå vår side og frå departementet si. Vi vil følgje opp det no ved å søkje om ekstraløyvingar til tre "delprosjekt": 1) å arbeide ut og prøve ut eit redigeringsformat i samsvar med det reviderte regelsettet vi håpar å ha utarbeidd til haustsemesteret 2000. 2) å føre vidare "metaordboksprosjektet" med større intensitet. 3) å rekruttere nye redaktørar ved å opne opp for mellombels stillingar som kan vere med på å "sluse" dei inn i ordboka før dei faste stillingane blir ledige, og setje i gang eit opplæringsprogram for dei.

Ved starten av 2001, dvs. som vedlegg til den løyvingssøknaden vi da kjem til å sende, vonar vi å ha klar ein prosjektplan for den gjenstående delen av arbeidet på ordboka, med sikte på 2014 som fullføringsår. Da vil vi gjere meir handfast greie for korleis vi i praksis kan arbeide for å realisere dette målet og kva ressursar vi reint konkret vil krevje. Alt no vil vi presisere at det med den korte tidsfristen og dei store stoffmengdene som skal bearbeidast, ikkje kan bli mindre enn vi antyda i søknaden av 28.6.99, dvs. 23 årsverk pr. år til redigering (4 av desse er i dag universitetsfinansierte), pluss om lag 5 årsverk til administrasjon og IKT-medarbeidarar. Svært grovt rekna blir det oppimot 15 millionar 2000-NOK i snitt pr. år frå 2002 eller 2003, pluss teknisk utstyr, driftsutgifter, slingeringsmonn for lønnsopprykk o.l. Totalloyvinga bør dermed liggje på nivået 20 millionar pr. år. Ei nøyaktigare og betre dokumentert utrekning følgjer med neste års søknad.

Delprosjekt 1

Løyvinga for 2000 gav ikkje rom for Delprosjekt 1, nemleg frikjøp av professor Lars S. Vikør med tanke på ei utgreiing om redigeringsmåten og ei utarbeiding av ei redigeringshandbok. Dette blir likevel realisert på Universitetet sin kostnad ved at Vikør får forskingsfri til å utføre prosjektet. Men, som vi skreiv i fjor, er det ønskeleg at han får ein IT-kunnig assistent (programmarar) på amanuensisnivå i halv stilling med tanke på utvikling og tilpassing av databasen og av eit redigeringsformat. Dette bør han eigentleg ha frå hausten 2000, etter at redigeringsreglane er gjennomgått reint fagleg, men sidan det er avgrensa rom for det, legg vi inn søknad om ei slik stilling for første halvår 2001 i denne søknaden.

Vi reknar med at dette vil koste om lag kr 160.000 til saman i lønsutgifter, og søkjer derfor om denne summen i budsjettframlegget for 2001.

Delprosjekt 2

Vi viser til omtalen av dette prosjektet i 1999-søknaden. Det kom i gang i år ved at vi sjølve har finansiert vit.ass. Terje Svardal til å byrje på bokstaven I. Vi reknar, som vi sa i søknaden datert 25.6.99, med at heile arbeidet vil ta seks årsverk, og for å få fullført det i løpet av 2001 og dermed kome i gang med omstillinga av redigeringa. sokjer vi for 2001 om to vit.ass.-stillingar i tillegg til den vi alt har.

Vi reknar med at dei tre vitenskaplege assistentane vil koste om lag kr 750.000 til saman i lønsutgifter, og søker derfor om denne summen i budsjettframlegget for 2001.

Delprosjekt 3

Vi ventar at eit nytt redigeringsopplegg skal vere klart innan midten av 2001, og bør da ha ei gruppe på nye redaktørar som kan setjast i gang med opplæring. Dei bør tilsetjast som vit.ass. for to år, men med utsikt til tilbod om fast stilling for resten av prosjektet si levetid om dei viser seg skikka. Vi søker derfor om fem slike stillingar i første omgang (frå hausten 2001. seinast nyttår 2002), som ei prøvekjøring av opplegget. Det vil bli snakk om ein monaleg auke etter stutt tid, men det kjem vi attende til.

Vi reknar med om lag kr 625.000 i lønsutgifter på dei fem redaktørkandidatane, og søker derfor om denne summen i budsjettframlegget for 2001.

Prosjektleiing

Ønskemålet om ferdiggjering av Norsk Ordbok innan 2014 kjem til å krevje ein ekspansjon som ikkje er mogleg utan store omleggingar og omstillingar. Dette kjem vi tilbake til nedafor, men det blir snakk om, som vi alt skreiv i søknaden av 28.6.99, ein auke på femten redaktørstillingar i tillegg til dei vi har no. Denne omstillinga vil krevje ei ny organisering, som må drøftast med Universitetet i Oslo. Den må ta utgangspunkt i at UiO held ved like eit sterkt nynorsk ordboksfagleg miljø, minst så sterkt som i dag, og den faglege leiinga av Norsk Ordbok må framleis liggje her. Men i organiseringa elles må det tenkjast i heilt nye modellar. Det kan t.d. bli tale om å innleie eit samarbeid med andre universitet og høgskolar i ulike delar av landet om å organisere ein desentralisert redaksjon med mindre redaktørgrupper ved dei norskfaglege miljøa der.

Ei slik omlegging er umogleg utan ei langt sterkare fagleg og særleg administrativ leiing enn det vi har hatt til no. Første fase av denne prosessen er den vi er i ferd med å innleie i 1999/2000, nemleg metaordboksprosjektet og utarbeiding av ei redigeringshandbok og eit opplæringsopplegg for redaktørar. Andre fase er opplæring som skissert ovafor av ei mindre gruppe nye redaktørar, med den revideringa av opplegget som røynslene av det måtte tilseie. Deretter vil vi snøggast mogleg få tilsett så mange som mogleg av det talet på redaktørar vi har berekna at vi treng. Men vi meiner at ei administrativ og organisatorisk prosjektleiing må på plass før vi kan ta til med dette for alvor, sidan det vil bli stilt så uvanleg store krav til samordning av dette arbeidet. Dagens leiarskap er tilsett på strengt faglege kriterium, og vil ha ei fulltids oppgåve med å ta seg av det aspektet. Derfor legg vi alt i denne søknaden inn midlar til ei prosjektleiarstilling på førsteamanuensnivå, i von om at ein person kan tilsetjast alt tidleg i 2001. Det vil få mykje å seie for styringa av prosjektet.

Vi reknar med kr 320.000 i lønsutgifter for prosjektleiaren, og søker derfor om denne summen i budsjettframlegget for 2001.

I tillegg kjem pensjon, arbeidsgjevaravgift, og overhead på til saman om lag kr 730.000 for alle delprosjekta, og vi tillèt oss òg å søkje om kr 300.000 til reiser, datautstyr og andre praktiske behov.

Budsjettframlegg med talbudsjett

Dei resultatmåla for 2001 som vi i hovudsak reknar med å kunne nå med midlar som svarar til ramma for 2000, er skissert under *Resultatmål innafor vedteken budsjettamme for 2001* ovafor.

Vi må dessverre også her gjere merksam på det underskotet som lønsopprykket i 1997 førte til, og som av rekneskapstekniske og andre grunnar ikkje er blitt retta opp enno, sjå følgeskrivet til årsrapporten. Vi har lagt inn ein kompensasjon for dette i søknaden med tanke på å få dette underskotet ut av verda, i tillegg til at vi nyttar frikjøpspengane for Oddrun Grønvik frå ALLEX-prosjektet til dette. Elles skal vi med den ordinære løyvinga kunne dekkje dei noverande lønsutgiftene. Etter mønster frå skipnaden ved NFR-finansierte prosjekt – der dette er ei fast ordning – legg vi inn ein post for å fange opp eventuelle uventa lønskostnader (2,5 %). Det har ikkje vore gjort før for Norsk Ordbok, og det er den viktigaste årsaka til at dette underskotet oppstod, i alle høve at det vart så stort. Vi ønskjer å halde fram med å løne to redaktørar, ein sekretær og ein medarbeidar på metaordboksprosjektet.

Når det gjeld nye tiltak, som er naudsynte om vi skal kunne bli i stand til å oppfylle det svært ærgjerrige målet i St.meld. 22 1999-2000, viser vi til framlegga ovafor under "Resultatmål som krev budsjettauke", og dei kostnadsrammene som er antyda der.

Arbeidet i 2001-2002 vil gå som skissert ovafor, under føresetnad av tilstrekkelege løyvingar.

Til saman blir det søkt om kr 4.228.000 til prosjektet for 2001.

Vi legg ved spesifikasjonar på dykkar tabellar, og legg òg ved eit tabelloversyn utarbeidd ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, slik vi har gjort tidlegare.

sanseinntrykk) tydeleg, klår (NLandM, Modum, Andebu, Set, AurlandM, StrynM, NorddalM; OTM; SS 1926, 125; Krohn 402; R.NB IV, 16; Hovd. Fly 7; Ves. GB 14): *eg såg det så grant* (A) / **når du Guds kjærleik grant vil sjå* (BlixNS⁵ 698) / ord: *han skal høyra grant, som vil segja sant* (A. Ordspr 66) / **tå Bibla du tållå, æg høyre soe grandt* (TrlGTekst 115) / *me minnst inkje grant* (A. III, 150) // saman med nærtidig ord: *grant og gløgt* (A. II, 215) / **grant og greidt* (Blix i NSalm 265, 6) / **grant og klårt* (A. I, 143). 6) gjerug, knipen (Land1806). 7) staseleg, drusteleg (sumstA¹).

granna v-a [R; til II *grann*]. 1) smalna (mot ein ende) (SparbuBras.): *det grannar av / granna til endes / granna åt toppen*. 2) ta det nøye, vera grann (II, 5a) (ØreR, TingvollR; LieSS 105): *granna maten* vera nøyen på maten (R). **grannast** v-ast [C.A.]. 1) verta grannare (A sj; SparbuBras.). 2) slanka seg (StrynM).

grann-arve m [til II *grann*] bot., (fleirårig fjellplante, 3-10 cm, med kvite blomster av) art i nellikfamilien; *Minuartia stricta* (J. LidNF² 270). -**banda** adj finmoska (ØGausdalM, Uvdal ModéerNoOrd 46): *dei hadde altfor grannbanda garn* (ØGausdalM). -**bein** n [R] skjenebein, skovlung (MalmM, HelgR). -**beint** adj grannføtt (SparbuBras.; FløttumKM 18): *dei er like grannbeinte bœ two* (H. Ryt. Sh II, 172). -**bygd** adj sped, tunn (SeljeM; Prøys. X, 49; Bjørn. D IX, 147): **ein grannbygd engel står og ventar trutt* (FramDikt 440).

I granne m [Ri1698 *granner*, Fyresdall1698, Rbg1698 17 *grandin*, *grannin*, Stav1698, Vstrål-1698 *grande*, VTel1743, L 287 *grainna*, Nhl1750 *grande*, G *grainne*, Hard1775 *granna*, *grønnum*, Ws, W, H og *grande*, Land1806 *grainne*, Rollag NoOrds1810-12, VTel1821 *grannii*, C og *gradne*, *granna*, FayeD1840 u *nabo*, GjerstadAas *grande*, VigOrdl u *nabo*, A; målf og *gradne* (Ryf og HI sumst), *grande* (Hjartdal, Tinn); pl *graner* (TuneHoff), *gren* (n) *'nær* (YSandsvær, Nøtterøy, Vestf TinnSkul. 693), *græn'na* (r) (ØvATel), *grennar* (EidsbergSandem, Seljord, Kviteseid; Skarpr. NH 41), *græn'da* (r) (Hjartdal, Tinn), *grendar* (Loup. Tel 73 og 226); bf pl og sumst *gra'an*, *gra'(e)n*; gno *granni* av **ga-raznan* til *rann* 'stort hus', dvs 'ein som bur i same hus el tun'. 1) a) menneske i høve til den (el dei) som det bur attmed el i nærleiken av; *nabo: dei er gode grannar / farvel granne! Å hels Gamle-Eirik når du kjem fram* (Flat.S 601) / *me* (tussane) æ *grennar*, å *me gjæter ihop mæ dikkåns krætur* (Be.NS 116) / ord: *det er tvo grannar, den eine byg og den andre sannar / granne kjenner granne best* (A. Ordspr 49) / *du har ikkje fred lenger enn grannen .. vil* (Du. Sa 169; jfr Håløvgm 1945, 68) / *ein god skigard er ein god granne* (jfr gno *garðr er grannasættir*) // sj. sidemann (i rekkje el ring): *kvar kviskrar til grannen på den eine sida el til grannen på lu sida, kva han skal bruka det til* (Støvl. NBL 89) // *bygd* (elag), folk, land som er nær, ligg inntil: *Sverige er grannen vår i aust* / **kvart bygdarlag .. lastar grannen det meste* (Vi. SkrS V, 299) // litt.

og bil., sj: *Liarustbekken har ein granne, au, ein dei kallar Jordesbekken* (Kl.IH 68). **b**) rel, neste (Luk 10, 36; NynVek 1936): *du skal ikkje vitna rangt imot grannen din* (2. Mos 20, 16; Bib1978: *mot nesten din*) / (han) *skjemmer* (ikkje) *kona åt grannen sin* (Ez 18, 6) / *kvar av oss vere grannen sin til hugnad* (RomSe. 15, 2; Bib: *næsten sin*). 2) mann el lyd som bur på ein gard; oppsitjar (HelgA; NFL90Hall 93): *der er berre ein granne på garden der bur berre ein mann el ein lyd* (A).

II granne m [til II *grand*] verk, kaun (Gbr R.-Kj. VGT II, 143 og 164).

III grann(e) f [til I *granne*] i samb *gå i granna* gå gardemellom, i grannelaget (NFL72Beiarn 157).

granne- i sms [mest til I *granne*; målf ofte *grann-*; målf og ofte *gradna-*, *granna-*, *grand-* (Vestl)] som gjeld el høyrer til ein granne (I, 1); som ligg attmed el ved sida av; nærmaste, tilgrensande, omliggjande; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d *granneby*, -*celle*, -*dal*, -*distrikt*, -*dreng*, -*eigedom*, -*elsk*, -*fjøs*, -*fylke*, -*gate*, -*gjerde*, -*gjævi*, -*god*, -*greivskap*, -*grend*, -*hall*, -*herad*, -*hus*, -*kommune*, -*kontroll*, -*krins*, -*kultus*, -*kvadrant*, -*kveru*, -*landsby*, -*landsk*, -*led*, -*motsetnad*, -*ovring*, -*pelotong*, -*prat*, -*provins*, -*rekkje*, -*seng*, -*skyss-skaftar*, -*stove*, -*støl*, -*sveit*, -*sæter*, -*teig*, -*tre*, -*tropp*, -*ufred*, -*unge*, -*vinkel*.

granne-agg m grannegræ (SeljeM). -**barn** n barn som er grannar (LøI. Bl 67; Kl. LS 279; Du. MM 87): *som grannebân me låg* (Schneid. Hanson 44). -**beine** f (m) grannehjelp (ØvHall, Skjold, Vats, ISo, SeljeM). -**beite** n beite (IX, 2) som høyrer grannen til (Valdres 1980). -**blad** n blad (1) som sit attmed anna blad (Svenn. Pl 22). -**bror** m granne (I, 1) (SS 1940, 143). -**bruk** n bruk (I, 5) attmed anna bruk (SeljeM). -**byding** f det å beda til seg grannar (jfr *lag I*) (Be. VR II, 652). -**bygd** f [A² *grann-*]: *ei mils veg frå grannebygd* (Kl. IH 65); hertil *grannebygd* (elag). -**byte** n [C, A u *-skifte*]. 1) det at ein byter granne (jfr *byta* 2) el får ny granne (A; ShIV). 2) byte (9) mellom grannegardar (SeljeM). 3) byearbeid mellom grannar (SeljeM): *eg hjelper deg og du meg, såleis gjer vi grannebyte*. 4) det at sume grannar byter koner for ei viss tid (C). -**båt** m kameratbåt (BlixDikt 18). -**dotter** f dotter åt ein granne (Lauvd I, 35). -**drap** n drap på granne el i grannelag (Snmp 1988): *grannedrap for retten*. -**dugnad** m dugnad (1a): *arbeidspliktene skulde ha sitt opphav i grannedugnaden* (HasundNB 182). -**eld** m ord: *det er ring kone som må låna granneeld* (I, 1a) hjå granne el på grannegard (SeljeM). -**fest** m grannelag (3) (Strilen 1983): *stølshelga .. har vori ein grannefest* (Solh. Sr 542). -**folk** n [A *grann-*] jfr I *granne la* (A; SolørHoff, ØvHall, ShI, RørosM, VegaM; Krohn 428; Fedrah 1878): **d'er berre våre grannfolk, som hava lov til slikt* (A. I, 96) / *i kver bygd er der segner om slagsmål og grensestrider millom slike grannafolk* (Vi. Blk 204); hertil *grannefolk* (elag). -**folke/mål** n mål, språk hjå grannefolk (A. III, 169 *grannfolkemål*). -**fred** m [A²] fredelag samhøve mellom

Norsk Ordbok. Ein bibliografi

A. Faglege omtaler

- Almenningen, Olaf 1995a: Frå «flusker» til «gigla». *Klassekampen* 18.2.
- Almenningen, Olaf 1995b: «Flusken» har fått avløyning. *Gula Tidend* 20.2.
- Almenningen, Olaf 1995c: Norsk Ordbok med nytt band. *Kjelda* nr. 2, s. 26
- Bergenholtz, Henning 1996: [Melding av band 3.] *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, s. 75–84
- Bergenholtz, Henning 1998: [Melding av *Norsk Ordbok – nynorskens leksikografiske kanon? Rapport frå eit seminar på Blindern 31.5.1996.*] *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, s. 289–290
- Berulfsen, Bjarne 1950: Folkemål og skriftmål. [Melding av band 1, hefte 1.] *Morgenbladet* 18.11.
- Bjørkum, Andreas 1995: Norsk Ordbok band III (1994). *Vestmannen* nr. 5, 20.6.
- Bondevik, Jarle 1997: [Melding av band 3.] *Maal og Minne*, s. 111–119
- Brattegard, Olav 1951: [Melding av band 1, hefte 1.] *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* 35, s. 62–64
- Bø, Reidar 1989: Arbeidet med Norsk Ordbok. I: O. Almenningen og O. Grønvik (red.): *Ord og mål. Festskrift til Magne Rommetveit*, s. 80–94
- Bø, Reidar og Arnbjørg Hageberg 1990: Om normering i Norsk Ordbok. Eit svar til Oddvar Nes. *Maal og Minne* s. 79–84
- Dalen, Arnold 1997: Målføreopplysningane i Norsk Ordbok. I: Vikør, Lars S. (red.) 1997a, s. 73–75
- Djupedal, Reidar 1951: Norsk Ordbok. *Nordfjord Folkeblad* 7.3.
- Eidnes, Asbjørn 1995: [Melding av band 3 og Brukarrettleiing] *Håløygminne*, s. 375
- Fjeld, Ruth Vatvedt 1997: Definisjoner og betydningsinndeling i Norsk Ordbok belyst ved adjektivet *fri*. I: Vikør, Lars S. (red.) 1997a, s. 76–82
- [Forskningsnytt] 1968: Norsk Ordbok skrider fram. *Forskningsnytt*, s. 40–42
- Grønvik, Oddrun 1991: Rapport om Norsk Ordbok. I: *Lexikonord. Leksikografi i Norden*. Nordisk språksekretariats rapporter 14, s. 36–43
- Grønvik, Oddrun 1997: Om kjeldegrunnlaget for Norsk Ordbok. I: Vikør, Lars S. (red.) 1997a, s. 23–37
- Gundersen, Dag 1967: [Melding av band 1] *Maal og Minne*, s. 147–152
- Gundersen, Dag 1995: Norsk Ordbok. *Språknytt* nr. 3, s. 8–9

- Hageberg, Arnbjørg 1992a: Norsk Ordbok – i 1950 eit nybrottsverk, i 1991 ein anakronisme? I: R.V. Fjeld (red.): *Nordiske studier i leksikografi*, s. 235–243
- Hageberg, Arnbjørg 1992b: Norsk Ordbok – i 1950 eit nybrottsverk, i dag ein anakronisme? *Syn og Segn*, s. 263–270
- Hellevik, Alf 1956: På skattegraving i vårt eige mål. *Syn og Segn* s. 337–352 [også særprent]
- Hellevik, Alf 1958: Norsk Ordbok – eit nasjonalt storverk. *Forskningsnytt* s. 3–7
- Hellevik, Alf 1964: Meir om språkbruk og ordbøker. *Syn og Segn* s. 169–174
- Hellevik, Alf 1968: Ords-kattar. I: B. Birkeland o.a. (red.): *Det Norske Samlaget 1868–1968*, s. 201–214
- Hødnebo, Finn 1967a: Norsk Ordbok. [Melding av band 1.] *Aftenposten* (kveld) 25.2.
- Hødnebo, Finn 1967b: Norsk Ordbok. *Språklig Samling* nr. 1, s. 1 og 6–7
- Iversen, Ragnvald 1952: [Melding av band 1, hefte 1.] *Arkiv för nordisk filologi* 67, s. 131–142
- Jonsmoen, Ola 1998: Glams, godstog og andre godord på G. *Østlendingen* 3.10.
- Knudsen, Trygve 1954: [Melding av band 1, hefte 1.] *Humaniora Norvegica* [1] (1950), s. 107–108
- Loman, Bengt 1964: [Melding av band 1, hefte 2–5.] *Arkiv för nordisk filologi* 79, s. 309–310
- Matras, Christian 1951: [Melding av band 1, hefte 1.] *Útiseti. Árbok Føroyingafelags* 6, s. 130–131
- Nes, Oddvar 1966: Norsk Ordbok – eit nasjonalverk. [Melding av band 1.] *Bergens Tidende* 27.–28.12. [også særprent]
- Nes, Oddvar 1988: Om normering i Norsk Ordbok. *Maal og Minne*, s. 129–143
- Nes, Oddvar 1997: [Melding av band 3, band 4, hefte 1 og Brukarrettleiing.] *Namn og Nemne* 14, s. 116–120
- Ore, Christian-Emil 1996: Korpus og seddelarkiv, fredelig sameksistens mellom det beste og det gode? I: Asta Svavarsdóttir o.a. (red.): *Nordiske studier i leksikografi* 3, s. 331–337
- Ore, Christian-Emil 1997: Norsk Ordbok, leksikalske databaser og elektronisk publisering. I: Vikør, Lars S. (red.) 1997a, s. 61–72
- Pedersen, Britt-Marie 1984: Uppspårande och excerpering av hittills outnyttjat material för Norsk Ordbok. *Motskrift* nr. 2, s. 21–24
- Pedersen, Gunnar 1984: Om arbeidet med Norsk Ordbok. *Motskrift* nr. 2, s. 16–20
- Pedersen, Karen Margrethe 1998: Norsk Ordbok. En anmeldelse. *Danske Folkemål* 40, s. 105–114 [også særprent]

- Reinhammar, Maj 1997: [Melding av band 3 og Brukarrettleiing.]
Svenska landsmål 1996, s. 204–208
- Rindal, Magnus 1996: Norsk Ordbok – ein arv etter Ivar Aasen.
Aftenposten 15.12.
- Seip, Didrik Arup 1950: [Melding av band 1, hefte 1.] *Verdens Gang*
18.11.
- Skard, Sigmund 1932a: *Norsk Ordbok. Historie – plan – arbeidsskipnad.*
Det Norske Samlaget
- Skard, Sigmund 1932b: *Norsk Ordbok. Årsmelding 1. 1930–32.* Det
Norske Samlaget
- Skei, Hans H. 1996: Ei storhending i norsk ordboksarbeid: Band III av
Norsk Ordbok. *Nordisk Tidsskrift* nr. 1, s. 56–57
- Sommerfelt, Alf 1950: En ny vitenskapelig ordbok. [Melding av band 1,
hefte 1.] *Aftenposten* 18.11.
- Stemshaug, Ola 1995: Norsk Ordbok – eit vitskapleg nasjonalverk. *Mål og
Makt*, nr. 4, s. 40–50
- Teigum, Ivar 1995: Fløyma, flømme, flomme osv. *Vårt Land* 14.8.
- Tveitane, Mattias 1964: Språkbruk, ord og ordbøker. *Syn og Segn*, s. 162–
168
- Tylden, Per 1951: [Melding av band 1, hefte 1.] *Syn og Segn* 57, s. 265–
270
- Vannebo, Kjell Ivar 1997: Grammatiske opplysninger i Norsk Ordbok. I:
Vikør, Lars S. (red.) 1997a, s. 83–85
- Veka, Olav 1997: Norsk Ordbok som ressurs i skulen. I: Vikør, Lars S.
(red.) 1997a, s. 86–88
- Venås, Kjell 1989: Kva ventar ein seg av Norsk Ordbok? I: O.
Almenningen og O. Grønvik (red.): *Ord og mål. Festskrift til Magne
Rommetveit*, s. 153–166
- Venås, Kjell 1995: Det går framover med «Norsk Ordbok». *Dag og Tid*
31.8.
- Vikør, Lars S. 1995a: Ein ny milestolpe for Norsk Ordbok. *Norsk Tidend*
nr. 1, s. 12–13
- Vikør, Lars S. 1995b: Problem kring ordutvalet i Norsk Ordbok. I: Ásta
Svavarsdóttir o.a. (red.): *Nordiske studier i leksikografi* 3, s. 403–412
- Vikør, Lars S. 1996a: Ei ordbok som nasjonalmonument. *Norsklæraren*
nr. 2, s. 65–66
- Vikør, Lars S. 1996b: Norsk Ordbok – the Crown of Nynorsk
Lexicography? I: M. Gellerstam o.a. (red.): *Euralex '96. Proceedings I–
II*, s. 705–713
- Vikør, Lars S. (red.) 1997a: *Norsk Ordbok – nynorskens leksikografiske
kanon? Rapport frå eit seminar på Blindern 31.5.1996.* Oslo
- Vikør, Lars S. 1997b: Innleiing. I: Vikør, Lars S. (red.) 1997a, s. 5–12

- Vikør, Lars S. 1997c: Kva kan Norsk Ordbok lære oss? I: Vikør, Lars S. (red.) 1997a, s. 38–60
- Vikør, Lars S. 1999: Fleirgenerasjonsordbøker og tida. I: Peter Slotte o.a. (red.): *Nordiska studier i lexikografi 4*, s. 395–405
- Vinje, Finn-Erik 1967: Norsk Ordbok. [Melding av band 1.] *Arbeiderbladet* 15.2.
- Worren, Dagfinn 1997: Norsk Ordbok sedd utanfrå og innanfrå, utanpå og inni – slik ein redaktør opplevde det. I: Vikør, Lars S. (red.) 1997a, s. 89–91
- Ørjasæter, Jo 1995: I Ivar Aasens store fotspor. *Nationen* 8.4.

B. Avisomtaler (intervju, omtaler og reportasjar)

- Hamre, Kari 1995: Eit nasjonalt skattkammer av ord. *Fjordabladet* 18.2.
- Hamre, Kari 1995: Eit skattkammer av ord. *Dag og Tid* 2.3.
- Harnes, Nils H. 1995: Ord etter ord. *Uniforum* 9.3.
- Larsen, IdaLou 1998: Fra «glam-full» til «gra-bekar». *Nationen* 5.9.
- Nilsen, Torill Eide 1995: 65 år, sju bokstaver. *VG* 1.4.
- Opedal, Hallgeir 1998: Fra glamfull til gljåtreleg. *Dagbladet* 23.5.
- Strand, Erik Richter 1998: Frå A til Å på 130 år. *Bergens Tidende* 6.9.
- Åsen, Arne 1996: Norsk Ordbok – ein språkmammut. *Bondebladet* 30.10.

Dokumentliste - Norsk Ordbok

Dokumentliste (brev, notat, stortingsdokument osv.)
som gjeld organiseringa av arbeidet med
Norsk Ordbok (Nynorsk ordboksverk)

	Årstal	Dokument
1	14.1.1963	Brev til Norges almenvitenskapelige forskningsråd og Kyrkje- og undervisningsdepartementet frå representantar for ordboksverka (Beito, Gundersen, Fjeld Halvorsen, Hellevik, Hødnebo, Knudsen, Seip) med oversyn over Det norske litterære ordboksverk, Gammelnorsk ordboksverk og Norsk Ordbok.
2	25.11.1963	P.M. om organisering av norske vitskaplege ordboksverk (frå A. Hellevik) til styremøte 28.11.1963 i Samlaget
3	14.5.1964	Alf Hellevik: Notat om norsk leksikografi og anna innsamlings- og granskingsarbeid som gjeld norsk mål (målføre og skriftmål) (på oppdrag frå Hans Vogt)
4	1966	Innstilling om språksaken fra Komitéen til å vurdere språksituasjonen m. v. Oppnevnt ved kgl. Resolusjon 31. januar 1964
5	1968-69	Stortingsmelding nr. 15 (1968-69). Om språksaka
6	1969-70	Innst. S. nr 189 (1969-70) Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om språksaken
7	19.5.1970	Tid. S. s. 2732-33 (Sak nr. 2 Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om språksaken) Utdrag frå statsråd Bondeviks innleiingsføredrag.
8	17.6.1970	Utkast til vedtekter for Norsk leksikografisk institutt
9	28.10.1970	Brev frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet
10	3.11.1970	Brev frå O. T. Beito, E. F. Halvorsen og E. Lundeby med vedlegg: budsjettframlegg for NLI
11	27.11.1970	Notat frå O. T. Beito, E. F. Halvorsen, E. Lundeby og L. Mæhle: Framlegg om skiping av eit leksikografisk institutt under Historisk-filosofisk fakultet
12	1971	Norsk leksikografisk institutt 1957 – 1971 (udatert og signert: laga av Dag Gundersen)
13	5.10.1971	Brev frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet
14	8.10.1971	Brev frå Universitetsdirektøren til Historisk-filosofisk fakultet
15	26.10.1971	Notat frå Universitetsdirektøren
16	1971	St. prp. 1 (1971/1972) for budsjetterminen 1972
17	1971	Budsjettinnst. S. nr 12 (1971-72) (St. prp. nr. 1)
18	1971-72	St. prp. nr. 161 Om tilleggsbevilgninger på statsbudsjettet for 1972 under Kirke- og undervisningsdepartementet
19	2.2.1972	Notat med vedtaksframlegg (signert TS/IH) frå Dekanus til Fakultetsrådet ved Historisk-filosofisk fakultet, Universitetet i Oslo. Dokumentliste vedlagt.
20	1984-85	Innst. S. nr. 132 - 1984-85
21	10.4.1987	Brev frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet til Det Norske Samlaget om Prosjekt Norsk Ordbok
22	25.6.1999	Søknad om ekstraløyving med tanke på snøggare fullføring av Norsk Ordbok, frå Prosjektet Norsk Ordbok til Kulturdepartementet
23	31.1.2000	Prosjektet Norsk Ordbok. Budsjettframlegg for 2001. Til Kulturdepartementet

[Frå fjerde omslagssida i NO-hefta]

NORSK ORDBOK

er grunnlagd av Det Norske Samlaget. Staten og Noregs forskingsråd har gjeve tilskot til utarbeiding og prenting.

I 1972 gjekk Norsk Ordboks samlingar og redaksjon inn i ei særskild Avdeling for nynorsk i det nyskipa Norsk leksikografisk institutt ved Universitetet i Oslo. Etter omorganiseringa av instituttstrukturen ved universitetet i 1990 vart Norsk leksikografisk institutt til Avdeling for leksikografi ved Institutt for nordstikk og litteraturvitskap - frå 1997 Seksjon for leksikografi og målføregransking. Instituttet, ved seksjonen, har teke på seg å føra arbeidet med ordarkivet vidare og utarbeida manuskript til Norsk Ordbok. Det Norske Samlaget held fram som utgjevar av ordboksverket.

Seksjon for leksikografi og målføregransking driv òg med andre ordbokstiltak attåt arbeidet med ordinnsamling. I 1986 vart såleis Bokmålsordboka og Nynorskordboka utgjevne i samarbeid med Norsk språkråd. Desse bøkene kom i ny utgåve i 1993, og seksjonen vil saman med Språkrådet syta for utarbeiding av seinare utgåver.

Norsk Ordbok blir utgjeven i hefte på 10 ark (160 sider, 320 spalter).

DET NORSKE SAMLAGET

ISBN

Printed in Norway

Gjøvik Trykkeri A.s., Gjøvik